



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 165 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Lov om våpen, skytevåpen, våpendelar  
og ammunisjon (våpenlova)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	7	4.3	Finland .....	17
1.1	Ei ny våpenlov .....	7	4.3.1	Vilkår for erverv .....	17
1.2	Krav til løyveplikt og forbod mot særskilte våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon .....	8	4.3.2	Forvaltning av og kontroll med tildelte våpenløyve .....	18
1.3	Grunnlag for erverv av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon .....	8	<b>5</b>	<b>Føremål og definisjonar</b> .....	19
1.4	Kven kan erverve eller ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon .....	8	5.1	Føremål .....	19
1.5	Krav til oppbevaring, transport, inn- eller utførsel .....	8	5.1.1	Gjeldande rett .....	19
1.6	Næringsverksemd, tilverking, merking og godkjenning .....	8	5.1.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	19
1.7	Kontroll med tildelte løyve .....	9	5.1.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	19
1.8	Forvaltning, våpenregister, straff og gebyr .....	9	5.1.4	Departementet sine merknader ...	19
1.9	Forskrift og overgangsreglar .....	9	5.2	Definisjonar .....	20
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovframlegget</b> ..	10	5.2.1	Gjeldande rett .....	20
2.1	Våpenlovutvalet .....	10	5.2	Internasjonale rammer .....	20
2.2	Høyringa .....	10	5.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	21
<b>3</b>	<b>Internasjonale rammer for våpenlovgevinga</b> .....	12	5.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	21
3.1	Innleiing .....	12	5.4.1	Departementet sine merknader ...	22
3.2	FN sitt regelverk .....	12	5.4.2	<b>Lova sitt saklege og stadlege verkeområde</b> .....	23
3.2.1	FN sin våpenprotokoll (resolusjon 55/255) .....	12	6	Sakleg verkeområde .....	23
3.2.2	FN sin avtale om våpenhandel (ATT) .....	12	6.1	Gjeldande rett .....	23
3.3	EU-regelverk .....	12	6.1.1	Internasjonale rammer .....	23
3.3.1	EU sitt våpendirektiv .....	12	6.1.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	23
3.3.2	EØS-avtalen .....	13	6.1.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	23
3.3.3	EU tenestedirektiv .....	13	6.1.4	Departementet sine merknader ...	23
3.3.4	EU direktiv om marknadsføring og kontroll med eksplosive varer til sivil bruk .....	13	6.1.5	Stadleg verkeområde .....	24
3.4	Bernkonvensjonen .....	14	6.2	Gjeldande rett .....	24
<b>4</b>	<b>Utanlandsk rett</b> .....	15	6.2.1	Internasjonale rammer .....	24
4.1	Sverige .....	15	6.2.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	24
4.1.1	Vilkår for erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....	15	6.2.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	24
4.1.2	Forvaltning og kontroll med tildelte våpenløyve .....	16	6.2.4	Departementet sine merknader ...	24
4.2	Danmark .....	16	6.2.5	<b>Kva våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som skal kunne ervervast</b> .....	26
4.2.1	Vilkår for erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....	16	<b>7</b>	Kva erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som krev løyve frå politiet .....	26
4.2.2	Forvaltning og kontroll med tildelte våpenløyve .....	17	7.1	Gjeldande rett .....	26
			7.1.1	Internasjonale rammer .....	26
			7.1.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	27
			7.1.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	27
			7.1.4	Departementet sine merknader ...	27
			7.1.5	Forbodne og tillatne våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....	28
			7.2	Gjeldande rett .....	28
			7.2.1	Internasjonale rammer .....	29
			7.2.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	30
			7.2.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	30
			7.2.4		

7.2.5	Departementet sine merknader .....	31	9.4.3	Departementet sine merknader ...	47
<b>8</b>	<b>Grunnlag for erverv av registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....</b>	<b>35</b>	<b>10</b>	<b>Om oppbevaring, utlån, transport og inn- og utføring av skytevåpen med videre .....</b>	<b>49</b>
8.1	Innleiing .....	35	10.1	Gjeldande rett .....	49
8.2	Internasjonale rammer .....	35	10.1.1	Gjeldande reglar for oppbevaring	49
8.3	Jakt som grunnlag for erverv og innehav av skytevåpen .....	35	10.1.2	Gjeldande reglar for utlån av skytevåpen .....	49
8.3.1	Gjeldande rett .....	35	10.1.3	Gjeldande reglar for transport og sending .....	49
8.3.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	35	10.1.4	Gjeldande reglar for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....	49
8.3.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	36	10.2	Internasjonale rammer .....	50
8.3.4	Departementet sine merknader ....	36	10.2.1	Oppbevaring og transport .....	50
8.4	Sportsskyting som ervervsgrunnlag .....	37	10.2.2	Utlån .....	50
8.4.1	Gjeldande rett .....	37	10.2.3	Inn- og utførsel .....	50
8.4.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	37	10.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	50
8.4.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	37	10.3.1	Oppbevaring og transport .....	50
8.4.4	Departementet sine merknader ....	37	10.3.2	Utlån .....	51
8.5	Våpensamling som ervervsgrunnlag .....	39	10.3.3	Inn- og utførsel .....	51
8.5.1	Gjeldande rett .....	39	10.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	51
8.5.2	Internasjonale rammer .....	39	10.4.1	Oppbevaring, transport og utlån ..	51
8.5.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	39	10.4.2	Inn- og utførsel .....	51
8.5.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	39	10.5	Departementet sine merknader ...	51
8.5.5	Departementet sine merknader ....	39	10.5.1	Oppbevaring og transport .....	51
8.6	Andre ervervsgrunnlag .....	40	10.5.2	Utlån .....	52
8.6.1	Gjeldande rett .....	40	10.5.3	Inn- og utførsel .....	52
8.6.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	40	<b>11</b>	<b>Næringsverksemd, merking, deaktivering og destruksjon ....</b>	<b>54</b>
8.6.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ....	40	11.1	Næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon .....	54
<b>9</b>	<b>Kven som kan erverve og ha skytevåpen, våpendeler og ammunisjon .....</b>	<b>42</b>	11.1.1	Gjeldande rett .....	54
9.1	Gjeldande rett .....	42	11.1.2	Internasjonale rammer .....	54
9.1.1	Krav til alder .....	42	11.1.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	54
9.1.2	Krav til personlege eigenskapar ..	42	11.1.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	55
9.1.3	Internasjonale rammer .....	42	11.1.5	Departementet sine merknader ...	55
9.2	Om kravet til alder .....	42	11.2	Merking av skytevåpen, våpendeler og ammunisjon .....	55
9.2.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	42	11.2.1	Gjeldande rett .....	55
9.2.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	43	11.2.2	Internasjonale rammer .....	55
9.2.3	Departementet sine merknader ....	43	11.2.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	56
9.3	Om kravet til personlege eigenskapar .....	43	11.2.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	56
9.3.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	43	11.2.5	Departementet sine merknader ...	56
9.3.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	44	11.3	Deaktivering og destruksjon av skytevåpen og våpendelar .....	56
9.3.3	Departementet sine merknader ....	45	11.3.1	Gjeldande rett .....	56
9.4	Nærare om kravet til dokumentasjon .....	46	11.3.2	Internasjonale rammer .....	56
9.4.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	46	11.3.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	56
9.4.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	46	11.3.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	57
			11.3.5	Departementet si vurdering .....	57

11.4	Godkjenning av skyttar- og våpensamleorganisasjonar .....	57	<b>13</b>	<b>Tilbakekall av våpenløyve .....</b>	67
11.4.1	Gjeldande rett .....	57	13.1	Gjeldande rett .....	67
11.4.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	57	13.2	Internasjonale rammer .....	67
11.4.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ...	57	13.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	67
11.5	Godkjenning av skytebanar .....	57	13.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	68
11.5.1	Gjeldande rett .....	57	13.5	Departementet sine merknader ...	68
11.5.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	57	13.6	Nærare om tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon .....	69
11.5.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ....	58	13.6.1	Gjeldande rett .....	69
<b>12</b>	<b>Om kontroll med tildelte våpenløyve .....</b>	59	13.6.2	Internasjonale rammer .....	69
12.1	Om tidsavgrensa løyve og krav til regelvisse eigenfråsegner .....	59	13.6.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	69
12.1.1	Gjeldande rett .....	59	13.6.4	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ....	69
12.1.2	Internasjonale rammer .....	59	<b>14</b>	<b>Om våpenforvaltning, straffebod med vidare .....</b>	70
12.1.3	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	59	14.1	Gjeldande rett .....	70
12.1.4	Høyringsinstansane sitt syn .....	59	14.1.1	Våpenforvaltning og våpenregister	70
12.1.5	Departementet si vurdering .....	60	14.1.2	Gebyr .....	70
12.2	Meldeplikt for helsepersonell og for jakt-, skyttar- og samlarorganisasjonar .....	60	14.1.3	Straff .....	70
12.2.1	Gjeldande rett .....	60	14.1.4	Tidsavgrensa våpenamnesti .....	70
12.2.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	61	14.2	Internasjonale rammer .....	70
12.2.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	61	14.2.1	FN sin våpenprotokoll .....	70
12.2.4	Departementet sine merknader ....	62	14.2.2	EU sitt våpendirektiv .....	71
12.3	Handsaming av skytevåpen i døds- og konkursbu .....	63	14.3	Våpenforvaltning .....	71
12.3.1	Gjeldande rett .....	63	14.3.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	71
12.3.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	63	14.3.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	71
12.3.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	64	14.3.3	Departementet sine merknader ...	72
12.3.4	Departementet sine merknader ....	64	14.4	Våpenregisteret .....	72
12.4	Nærare om politiet sin kontroll med oppbevaring, og tilgang til skyttar- og våpensamlarorganisasjonar sine medlemslister		14.4.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	72
12.4.1	Gjeldande rett .....	65	14.4.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	72
12.4.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	65	14.4.3	Departementet sine merknader ...	72
12.4.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	65	14.5	Gebyr .....	73
12.4.4	Departementet sine merknader ....	65	14.5.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	73
12.5	Nærare om politiet sin kontroll med personar som har skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon .....	65	14.5.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	73
12.5.1	Gjeldande rett .....	65	14.5.3	Departementet sine merknader ...	73
12.5.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	65	14.6	Straff .....	73
12.5.3	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ....	66	14.6.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	73
			14.6.2	Høyringsinstansane sitt syn .....	74
			14.6.3	Departementet sine merknader ...	74
			14.7	Våpenamnesti .....	75
			14.7.1	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	75
			14.7.2	Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader ...	75

<b>15</b>	<b>Forskrifter og overgangsreglar</b>	76	<b>17</b>	<b>Merknader til paragrafane i lovframlegget</b>	80
15.1	Forskrifter .....	76			
15.1.1	Gjeldande rett .....	76			
15.1.2	Våpenlovutvalet sitt framlegg .....	76		<b>Forslag til lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova)</b>	92
15.1.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	76			
15.1.4	Departementet sine merknader ....	76			
15.2	Ikraftsetjing og overgangsreglar ..	76			
<b>16</b>	<b>Økonomiske og administrative følger</b> .....	78			

### **Digitalt vedlegg:**

NOU 2011: 19 *Ny våpenlov*



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 165 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

#### 1.1 Ei ny våpenlov

Justis- og beredskapsdepartementet tilrår at gjeldande lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. vert avløyst av ei ny våpenlov (våpenlova). Gjeldande våpenlov er over 50 år gamal og gjev generelle retningslinjer for det å erverve og ha våpen. Gjeldande våpenlov er utfyllt av eit omfattande forskrifts- og instruksverk som gjer det vanskeleg å halde oversyn over kva som er gjeldande rett.

Departementet ønskjer å gjere regelverket meir føreseieleg ved mellom anna å lovfeste sentrale reglar som etter gjeldande rett er regulert i forskrift.

Lovframlegget er i hovudsak ei lovfesting og klargjering av gjeldande rett. Lovframlegget har likevel reglar som vil vere ei skjerping i høve til gjeldande regelverk. Desse skjerpingane gjeld først og fremst kva våpentypar som skal kunne ervervast, då det er føreslått å lovfeste eit forbod mot å erverve eller å ha halvautomatiske rifler

med størst skadepotensiale. Det vil seie halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon eller for militære eller politiet. Det er føreslått unnatak på strenge vilkår for sportsskyttarar, våpensamlarar og andre som kan dokumentere eit særleg behov. Det er føreslått å innføre eit særskilt krav til vandel for å kunne få løyve til å erverve eller å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Reglane for tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd er føreslått skjerpa. Det er også føreslått å styrke kontrollen med deaktiverte skytevåpen, skytevåpen som i dag er unntatte frå løyve- og registreringsplikt, og med skytevåpen i døds- eller konkursbu.

Lovframlegget implementerer også dei krav som det reviderte EU-våpendirektiv set til vår nasjonale våpenlovgjeving.

Nedanfor følgjer eit kort oversyn over hovudinnhaldet i proposisjonen, med vekt på dei framlegga som representerer noko nytt i høve til gjeldande rett.

## 1.2 Krav til løyveplikt og forbod mot særskilte våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

Punkt 7 i proposisjonen omhandlar kva skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som skal vere løyvepliktige og kva av slike gjenstandar som det skal vere tillate å erverv og ha. Departementet føreslår å vidareføre gjeldande ordning med krav til løyve for å erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, samt å innføre forskriftsheimlar om krav til registreringsplikt, sjå framlegget til §§ 5-7. Denne forskriftsheimelen skal i hovudsak oppfylle krav til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen etter EU sitt reviderte våpendirektiv.

Departementet føreslår å innføre eit forbod mot halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert med heilautomatisk funksjon, eller for militære eller politiet, med særskilte unnataksreglar for nærare bestemte sportsskyttarar og våpensamlarar.

I lovframlegget § 6 tredje ledd er det innført ein forskriftsheimel til å kunne gje forbod mot nærare bestemte våpendelar, som enten saknar ein lovleg bruk eller som gjev skytevåpen særskilt farlege eigenskapar.

## 1.3 Grunnlag for erverv av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

Departementet føreslår å lovfeste at jakt, sportskyting og samling kan gje grunnlag for erverv av skytevåpen, sjå nærare om dette i punkt 8. Dei framlagde reglane er i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett, medrekna også vilkår for erverv på anna grunnlag enn jakt, sportsskyting eller samling, sjå framlegget til § 14.

## 1.4 Kven kan erverve eller ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

Punkt 9 omtalar kven som kan erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Departementet føreslår å vidareføre gjeldande aldersgrenser for erverv av skytevåpen og våpendelar, men slik at det som noko nytt gjevast heimel til å kunne gje personar over 18 år fritak frå alderskravet på 21 år for erverv av pistol eller revolver, sjå lovframlegget § 15.

Departementet føreslår å erstatte gjeldande krav til at søkar må vere påliteleg med eit krav til vandel. I tillegg er det føreslått å presisere at ved-

komande sin helsetilstand, eventuell tilknytning til kriminelle miljø, samt andre tryggleiksmessige forhold, vil vere relevante moment i skikkavurderinga, jf. framlegget til § 16 første ledd. Vidare føreslår departementet at politiet kan setje krav til butid for utlendingar som ikkje kan legge fram vandelsattest frå eit anna EØS-land, jf. framlegget til § 16 andre ledd. Departementet føreslår også å innføre krav til vandel for juridiske personar som skal erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, sjå framlegget til § 17.

## 1.5 Krav til oppbevaring, transport, inn- eller utførsel

Punkt 10 omhandlar reglane om lån, transport, oppbevaring, samt inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

Departementet føreslår som noko nytt at også lån av skytevåpen krev løyve frå politiet, sjå framlegget til § 18 første og andre ledd. Hensikta med denne endringa er å betre kontrollen med kven som får tilgang til skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Framlegget er likevel ikkje meint å gjelde for kortvarig overlating av skytevåpen eller våpendelar under forsvarleg tilsyn.

Departementet føreslår å lempe noko på kravet til oppbevaringsstad, slik at politiet kan samtykke til at skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for inntil eitt år av gangen oppbevarast på anna adresse enn der vedkomande bur fast, sjå framlegget til § 19 andre ledd. Krava til trygg oppbevaring gjeld også for oppbevaring på mellombels adresse.

## 1.6 Næringsverksemd, tilverking, merking og godkjenning

Punkt 11 omhandlar næringsverksemd, tilverking, deaktivering og merking av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, samt godkjenning av skyttarorganisasjonar og skytebaner.

Departementet føreslår å innføre reglar om løyveplikt for å drive andre former for næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon enn handel, tilverking eller repara-sjon, sjå framlegget til § 23 første ledd. Vidare er gjeldande fritak for løyve for børsemakerar med meisterbrev føreslått teken bort, slik at desse omfattast av kravet til løyve for å kunne drive næringsverksemd.

Departementet føreslår å lovfeste krav til merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon,



og å innføre krav om at også dei som omset slike gjenstandar må tryggje at gjenstandane er merka på lovleg måte, sjå framlegget til § 26 første ledd. Det vert føreslått å lovfeste reglar om når skytevåpen skal reknast som deaktiverte, men slik at dei tekniske krava, leggast til forskrift, sjå framlegget til § 27 første ledd.

Departementet føreslår også å lovfeste reglane om godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar, samt reglane om at forbunda sine tekniske program må vere godkjent av politiet for å kunne gje grunnlag for erverv av skytevåpen til sportsskyting, sjå framlegget til § 28.

### 1.7 Kontroll med tildelte løyve

Punkt 12 og 13 omhandlar politiet sin kontroll med våpenløyve og tilbakekall av tildelte løyve eller godkjenningar, samt politiet sin kontroll med skytevåpen i døds- eller konkursbu.

Departementet føreslår å lovfeste ei plikt for politiet til å føre kontroll med om løyveharar framleis oppfyller dei personlege vilkåra for våpenløyvet, sjå framlegget til § 30 første ledd. Regelen skal samstundes tryggje gjennomføring av dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv set til våpenkontroll. For å styrke politiet sin kontroll med tildelte løyve og godkjenningar, føreslår departementet å gje politiet heimel til å kunne krevje utlevert kopi av medlemslister frå godkjente skyttar- og våpensamleorganisasjonar.

Departementet føreslår å innføre ein heimel for politiet til å kunne ta mellombels hand om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon utan å sende førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyvet, sjå framlegget til § 31 fjerde ledd. Vilråa for mellombels overlating er at det ligg føre ein grunna mistanke om brot på dei personlege vilkåra, og det er ein grunn til å tru at våpenet kan verte misbrukt. Ei slik avgjerd kan gjelde for inntil to veker. Etter den tid må politiet enten sende førehandsvarsel om eller gjere vedtak om å tilbakekalle våpenløyvet.

Når vedtak om tilbakekall er endeleg, føreslår departementet at politiet ikkje lenger skal ha plikt til å avhende gjenstandar på vegne av eigaren, og at dei skal kunne destruere gjenstandar som ikkje er avhenda innan 12 månader frå endeleg vedtak om tilbakekall, sjå framlegget til § 31 femte ledd.

Departementet føreslår vidare å skjerpe reglane for tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd slik at denne regelen vert lik som for tilbakekall av andre våpenløyve. Dette betyr at politi-meisteren «skal» tilbakekalle løyve ved brot på dei

personlege vilkåra, sjå framlegget til § 32 første ledd.

Det vert føreslått å lovfeste ein heimel til å kunne tilbakekalle godkjenningar som skyttar- eller våpensamleorganisasjon ved brot på dei krav som gjeld for godkjenninga, sjå framlegget til § 33. Det er også føreslått å innføre ei plikt for bustyrar eller arvingar til å melde frå til politiet om funn av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i buet, sjå framlegget til § 34 og § 35.

### 1.8 Forvaltning, våpenregister, straff og gebyr

Punkt 13 omhandlar reglane om våpenregister, gebyr, straff, sakshandsamingsreglar og reglar om tidsavgrensa våpenamnesti.

Departementet føreslår at våpenregisteret først vidare, sjå framlegget til § 36. Vidare føreslår departementet å gje heimel til å krevje gebyr for utferding av alle typar løyve eller godkjenningar i medhald av lova, slik at ordninga med gebyr ikkje lenger berre skal gjelde for nærare bestemte sakstyper. Vidare vert det føreslått å innføre reglar om at politiet kan krevja dekning av utgifter til naudsynt bistand frå sakkunnige, sjå framlegget til § 37.

Reglane om straff er føreslått vidareført, men slik at det vert lovfest kva for brot på våpenlova som er strafflagde, sjå framlegget til § 39. Likeeins føreslår departementet å vidareføre reglane om våpenamnesti.

### 1.9 Forskrift og overgangsreglar

I punkt 15 omtalast forskriftsregulering og overgangsreglar. Departementet føreslår å innføre ei ordning der dei bundne forskriftene står i den ein-skilde paragraf, medan dei valfrie forskriftene samlast i ein særskilt forskriftsregel, sjå framlegget til § 41.

Departementet tilrår å fastsette overgangsreglar for personar som omfattast av det nye forbodet mot nærare bestemte halvautomatiske rifler, slik at desse gjevast ein frist på tre år etter ikraftsetjing av lova til å enten oppfylle dei særskilte vilkåra for å kunne ha denne våpentypen, deaktivere, destruere eller avhende skytevåpna til land som framleis tillatar denne våpentypen, sjå framlegget til § 43. Departementet tilrår også å gje ein heimel til å kunne fastsette overgangsreglar i forskrift.

## 2 Bakgrunnen for lovframlegget

### 2.1 Våpenlovutvalet

Etter tilråding frå justisministeren vart det ved kongeleg resolusjon 18. juni 2010 oppnemnt eit offentleg utval (våpenlovutvalet) for å gjere ein total gjennomgang av gjeldande våpenlovgeving, og kome med framlegg til ny lov om skytevåpen og ammunisjon eller gjere naudsynte endringar i eksisterande lov. Mandatet til våpenlovutvalet var mellom anna:

«Utvalget skal foreta en total gjennomgang av gjeldende våpenlovgeving og fremme forslag til ny våpenlov (eller foreta nødvendig[e] endringer i eksisterende våpenlovgeving) med bakgrunn i samfunnsutviklingen og fremtidige utfordringer. Forslaget til lov (/lovendringer) skal legge vekt på forebyggende og tillitsskapende tiltak, herunder tiltak som vil kunne forhindre ulovlig våpenbruk og medvirke til bedre kontroll med sivile våpen. Den kulturhistoriske betydningen av våpenbruk i Norge skal også vektlegges.»

Videre vart det sagt i mandatet at:

«Formålet med utredningen er å få en våpenlov tilpasset dagens samfunnsituasjon og fremtidige utfordringer, blant annet i forhold til kriminalitet og teknologiutvikling, samt å løfte viktige prinsipielle spørsmål fra forskriftsnivå til lovnivå.»

Våpenlovutvalet hadde følgjande samansetning:

- sorenskrivar Ingrid Røstad Fløtten, leiar
- president i våpenrådet Randulf W. Tønnesen
- jaktkonsulent i Norges Jeger- og Fiskerforbund Vidar Nilsen
- politiinspektør Astrid E. Nilsen
- seksjonssjef Steinar Talgø
- psykologspesialist Phd. Solveig Karin Bø Vatnar
- rådgjevar Øyvind Fredlund
- lagdommer og tidlegare president i Det Frivillige Skyttervesen Hans O. Kveli (frå 7. september 2010 vart forbundsstyremedlem 2008–

2010, Norges Skytterforbund, Lucien Dedichen oppnemnt som erstatter for Kveli).

Våpenlovutvalet leverte si utgreiing 5. desember 2011 som NOU 2011:19 Ny våpenlov – Gjennomgang av gjeldende våpenlovgeving og forslag til ny våpenlov.

### 2.2 Høyringa

Våpenlovutvalet si utgreiing og framlegg til ny våpenlov vart sendt på høyring 9. mars 2012 til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Datatilsynet

Det Kriminalitetsforebyggende Råd – KRÅD

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Domstolsadministrasjonen

Erstatningsnemnda for voldsofre

Generaladvokaten

Kontoret for voldsoffererstatning

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress

Norsk senter for menneskerettigheter

Politidirektoratet

Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

Politihøgskolen

Regjeringsadvokaten

Statens Innkrevingsentral

Statens sivilrettsforvaltning

Stortingets ombudsmann for forvaltningen

Sysselmannen på Svalbard

Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo, Det juridiske fakultet

Universitetet i Oslo, Institutt for kriminologi og rettssosiologi

Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultet

Amnesty International Norge

Barnpsykiatrisk forening

Børsemakerenes Landsforbund

Den Norske Advokatforening  
 Den norske Dommerforening  
 Den norske lægeforening  
 Det Frivillige Skyttervesen  
 Fornærmedeutvalget  
 Forsvarergruppen av 1977  
 Kirkens ressurscenter mot vold  
     og seksuelle overgrep  
 Kirkens SOS  
 Krisesenterforbundet  
 Krisesentersekretariatet  
 Kommunesektorens interesse- og  
 arbeidsgiverorganisasjon  
 Kongsberg Defence & Aerospace  
 Landsforeningen for voldsofre  
 Norges Bedriftsidrettsforbund  
 Norges Benkeskytteforbund  
 Norges Idrettsforbund  
 Norges Jeger- og Fiskerforbund  
 Norges Kvinne- og familieforbund  
 Norges Metallsiluettt Forbund  
 Norges Optikerforbund  
 Norges Paintballforbund  
 Norges Røde Kors  
 Norges Skiskytterforbund  
 Norges Skogeierforbund  
 Norges Skytterforbund  
 Norges Sportsbransjeforbund  
 Norsk Forbund for Praktisk Skyting  
 Norsk forbund mot voldsofre  
 Norsk forening for kriminalreform – KROM

Norsk organisasjon for jegere og skyttere  
 Norsk Politilederlag  
 Norsk Psykologforening  
 Norsk Presseforbund  
 Norsk Svartkruttunion  
 Norsk Tjenestemannslag  
 Norsk Våpeneierforbund  
 Norsk Våpenhistorisk Selskap  
 Norske Reserveoffiserers Forbund  
 Politiembetsmennenes landsforening  
 Politiets fellesforbund  
 Redd Barna  
 Rettspolitisk forening  
 Rådgivningskontorene  
 Scandinavian Ammunition Research Association  
 Scandinavian Western Shooters  
 Stiftelsen Alternativ til vold  
 Stiftelsen Landsforeningen Rettferd for taperne  
 Stine Sofies stiftelse  
 Teknologibedriftenes Landsforening  
 Ungdom mot vold  
 Villreinerådet  
 Våpenrådet

Høyringsfristen vart sett til 8. juni 2012. Det kom inn 48 realitetsfråsegner frå høyringsinstansane. I tillegg har nokre einskildpersoner og organisasjonar gjeve fråsegn. Høyringsinstansane sine synspunkt vert omtala i tilknytning til dei ulike punkta i lovframlegget.

## 3 Internasjonale rammer for våpenlovgjevinga

### 3.1 Innleiing

---

Norsk våpenlovgjeving er i stor grad påverka av internasjonalt regelverk. Skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er handelsvarer av stor økonomisk betydning for mange land, samstundes som den internasjonale handelen med desse gjenstandane utgjer ein alvorleg tryggingssisiko. Det internasjonale regelverket søkar difor å balansere omsynet til effektiv næringsverksemd med omsynet til ein tilstrekkeleg kontroll med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Nedanfor følgjer eit oversyn over internasjonalt regelverk, som set dei ytre rammene for vår nasjonale våpenlovgjeving.

### 3.2 FN sitt regelverk

---

#### 3.2.1 FN sin våpenprotokoll (resolusjon 55/255)

Protokollen vart fastsett 31. mai 2001, og inngår som ein del av FN-konvensjonen om grenseoverskridande organisert kriminalitet, jf. protokollen artikkel 1. Den er såleis bindande for dei statane som har ratifisert konvensjonen. Noreg ratifiserte konvensjonen 15. september 2003 gjennom St.prp. nr. 58 (2002–2003). Siktemålet med protokollen er å etablere ordningar som hindrar ulovleg overføring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mellom statar, og å betre vilkåra for etterforsking og påtale av slike handlingar. Protokollen angjev ein minimumsstandard for våpenkontroll, og er såleis ikkje til hinder for at konvensjonsstatane fastset strengare regelverk.

Protokollen gjeld for alle typar skytevåpen som kan skytast med krut eller anna eksplosiv ladning som drivmiddel. Det er gjort særskilte unntak for skytevåpen produsert før 1899. Den gjeld vidare for nærare bestemte våpendelar, samt for ammunisjon til skytevåpen. Som ammunisjon reknast også dei einskilde komponentane, i den utstrekning slike komponentar er underlagt regulering i konvensjonsstatane.

Vidare set protokollen krav til merking og registrering av gjenstandar som er omfatta av protokollen. Overføring og produksjon av slike gjen-

standar skal vidare berre skje i medhald av løyve frå konvensjonsstatane.

Dei einskilde artiklane i protokollen vert omtala nærare i samband med dei ulike framlegga i denne proposisjonen.

#### 3.2.2 FN sin avtale om våpenhandel (ATT)

FN sin generalforsamling fastsette avtale om våpenhandel 2. april 2013. Noreg ratifiserte avtalen gjennom Stortingsvedtak nr. 346 den 16. januar 2014. Siktemålet med avtalen er å etablere ein felles internasjonal standard for handel med konvensjonelle våpen, og på den måten fremje arbeidet med å skape fred, tryggleik og minimere menneskeleg lidning, jf. avtalen sin artikkel 1.

Avtalen tek særleg sikte på å regulere korleis utførsel av dei gjenstandar som er omfatta av avtalen skal skje. Utførsel frå den einskilde konvensjonsstat skal berre skje etter godkjenning frå styresmaktene. Dette gjeld både for fast og mellombels utførsel av dei gjenstandar som er omfatta av protokollen. Styresmaktene skal berre gje slik godkjenning etter ei førehandsvurdering av følgjene for fred, tryggleik og for brot på internasjonale reglar eller plikter. Det vert elles synt til Prop. 186 S (2012–2013) for ein meir utfyllande gjennomgang av bakgrunnen for og innhaldet i avtalen. Dei relevante føresegnene vil også verte nærare omtala under dei einskilde kapitla i lovframlegget.

### 3.3 EU-regelverk

---

Noreg er på ulikt vis bunden av EU-regelverket. Gjennom EØS- og Schengen-avtalen har Noreg forplikta seg til å etterleve nærare bestemte delar av EU-regelverket. Nedanfor følgjer ein kort omtale av dei rettsakter Noreg er bunden av, som er relevante for denne proposisjonen.

#### 3.3.1 EU sitt våpendirektiv

EU sitt våpendirektiv (direktiv 91/477/EEC) frå 1991 er Schengen-relevant og er implementert i

norsk rett. Våpendirektivet gjeld for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon slik dei vert definert i direktivet. Definisjonane er hovudsak lik dei som er fastsett i FN sin våpenprotokoll.

Våpendirektivet gjaldt ikkje for politiet, forsvaret, offentlege styresmakter, våpensamlarar, museum og liknande institusjonar, samt for handel med krigsvåpen, jf. artikkel 2. Etter våpendirektivet vedlegg I punkt III var også skytevåpen som etter direktivet reknast som deaktivert, skytemasker, signalvåpen og andre skytevåpen som er laga for nærare bestemte føremål, samt skytevåpen eller reproduksjonar av skytevåpen som reknast som antikke, unnateke frå direktivet sitt verkeområde. I det reviderte våpendirektivet er det gjort endringar som utvidar direktivet sitt verkeområde på einskilde av dei områda som nemnt ovanfor, sjå omtale nedanfor.

Kommisjonen har i medhald av våpendirektivet gjeve ein gjennomføringsforordning (2015/2403), som set ein felles teknisk standard for deaktivering av skytevåpen, og som gjev reglar om kontroll, merking og dokumentasjon for at skytevåpen er deaktivert på lovleg måte.

Våpendirektivet set minimumskrav for medlemsstatane sine nasjonale reglar for våpenkontroll, og medlemsstatane kan i medhald av artikkel 3 fastsette strengare nasjonale reglar enn det som følgjer av direktivet.

Dei gjenstandar som direktivet definerer som skytevåpen eller ammunisjon vert nærare kategorisert frå A til D etter gjenstandane sitt skadepotensiale. Dei krav som våpendirektivet set for å kunne erverve og ha skytevåpen er gjort relative ut frå kva kategori skytevåpna tilhøyrar. Vidare set våpendirektivet mellom anna krav til merking og registrering av skytevåpen i nasjonalt våpenregister, krav til kontroll med fast eller mellombels inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mellom medlemsstatar og krav til løyve for å kunne drive som våpenhandlar. Det nærare innhaldet i våpendirektivet vert omtala under dei einskilde kapitla i proposisjonen.

Etter terroråtaka i Europa la Kommisjonen den 18. november 2015 fram eit utkast til endringar i våpendirektivet. Det endelege reviderte våpendirektiv vart fastsett 17. mai 2017.

Det reviderte våpendirektivet har eit utvida verkeområde slik at reglane i direktivet også skal gjelde for våpensamlarar, museum, våpenmeklarar, deaktiverte skytevåpen, samt skytevåpen som er gjort om til å kunne skyte patroner utan prosjektil (såkalla lausammunisjon, signalpatroner og liknande). Vidare så gjevast det strengare reglar for når medlemsstatane kan gje løyve til å erverve

og ha skytevåpen med stort skadepotensiale. I det reviderte direktivet er det mellom anna også gjeve strengare reglar for medlemsstatane sin kontroll med våpenløyve, strengare krav til distansehandel, merking, registrering og rapportering av opplysingar om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Det nærare innhaldet i det reviderte våpendirektivet vert omtala under dei einskilde kapitla i proposisjonen.

EU sitt reviderte våpendirektiv skal gjennomførast innan 14. september 2018, med unnatak av einskilde reglar som skal gjennomførast innan høvesvis 14. desember 2019 og 14. mars 2021.

### 3.3.2 EØS-avtalen

Etter EØS-avtalen artikkel 11 og 12, jf. artikkel 8, kan medlemsstatane som hovudregel ikkje fastsette kvantitative eksport- eller importrestriksjonar eller tiltak med tilsvarande verknad, på varer som opphavleg kjem frå EØS-området. Etter artikkel 13 kan statane likevel sette forbod mot eller restriksjonar på import av varer når dette er grunna i omsynet til «... offentlig moral, orden og sikkerhet, vernet om menneskers og dyrs liv og helse, plantelivet, nasjonale skatter av kunstnerisk, historisk eller arkeologisk verdi eller den industrielle eller kommersielle eiendomsrett.» Slike tiltak må vere sakleg grunngjeve og ikkje føre til usakleg skilnadshandsaming.

### 3.3.3 EU tenestedirektiv

EU sitt tenestedirektiv 2006/123/EF av 12. desember 2006 fastset mellom anna reglar for korleis medlemslanda skal regulere etablering av næringsverksemd. Etter artikkel 2 gjeld direktivet for tenester som vert ytt av tenesteytarar som er etablert i ein medlemsstat. Dette betyr at til dømes børsemakerar og våpenhandlarar vil vere omfatta av direktivet.

### 3.3.4 EU direktiv om marknadsføring og kontroll med eksplosive varer til sivil bruk

EU sitt rådsdirektiv 93/15/EØF av 5. april 1993 fastset reglar for medlemsstatane sin overføring, marknadsføring og kontroll med eksplosive varer til sivil bruk. Artikkel 10, 11, 12, 13, 17, 18 og 19 i direktivet gjeld også for ammunisjon, jf. artikkel 3 nr. 3. Direktivet har ikkje eigen legaldefinisjon for kva som reknast for ammunisjon. Føremålet med direktivet tilseier likevel at det er avgrensa til ammunisjon som vert skote ut ved ein eller anna

form for eksplosjon. Reglane om overføring av ammunisjon overlappar dels verkeområdet til våpendirektivet.

### **3.4 Bernkonvensjonen**

---

Bernkonvensjon om vern av viltlevande planter og dyr vart vedteken i 1979, og 51 nasjonar har per 1. januar 2014 ratifisert konvensjonen. Noreg ratifiserte konvensjonen 27. mai 1986, jf. St.prp. nr. 12 (1985–86) og Innst. S. nr. 92 (1985–86), og vart ikraftsett 1. september 1986. Føremålet med konvensjonen er i hovudsak å verne viltlevande dyr, planter og verneområde mot skadelege tiltak,

samt å koordinere dei ulike vernetiltaka mellom statane, jf. artikkel 1. Konvensjonen har fire vedlegg.

Vedlegg IV listar opp dei jakt-, fangstreiskapar og -metodar som er forbodne etter konvensjonen sin artikkel 8. Dette vedlegget set mellom anna forbod mot bruk av heil- eller halvautomatiske skytevåpen med magasinkapasitet større enn to patroner, samt bruken av siktemiddel med elektronisk forsterking av lys til jakt eller fangst.

Noreg har reservert seg mot konvensjonen sitt forbod mot bruken av halvautomatisk rifle med magasinkapasitet større enn to patroner for jakt på hjort, rådyr og elg, samt forbodet mot sel- og kvalfangst.

## 4 Utanlandsk rett

Dei andre nordiske landa har til liks med Noreg mange sivile våpen og ein sterk jakt- og skyttarkultur. Lovgjevinga kring erverv, bruk og innehav av sivile våpen i desse landa har difor interesse for utforminga av det norske regelverket. Nedanfor følgjer eit oversyn over reglane for erverv og innehav av skytevåpen i Sverige, Danmark og Finland.

### 4.1 Sverige

Den svenske «Vapenlag» (1996:67) 8. februar 1996 regulerer erverv og innehav av skytevåpen. Lova vert utfylt av forskrift «Vapenförordning» (1996:70) 8. februar 1996, samt Rikspolisstyrelsens föreskrifter och almäna råd.

#### 4.1.1 Villkår for erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Innehav av skytevåpen krev løyve (tilstand) frå politiet, jf. vapenlag kapittel 2 § 1. Kva som reknast for skytevåpen er nærare definert i vapenlag kapittel 1 § 2, og omfattar våpen som ved hjelp av drivmiddel kan skyte ut prosjektil eller liknande gjenstandar. Etter kapittel 1 § 4 er nærare bestemte gjenstandar unnateke frå lova sitt verkeområde. Reglane om skytevåpen gjeld etter kapittel 1 § 3 også for nærare bestemte gjenstandar som ikkje vert definert som skytevåpen.

##### 4.1.1.1 Krav til alder og personlege eigenskapar

Vapenlag kapittel 2 § 3 regulerer kven som kan ha skytevåpen, og både fysiske og juridiske personar, medrekna godkjente vaktsselskap, kan erverve slike gjenstandar. Det kan berre gjevast ervervs-løyve for skytevåpen til fysiske eller juridiske personar som ikkje med skilleg grunn kan mistenkast for å ville misbruke våpenet, jf. vapenlag kapittel 2 § 5. I RPSFS 2009:13 kapittel 3 er det gjeve utfyllande retningslinjer for politiet si vurdering av den personlege dugleiken. Den ålmenne aldersgrensa for erverv er sett til 18 år, men poli-

tiet kan gjere unntak frå denne aldersgrensa, jf. vapenförordning kapittel 2 § 3. For erverv av heilautomatiske våpen er aldersgrensa sett til 20 år.

Den som skal drive handel med skytevåpen må i tillegg til dei ålmenne krava til alder og personleg dugleik vere «lämpat» til å kunne drive slik handel. I denne vurderinga skal det mellom anna leggst vekt på vandel og fagkunnskap, jf. vapenlag kapittel 2 § 10.

##### 4.1.1.2 Nærare om dei krav som vert stilt for erverv av skytevåpen

Til fysiske personar kan det berre gjevast våpenløyve når vedkomande treng skytevåpenet til eit «godtagbart ändamål», jf. vapenlag kapittel 2 § 4. Dette vil i hovudsak omfatte jakt- og sportsskyting, samling, dekorasjon og affeksjon, men kan også gjelde for andre føremål. Om tillatinga gjeld erverv som ikkje omfattar bruk av våpenet, skal løyvet som hovudregel vere avgrensa til å gjelde for innehav og ikkje bruk.

Det aktuelle våpenet må vidare vere «lämpat» til den bruk som søknaden gjeld, jf. vapenlag kapittel 2 § 5. Dette betyr at våpenet må kunne brukast til det føremål som søknaden gjeld. Når det gjeld erverv til dekorasjonføremål eller affeksjon skal våpenet som hovudregel gjerast «varaktig obrukbart», jf. kapittel 2 § 5a. For erverv av heilautomatiske skytevåpen og einhandsskytevåpen må søkar dokumentere at vedkomande har eit særskilt behov for våpenet («synnerliga skäl»), jf. vapenlag kapittel 2 § 6.

Krava til dokumentasjon av behov og våpen-dugleik for erverv av skytevåpen er nærare regulert i vapenförordning kapittel 2. Etter vapenförordning kapittel 2 § 3 vert det mellom anna sett krav om at den som vil erverve heilautomatisk våpen og einhandsskytevåpen må dokumentere ein «särskild skjutskicklighet». For erverv av heilautomatiske våpen vert det vidare stilt krav om at søkar må vere medlem av skyttarforeining som Forsvarsmakta definerer som av betydning for totalforsvaret.

#### 4.1.2 Forvaltning og kontroll med tildelte våpenløyve

Våpenløyver er som hovudregel ikkje tidsavgrensa, jf. vapenlag kapittel 2 § 5 og kapittel 6 § 1. Våpenløyve for heilautomatiske skytevåpen og handvåpen med magasinlading skal som hovudregel gjerast tidsavgrensa for inntil 5 år, jf. vapenlag kapittel 2 § 6a.

Politiet skal tilbakekalle løyvet til personar som ikkje lenger oppfyller våpenlova sine krav til våpeninnhav, jf. vapenlag kapittel 6 § 1. Lækjarar skal varsle politiet om pasientar som av medisinske grunnar reknast for «olåmplig» til å ha skytevåpen, jf. vapenlag kapittel 6 § 6. Lækjar skal også varsle om personar som gjennomgår rettspsykiatrisk vurdering eller personundersøking etter lag 1991:2041 «om særskild personutredning i brottmål, m.m.» § 7.

Etter vapenlag kapittel 2 § 19 og vapenförordning kapittel 16 kan politiet krevje gebyr for handsaming av søknad om nærare bestemte løyve som kan gjevast etter forskrifta. I motsetnad til i Noreg vert det kravd gebyr for sjølve handsaminga av søknaden og ikkje berre ved utferding av løyve.

## 4.2 Danmark

I Danmark vert private sin tilkomst til våpen, våpendelar og ammunisjon regulert i «Bekendtgørelse af lov om våben og eksplosivstoffer» (våbenloven) av 22. oktober 2012 nr. 1005 med senere endringer. I Justisministeriets «Bekendtgørelse om våben og ammunition m.v.» (våbenbekendtgørelsen) av 19. oktober 2009 nr. 997 med seinare endringar og ulike rundskriv (cirkulære) vert våpenlova sine reglar utfyllt og presisert. Det sentrale rundskrivet er «cirkulære om våben og ammunition mv.» av 30. oktober 2013 (våbencirkulæret) med seinare endringar.

#### 4.2.1 Vilkår for erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Innførsel, erverv, tilverking og bruk av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon krev som hovudregel løyve fra justisministeriet, som kan delegere denne mynda vidare, jf. våbenloven § 1. Etter våbenbekendtgørelsen § 3 er mynda til å gje nærare bestemte løyver lagt til politiet. Kva gjestandar som krev løyve etter våpenlova er nærare regulert i våbenloven § 1 og våbenbekendtgørelsen § 1 og § 2.

#### 4.2.1.1 Krav til alder og personlege eigenskapar

For å kunne erverve skytevåpen eller ammunisjon må søkar som hovudregel vere over 18 år. Når verjen samtykker kan det likevel gjevast fritak frå alderskravet for personar over 16 år. Aldersgrensa for å kunne erverve halvautomatisk rifle, pistol eller revolver er som hovudregel 20 år. Personar mellom 16 og 19 år kan likevel på særskilte vilkår få løyve til å erverve pistol i kaliber .22, jf. våbencirkulæret § 20.

Dei øvrige personlege vilkåra for erverv av skytevåpen følgjer av Bekendtgørelse om våben og ammunition m.v. § 46. Det skal berre gjevast våpenløyve når det ikkje ligg føre opplysingar om vandel eller personlege eigenskapar som gjer det «betænkeligt» å gje slikt løyve. For erverv av halvautomatisk rifle, pistol eller revolver er det stilt særskilte krav til dei personlege eigenskapane. Løyve til å erverve slike skytevåpen skal berre gjevast til personar som reknast for å vere «absolut pålitlig», jf. våbencirkulæret § 19 og § 20.

Personar som vil drive eller være tilsett i næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon må i tillegg til dei ålmenne krava til personleg dugleik også oppfylle nærare bestemte krav til våpendugleik, jf. våbenbekendtgørelsen § 40 og § 41, jf. våpenlova § 4b.

#### 4.2.1.2 Nærare om dei krav som vert stilt for erverv av skytevåpen

Våbenlov eller -forskrift har ikkje fastsatt særskilte reglar om kva føremål som kan gje grunnlag for løyve til å erverve og inneha skytevåpen. Våbencirkulæret § 2 har likevel fastsett nærare retningslinjer for kva behov som kan gje grunnlag for ervervsløyve.

Våbencirkulæret kapittel 1 set detaljerte vilkår for erverv til dei ulike føremåla. Sams for desse føremåla er at søkar må dokumentere det nærare grunnlaget for ervervet, til dømes gjennom å oppfylle vilkåra for å kunne drive jakt eller ved å vere medlem i godkjent skyttarforeining.

For erverv av «særlikt farlige skytevåpen» set våbencirkulæret kapittel 2 særskilte reglar for lovlege våpentypar og vilkår for erverv. Desse særskilte krava gjeld mellom anna for haglegevær med pipelengde under 55 cm, pistol, revolver og halvautomatiske rifler.

For å kunne erverve pistol eller revolver krevst det at søkar i minst to år har vore medlem av eit godkjente skyttarforbund som organiserer skyting med det aktuelle våpenet. Erverv av våpen med kaliber større enn 7,65 mm krev at



søkar har minst seks månader erfaring med den våpentypen søknaden gjeld. Gjeld ervervet handvåpen i grovare kaliber enn 9 mm, skal søknaden føreleggast Justisministeriet for uttale. Det kan berre ervervast halvautomatiske rifler til jakt, og løyvet kan berre omfatte rifler som kan ladast med to patroner.

Erverv av skytevåpen til samling krev eit særskilt løyve frå politiet. Dei nærare vilkåra for erverv til samling følgjer av våbencirkulæret § 13. Eit løyve til å vere våpensamlar gjev høve til å erverve nærare bestemte skytevåpen, samt blankvåpen og avtagbare magasin utan særskilt tillating. Vedkomande må likevel føre eit oversyn over dei gjenstandar som vert erverva i medhald av samleloyvet. For erverv av andre skytevåpen enn dei som er særskilt nemnt, må søkar ha særskilt løyve. Vidare kan politiet gje løyve til å erverve patroner til samling, jf. våbencirkulæret § 14.

#### 4.2.2 Forvaltning og kontroll med tildelte våpenløyve

Ved søknad om erverv av skytevåpen til sportsskyting skal søknaden sendast til skyttarforeininga, men slik at politiet og i særskilte tilfelle Justisministeriet må samtykke til at vedkomande skal kunne erverve skytevåpen. Dette samtykket inneber ein kontroll med søkar sin vandel og personlege forhold. For søknad om erverv til andre føremål skal søknaden sendast direkte til politiet.

Løyve til erverv og innehav av skytevåpen er som hovudregel gjort tidsavgrensa, jf. våbenloven § 6d og bekendtgørelsen § 47. Tidsperioda er som hovudregel på fem år, men to år for pistolar. Løyve til å ha våpensamlingar og jaktrifler er gyldig for 10 år av gangen. Om sportsskyttarar melder seg ut av skyttarforeininga, skal foreininga tilbakekalle løyvet og varsle politiet om at innehavar ikkje lenger oppfyller vilkåra for innehav, jf. bekendtgørelsen § 8 stk. 5.

Etter våbenloven § 3 kan politiet utan godkjenning frå retten føre kontroll med våpensamlarar, næringsdrivande og andre nærare bestemte innehavarar av skytevåpen eller eksplosivstoff.

Våbenloven § 6b fastset vidare reglar om gebyr. Det skal som hovudregel betalast gebyr for søknad om løyve etter våbenlova. Det er likevel gjort unnatak for nærare bestemte sakstyper.

### 4.3 Finland

I Finland vert sivile sin tilkomst til våpen, våpendelar og ammunisjon regulert i «Skjutvåpenlag»

av 9. januar 1998 nr. 1. Lova vert utfylt av «Skjutvåpenföreläggning» av 27. februar 1998 nr. 145. Kva som reknast for skytevåpen er nærare regulert i skjutvåpenlag § 2. Dette er gjenstandar som med krut eller annan eksplosiv ladning kan skyte prosjektil eller andre innretningar som kan innebere ein fare for menneske, samt gjenstandar som liknar på og som kan gjerast om til skytevåpen. Nærare bestemte gjenstandar er likevel unnateke frå lova sitt verkeområde. Skjutvåpenlag §§ 3, 4 og § 5 regulerer kva som reknast for våpendelar, prosjektil og ammunisjon.

#### 4.3.1 Vilkår for erverv

Nærare bestemt omgang med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, medrekna erverv, innehav, handel og tilverking, krev som hovudregel løyve frå politiet, jf. skjutvåpenlag § 18. Ein føresetnad for løyve etter § 18 er at søkar kan dokumentere eit sakleg behov og at det ikkje er skilleg grunn til å mistenke at løyvet vert misbrukt. Skjutvåpenlag § 43 angjev nærare kva behov som kan gje grunnlag for ervervsløyve, og omfattar mellom anna jakt, sportsskyting, samling, minneverde og næringsverksemd. Etter skjutvåpenlag § 44 kan det berre ervervast skytevåpen som på grunnlag av magasinkapasitet og andre forhold ikkje kan gje ein større eldkraft enn det saklege behovet tilseier. Denne lovregelen set vidare forbod mot erverv av nærare bestemte våpen til jakt eller sportsskyting.

##### 4.3.1.1 Krav til alder og personlege eigenskapar

Dei personlege krava til våpenerverv og innehav følgjer av våpenlova § 45. Ervervsløyve kan berre gjevast til personar som har fylt 18 år, og som på grunnlag av helsemessige forhold og åtferd reknast som «lämplig» til å ha skytevåpen og våpendelar. Erverv av pistol eller revolver krev at søkar har fylt 20 år. Personar under 18 år kan gjevast ein såkalla «parallelltilstånd», jf. våpenlova § 54. Det vil seie at løyvet gjeld for fleire personar. Aldersgrensa for å kunne ha eit slikt særskilt løyve er 15 år, unnateke for handvåpen der aldersgrensa er 18 år.

For å vurdere om søkar er «lämplig» må søkar gjennomgå ein såkalla «lämpligstest», som inngår i politiet sitt avgjerdsgrunnlag, jf. § 45c. Denne testen bygger på dei testar som Forsvaret gjennomfører på vernepliktige. Politiet kan om naudsynt krevje å få vedlagt ei vurdering frå helsepersonell om søkar si evne til å kunne ha skytevåpen eller løyvepliktig våpendel. Vidare må søkar samtykke

til at politiet får tilgang til andre helseopplysingar som er relevante for avgjerda, jf. § 45.

Juridiske personar kan få våpenløyve om verksemda er registrert i Finland og elles reknast for «lämplig» til å ha våpen, jf. § 45a. Oppbevaringa av skytevåpna eller våpendelane må skje i godkjente lokale og det må vere ein våpenansvarleg som oppfyller dei personlege vilkåra for våpeninnhav, jf. §§ 45a og 45b.

#### 4.3.1.2 *Nærare om dei krav som vert stilt for erverv av skytevåpen*

Den som vil erverve skytevåpen må dokumentere eit særskilt behov for våpenet. For erverv til jakt må søkar dokumentere at vedkomande oppfyller viltlovgevinga sine krav til opplæring og bestått jegereksamen. For erverv av skytevåpen til sportskyting, må søkar dokumentere eit behov for skytevåpenet til sport- eller hobbykyting. For erverv av rifle- eller haglevåpen, medrekna halvautomatiske skytevåpen, er det ikkje sett krav om medlemskap i godkjent skyttarforeining, men søkar må dokumentere eit behov for det aktuelle våpenet. Den som vil erverve pistol eller revolver må også dokumentere å ha vore aktivt medlem i godkjent skyttarorganisasjon i minst to år. Dei nærare krava til aktivitet er skildra i skjutvåpenforskrift § 44d.

Den som vil erverve skytevåpen til samling, må ha særskilt tillating frå Polisstyrelsen. Slikt løyve kan gjevast til både fysiske og juridiske personar. For å kunne verte godkjent som våpensamlar, må vedkomande oppfylle dei ålmenne krava til alder og personlege eigenskapar etter skjutvåpenlag § 45 første ledd. Gjeld søknaden ein juridisk person, må den våpenansvarlege oppfylle dei ålmenne krava til alder og personlege eigenskapar, jf. skjutvåpenlag § 57, jf. § 45b.

Etter skjutvåpenlag § 20 skal det berre gjevast løyve til å drive næringsverksemd når verksemda har utpeika ein ansvarleg for verksemda som har økonomi til å drive næringsverksemd på forsvarleg måte. Verksemda skal vidare oppgje ein ansvarleg for verksemda, og den ansvarlege samt andre tilsette som handterer skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon på vegne av verksemda må

ha eit særskilt løyve (våpenhandteringstillstand), jf. skjutvåpenlag §§ 26 og 27.

#### 4.3.2 **Forvaltning av og kontroll med tildelte våpenløyve**

Eit løyve til å ha skytevåpen gjeld som hovudregel «tills vidare», jf. § 53. Eit våpenløyve for pistol eller revolver til fysisk person skal likevel gjerast tidsavgrensa dei første fem åra. Etter fem år må innehavaren sende ny søknad med dokumentasjon på at vedkomande framleis har behov for våpenet. Om politiet gjev nytt løyve er dette ikkje tidsbestemt, men slik at innehavaren kvart femte år må dokumentere at behovskravet framleis er oppfylt, jf. våpenlag § 53a. Politiet skal som hovudregel tilbakekalle løyve til å ha skytevåpen eller våpendel i dei tilfelle som er nemnt i skjutvåpenlag § 67. Slikt tilbakekall skal mellom anna skje når innehavaren ikkje lenger oppfyller dei personlege vilkåra for innhav, eller når samanslutninga som eig våpen vert oppløyst.

Etter våpenlag § 114 har lækjarar i nærare bestemte tilfelle plikt, og andre helsepersonell rett, til å sende melding til politiet om personar dei reknar for uskikka til å ha skytevåpen, våpendelar, patroner eller særskilt farlege prosjektil. Helsepersonell kan berre sende slik melding etter at helsepersonellet har møtt den som meldinga gjeld.

Politiet skal minst ein gang i året føre tilsyn med personar som har fått løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 116. Denne kontrollen skal mellom anna omfatte inspeksjon av lagerlokale og rekneskap. Politiet kan også i medhald av denne lovregelen føre kontroll med våpensamlar sine register over skytevåpen, og med oppbevaringa av gjenstandane.

Politiet kan med heimel i lag 21. februar 1992/150 om grunderna för avgifter till staten krevje gebyr for handsaming av løyve etter skjutvåpenlag. Dei nærare reglane for kva løyve som krev eit sakshandsamingsgebyr er fastsett i Inrikesministeriets förordning av polisens avgiftsbelagde prestationer.

## 5 Føremål og definisjonar

### 5.1 Føremål

---

#### 5.1.1 Gjeldande rett

Gjeldande våpenlov og forskrift har ikkje eigen føremålsparagraf. Etter Ot.prp. nr. 66 (1959–1960) s. 2, var siktemålet med lovframlegget å føre kontroll med skytevåpen og ammunisjon, slik at desse gjenstandane ikkje kom i hendene på personar som kan valde skade. Lovframlegget skulle på den andre sida ikkje skape urimelege ulemper for dei som har eit lovleg behov for å erverve og ha skytevåpen og ammunisjon.

I Ot.prp. nr. 21 (2000–2001) om lov om endringar i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon mv. pkt. 1.2 var behovet for å førebygge ulovlege handlingar og ulykker med skytevåpen bakgrunnen for dei lovendringar som vart gjort. Dette syner at lovgjevar den seinare tid har lagt større vekt på behovet for betre kontroll med tilgangen til skytevåpen og ammunisjon, framfor den einskilde sin rett til å erverve og ha slike gjenstandar.

#### 5.1.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet meiner at ein føremålsparagraf vil vere hensiktsmessig for å synleggjere dei hovudomsyn som lova bygger på. Utvalet gjer vidare gjeldande at ein slik paragraf vil sette rammene for forvaltningsskjønnet og gjere regelverket meir føreseieleg.

Utvalet meiner også at føremålsparagrafen bør framheve at det sentrale omsynet bak lova er å styrke samfunnstryggleiken. For å fremje dette hovudomsynet, meiner dei at føremålsparagrafen også bør nemne at lova skal tryggje ein effektiv kontroll med privat våpeninnhavar. Utvalet syner vidare til den gode norske våpenkulturen og meiner at føremålsparagrafen bør spegle samfunnet sitt ønske om å oppretthalde denne.

#### 5.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

*Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane Statsadvokatembeter* støtter at ny våpenlov bør ha ein føre-

målsparagraf, og meiner denne gjev viktige rammer for forvaltningsskjønnet og kan medverke til større forståing for kvifor det vert gjort negative vedtak.

*Politihøgskolen, Riksadvokaten, samt Hordaland, Rogaland og Troms politidistrikt, støttar framlegget til føremålsparagraf. Rogaland politidistrikt meiner at paragrafen i større grad bør syne at lova også skal tryggje fornuftige rammevilkår for den ansvarlege og lovlydige vopeneigar.*

*Dei jakt-skyttar- og våpensamlarorganisasjonane* som har gjeve fråsegn støttar framlegget om ein eigen føremålsparagraf. Nokre av organisasjonane meiner likevel at jakt og skytesporten si betyding for samfunnet bør framhevast.

#### 5.1.4 Departementet sine merknader

Departementet syner til våpenlovutvalet si utgreiing om behovet for ein føremålsparagraf, og kan i hovudsak slutte seg til denne. Hensikta med ei slik føresegn er dels å få fram hovudomsynet bak lova, og dels å gje føringar for den nærare praktiseringa av regelverket. For å oppfylle denne hensikta må føremålsparagrafen vere tilstrekkeleg klår.

Departementet meiner at føremålsparagrafen kan gjerast kortare enn utvalet sitt framlegg. Hovudomsynet med lova må vere å tryggje samfunnet mot feil- eller misbruk av våpen. Omsynet til det offentlege sin kontroll med erverv og innhavar av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er naudsynt for å førebygge slike hendingar, og treng etter departementet sitt syn ikkje nemnast særskilt. Vidare meiner departementet at den gode jakt- og skyttarkulturen i stor grad medverkar til at vi har høvesvis få negative hendingar med lovlege skytevåpen. Denne kulturen er i stor grad tufta på at skytevåpen er reiskap for utøving av jakt, skytesport og samling framfor å vere valdsprodukt. Departementet meiner difor at hovudomsynet med lova også femnar om det å skulle verne og utvikle denne gode kulturen for bruk av skytevåpen.

Departementet meiner vidare at det ikkje er grunn til formålsfeste den einskilde sin rett til

å erverve og ha skytevåpen. Det følger av etablerte rettsprinsipp for inngrep mot private at politiet sin kontroll med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon må stå i høve til den risikoen som slike gjenstandar representerer. Departementet meiner difor at ei lovfesting av dette føremålet ikkje får sjølvstendig betydning. Ved at føremålsparagrafen berre omtalar tryggingsmessige forhold kjem det klart fram at behovet for samfunnstryggleik ved motstrid skal gå føre den einskilde sitt behov for skytevåpen.

## 5.2 Definisjonar

### 5.2.1 Gjeldande rett

Gjeldande våpenlov definerer kva som etter lova vert rekna for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, jf. våpenlova §§ 1, 2 og § 3. Etter våpenlova § 6 a kan det også gjevast forbod mot å importere, omsette eller eige nærare bestemte gjenstandar som ikkje reknast for skytevåpen.

#### 5.2.1.1 Skytevåpen

Våpenlova § 1 første ledd bokstav a til c reknar opp kva våpen som i utgangspunktet vert rekna for skytevåpen. Etter bokstav a vert våpen «[...] som med ladning av krutt eller annet drivmiddel, eller ved en mekanisk innretning kan skyte ut kuler, hagl eller andre prosjektiler [...]» rekna for skytevåpen.

Etter første ledd bokstav b og c vert også andre gjenstandar som kan skyte eller sende ut nærare bestemte substansar, eller som lett kan gjerast om til slike gjenstandar, omfatta av lova sitt verkeområde.

Våpenlova § 1 andre ledd avgrensar verkeområdet i høve til definisjonen i første ledd. Etter andre ledd er skytevåpen som er gjort «[...] varig ubrukbart [...]», og skytevåpen som på grunn av alder ikkje lenger kan brukast som skytevåpen og heller ikkje forholdsvis enkelt kan gjerast om til skytevåpen, unnateke frå lova sin definisjon av skytevåpen.

#### 5.2.1.2 Våpendelar og ammunisjon

Etter våpenlova § 2 vert piper og låsekasse til skytevåpen rekna for våpendelar etter denne lova. I våpenforskrifta § 4 a gjevast det ein nærare definisjon av kva som reknast for låsekasse for ulike våpentypar og våpenkonstruksjonar, medan det i våpenforskrifta § 79 er gjeve ein nærare definisjon av nemninga «vital våpendel».

Våpenlova § 3 bokstav a til f definerer nærare kva som vert rekna for ammunisjon etter lova. Etter bokstav a vert komplette patroner rekna som ammunisjon. Det vil seie patroner med hylse, tennsats, krut og prosjektil. Prosjektil til avfyring eller utsending i gjenstandar som vert rekna for skytevåpen etter § 1, er også rekna for ammunisjon, jf. § 3 bokstav b.

Som ammunisjon reknast også hylse, som enten er satt i «[...] ladning eller tennmiddel.», jf. § 3 bokstav c. Det vil i praksis seie hylser med tennhette eller hylser som er fylt med krut eller anna drivmiddel. Bokstav d og e omfattar ulike typar gjenstandar, som er utstyrt med eksplosiv innretning for enten å sprengje, spreie gass, splintar eller lys. Bokstav f omfattar gift eller tåregassar til bruk i skytevåpen eller ammunisjon.

## 5.3 Internasjonale rammer

### *FN sin våpenprotokoll*

I artikkel 3 er det gjeve definisjonar av sentrale omgrep i protokollen slik som skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

### *EU sitt våpendirektiv*

Artikkel 1 fastset definisjonar av sentrale omgrep i direktivet. Definisjonane av *skytevåpen*, *våpendelar* og *ammunisjon* samsvarar i hovudsak med FN sin våpenprotokoll artikkel 3. I tillegg er det gjeve ein definisjon av vital våpendel («essential component»), som omfattar låsekasse, kammer og pipe på skytevåpen. Definisjon av våpenhandlar («dealer») i artikkel 1 nr. 2 omfattar fysiske eller juridiske personar som driv kommersiell framstilling, handel, utveksling, utleige, reparasjon eller ombygging av skytevåpen. Våpenmeklar («broker») er definert som person som ikkje er våpenhandlar, men som driv kommersiell handel eller overføring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

I det reviderte EU-våpendirektiv artikkel 1 nr. 1 til 12 er det gjeve fleire nye definisjonar av sentrale omgrep i direktivet, samt at nokre av dei gjeldande definisjonane er modifisert. Artikkel 1 nr. 2 gjev ein vidare definisjon av kva som reknast for vital våpendel slik at denne definisjonen også omfattar rammestykke, sleide, sylindar, samt sluttstykke eller låseblokk til skytevåpen.

Vidare er det i artikkel 1 nr. 4 og 5 gjeve særskilte definisjonar av våpentypar som er laga for å skyte ammunisjon utan prosjektil. Med «alarm and signal weapons» reknast skytevåpen som er

laga for berre å kunne skyte ammunisjon utan prosjektil (såkalla lausammunisjon, gasspatroner eller signalpatroner) og som ikkje kan gjerast om til å skyte annan ammunisjon. Omgrepa «salute and acoustic weapons» definerast som funksjonelle skytevåpen som er omgjort til å berre kunne skyte ammunisjon utan prosjektil (såkalla lausammunisjon).

I artikkel 1 nr. 6, 7 og 8 er det gjeve særskilte definisjonar av kva som reknast for deaktiverte skytevåpen, museum og våpensamlar, som i hovudsak samsvarar med definisjonen av dei tilsvarende omgrepa i våpenforskrifta §§ 1, 16 og § 21.

## 5.4 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår at ny våpenlov lovfestar definisjonar av sentrale omgrep i lova. Dette for å gjere regelverket enklare å forstå og for å klargjere lova sitt verkeområde. Definisjonane av sentrale omgrep står i lovutkastet § 3.

Utvalet føreslår å vidareføre skiljet mellom *våpen* og *skytevåpen*, slik at det kjem tydeleg fram at våpenlova også kan gjelde for andre gjenstandar enn dei som vert rekna for skytevåpen. Reglane om våpen som ikkje reknast for skytevåpen er føreslått vidareført. Utvalet sitt framlegg til definisjon av *skytevåpen* er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande våpenlov § 1. Definisjonen er likevel gjort noko vidare. For å møte den teknologiske utviklinga er gjenstandar som kan skyte pilar eller stråling også omfatta av definisjonen. Vidare er deaktiverte skytevåpen også rekna for skytevåpen. Den nærare definisjonen av kva som reknast for deaktiverte skytevåpen følgjer av utkastet § 3 nr. 9, og er ei vidareføring av gjeldande regelverk. Utvalet sitt framlegg til endring av lova sitt saklege verkeområde vert nærare omtala under punkt 6.1.5.

Utvalet føreslår å vidareføre gjeldande avgrensing mot skytevåpen som grunna alder eller konstruksjon ikkje er rekna for, eller lenger kan brukast som skytevåpen, jf. utkastet § 3 nr. 2 bokstav e. Vidare føreslår utvalet å utvide definisjonen av *våpendelar*, slik at denne omfattar alle typar delar eller komponentar som er særskilt konstruert for eit skytevåpen, jf. utkastet § 3 nr. 3. Den vide definisjonen av våpendel gjer at utvalet føreslår ein særskilt definisjon av *registreringspliktige våpendelar*. Denne definisjonen vidarefører i hovudsak gjeldande definisjon i våpenlova § 2, men slik at boksmagasin med kapasitet på meir enn ti patroner for rifler og hagler og over 20 patroner for pistol reknast som registreringspliktig våpendel.

Vidare føreslår utvalet å innføre ein definisjon av kva som reknast for *vital våpendel*. Denne er ei vidareføring av gjeldande våpenforskrift § 79. Kva som reknast for vital del avheng såleis av skytevåpenet sin konstruksjon og verkemåte.

Utvalet føreslår å føre vidare gjeldande definisjon i våpenlova § 3 om kva som reknast for *ammunisjon* i utkastet § 3 nr. 6. I lovutkastet er våpenforskrifta § 44 fjerde ledd sin definisjon av *tilverking* teke inn i § 3 nr. 7, men slik at gjenstandar som vert omfatta av lov 14. juni 1974 nr. 39 om eksplosive varer og lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) vert halden utanfor lova sitt verkeområde. *Reparasjon* og *deaktivering* er nærare definert i lovutkastet § 3 nr. 8 og 9. Desse omgrepa er ei vidareføring av våpenforskrifta § 44 fjerde ledd og våpenforskrifta § 1 tredje ledd. Utvalet føreslår til sist å fastsette legaldefinisjonar av kven som reknast for *våpenhandlar*, *våpenutleigar*, *våpenmeklar* og *våpentilverkar*. Dette vil vere personar som etter våpenlova har løyve til å drive desse formene for næringsverksemd med gjenstandar som er omfatta av lova.

### 5.4.1 Høyringsinstansane sitt syn

Kripos meiner det er ulemper knytt til det å skilje ut skytevåpen ut frå konstruksjonstidspunkt. For mange av dei skytevåpna som i dag er friteke frå løyveplikt grunna alder kan det enkelt skaffast ammunisjon. Vidare kan det vere krevjande å fastsette når eit skytevåpen vart konstruert. Kripos nemner likevel at alder er nytta som avgrensing i andre land sitt regelverk og at framlegget harmonerer godt med dette. Når det gjeld lovutkastet § 3 nr. 4 meiner Kripos at det ikkje er hensiktsmessig å innføre registreringsplikt på boksmagasin. Om ei slik ordning likevel skal innførast, syner Kripos til at nemninga «boksmagasin» er lite dekkande, då trommelmagasin vil vere unnateke frå definisjonen.

Kripos meiner vidare at definisjonen i lovutkastet § 3 nr. 5 ikkje er treffande, då avgrensinga av vital del for haglegevær og einskilde rifler med enkeltskotlading bør knytast til om våpenet vert spent ved såkalla brekking (opning av våpenet sin låsemekanisme) og ikkje at den vert lada ved brekking. Kripos meiner også at definisjonen i lovutkastet § 3 nr. 9 av deaktiverte skytevåpen bør gjerast om, då alle våpen i prinsippet kan reaktivere, samt at tilvisinga til kva delar som skal gjerast ubrukeleg er lite presis.

*Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)* meiner at våpenlova sin definisjon av ammunisjon bør omfatte krut og tennmiddel, slik at regelverket overlappar brann- og eksplosjonsvernlova sine reglar for erverv og innehav av slike gjenstandar. Den nærare avgrensinga mellom desse lovene bør etter DSB sitt syn leggast til forskrift.

#### 5.4.2 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at ei føresegn som definerer sentrale omgrep i lova gjer regelverket betre tilgjengeleg. Ei lovfesting av definisjonar gjer det likevel krevjande å oppdatere regelverket. Sjølv om hovudtrekka i den våpentekniske utviklinga har lege fast sidan slutten av 1800-talet, skjer det nyvinningar som skyv på dei tradisjonelle oppfatningane av kva som reknast for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Eit døme på dette kan vere rifler med sluttsykkle som låser direkte i pipa. Nokre av desse modellane er konstruert utan nokon låskasse i tradisjonell forstand, men der nokre av funksjonane til ei tradisjonell låskasse er integrert i skjeflet. Dette syner at gjeldande regelverk sine definisjonar av løyvepliktige våpendelar ikkje er tilpassa våpentekniske nyvinningar.

Ved at utstyr for tilverking av skytevåpen i større grad vert tilgjengeleg for ålmenta gjennom 3D-teknologien, kan det tenkast at denne utviklinga vil akselerere. Difor er det viktig å utforme regelverket slik at det enkelt kan tilpassast endringar i den teknologiske utviklinga. Ved sida av reint våpentekniske forhold, kan det også vere regelteknisk uheldig å gje for detaljerte skildringar av omgrep som har eit meir ålmenngyldig innhald.

Departementet ser det difor som hensiktsmessig å avgrense legaldefinisjonane i lovframlegget § 2 til dei definisjonar som er naudsynt for å definere lova sitt saklege verkeområde. Departemen-

tet ser at dette kan gjere lova mindre utfyllande, men meiner at omsynet til eit meir fleksibelt regelverk veg opp for denne ulempa. For å bøte på denne ulempa tilrår departementet å fastsette forskriftsheimlar til å fastsette definisjonar av omgrep som ikkje er omtala i lova, sjå lovframlegget § 41 nr. 1.

Derimot er definisjon av omgrepet «skytevåpen» gjort vidare enn våpenlovutvalet sitt utkast. Grunnen til dette er todelt. For det første må definisjonen tilpassast regelverket til EU sitt våpendirektiv, slik at lova også skal gjelde for gjenstandar som kan skyte ammunisjon utan prosjektil (såkalla lausammunisjon). For det andre bør definisjonen gjerast så teknologinøytral at den femnar om gjenstandar som kan skyte eller sende ut prosjektil, stoff eller substansar uavhengig av kva innretning som kravst for å skyte med gjenstanden.

Departementet sitt framlegg til definisjon av ammunisjon er gjort noko vidare enn utvalet sitt utkast. Bakgrunnen er å klargjere at også komponentar som drivmiddel og tennmiddel omfattast av lova. Ein slik definisjon vil tryggje at det ikkje oppstår lovmessige tomrom mellom dei ulike lovene som regulerer tilgang, handtering og bruk av slike eksplosive stoff. Den nærare harmoniseringa av dei ulike regelverka vert lagt til forskrift.

I departementet sitt lovframlegg er det ikkje gjeve nokon særskilte definisjon av deaktiverte skytevåpen, men det gjevast ei tilvising til reglane i lovframlegget § 27 som regulerer når eit våpen skal reknast for deaktivert. Departementet tilrår heller ikkje å lovfeste særskilte definisjonar av dei ulike formene for næringsverksemd som etter lovframlegget vil krevje særskilt løyve frå politiet. Desse definisjonane gjeld meir ålmenngyldige forhold, som etter departementet sitt syn ikkje krev nokon særskilt definisjon for å kunne gjerast tilstrekkeleg klår.

## 6 Lova sitt saklege og stadlege verkeområde

### 6.1 Sakleg verkeområde

#### 6.1.1 Gjeldande rett

Gjeldande våpenlov har ikkje særskilte reglar som angjev kva gjenstandar som er omfatta av lova sitt saklege verkeområde. Våpenlova §§ 7, 8 og § 13 set mellom anna krav om at den som vil erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som nemnt i §§ 1 til 3 må ha løyve frå politiet. Våpenlova sine krav til løyve for erverv og innehav er såleis i hovudsak avgrensa til å gjelde for desse gjenstandane. Vidare gjev våpenlova § 6 a heimel til å forskriftsfeste forbod mot våpen og liknande gjenstandar som ikkje reknast som skytevåpen etter § 1.

Etter våpenlova § 4 gjeld ikkje lova for skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemt for eller som tilhøyrar Forsvaret, samt ammunisjon som er bestemt for eller som tilhøyrar Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Etter våpenlova § 5 er også nærare bestemte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, som grunna si utforming berre er eigna til sine særreignede føremål, unnateke frå lova sitt verkeområde.

#### 6.1.2 Internasjonale rammer

Noreg har gjennom tilslutning til EU sin våpenkontroll, FN sin våpenprotokoll og FN sin avtale om våpenhandel (ATT) bunde seg til å innføre nasjonalt regelverk om kontroll med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Dette gjer at våpenlova sitt saklege verkeområde må harmonere med det internasjonale regelverket sine definisjonar av desse gjenstandane. Det vert elles synt til omtalen i punkt 5.4.2 av kva som reknast for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

#### 6.1.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår å fastsette særskilte reglar om lova sitt saklege verkeområde.

Etter framlegget skal lova sitt verkeområde omfatte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, samt nærare bestemte gjenstandar som ikkje reknast for skytevåpen.

Utvalet sitt lovutkast vidarefører gjeldande reglar om unntak for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som høyrer til politiet eller Forsvaret, samt unnataka for nærare bestemte skytevåpen i gjeldande våpenlov § 5. Utvalet føreslår å ta bort unnataket for ammunisjon som er bestemt for eller som tilhøyrar Sprengstoffinspeksjonen, og syner til at denne er lagt ned.

#### 6.1.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap* syner til at den negative avgrensinga mellom våpenlova og brann- og eksplosjonsvernlova skapar uklare grenser for korleis krut og tennmiddel skal regulerast. Dei meiner at erverv av mindre mengder krut og tennmiddel til eige bruk bør regulerast i våpenlova og at det i våpenlova bør gjevast ein forskriftsheimel til å gje nærare reglar for erverv og innehav av ammunisjon.

#### 6.1.5 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at lovframlegget bør ha ein regel som definerer lova sitt saklege verkeområde. Ein slik regel er gjeve i lovframlegget § 3. Våpen som ikkje reknast for skytevåpen kan også ha eit stort skadepotensiale. Av pedagogiske omsyn tilrår departementet at lovframlegget klargjer at verkeområdet også omfattar slike gjenstandar. Departementet er elles samd med utvalet i at det bør fastsettast i forskrift kva våpen som skal vere omfatta av lova sitt verkeområde.

Departementet tilrår å vidareføre gjeldande unnatak for dei våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som vert nytta av Forsvaret og politiet. Desse etatane sine behov for tilgang til og bruk av slike gjenstandar skil seg vesentleg frå det lova er meint å skulle regulere, og etatane har interne instruksar for tenestleg bruk, som stettar dei omsyn som våpenlova skal verne om. Departementet meiner likevel at lovframlegget sitt unntak bør gjerast snevrare enn gjeldande våpenlov slik at lova også skal gjelde for utlån av skytevåpen som tilhøyrar politiet eller Forsvaret til privat

bruk. Slike utlån vil ofte gjelde skytevåpen med stort skadepotensiale, som heilautomatiske rifler og handvåpen. Behovet for å føre kontroll med slike gjenstandar er såleis minst like stort som ved anna erverv og innehav.

Når det gjeld våpenlova si avgrensing mot ammunisjon som er bestemt for eller som tilhøyrar Sprengstoffinspeksjonen, synast ikkje utvalet å ha vore merksam på at Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap har overteke dei oppgåver som før låg til Sprengstoffinspeksjonen, noko som er presisert i lovendring som kom til etter at utvalet leverte si innstilling. Departementet meiner difor at gjeldande avgrensing mot ammunisjon som regulerast etter brann- og eksplosjonsvernlova bør vidareførast med nokre presiseringar.

Departementet er vidare samd med Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap i behovet for å klargjere kva regelsett som skal gjelde for erverv og innehav av ammunisjon som inneheld eksplosive stoff. Ei nærare regulering av våpenlova sitt verkeområde for ammunisjon som også høyrer inn under Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap sitt ansvarsområde bør fastsettast i forskrift.

## 6.2 Stadleg verkeområde

### 6.2.1 Gjeldande rett

Gjeldande våpenlov har ikkje særskilte reglar som definerer lova sitt stadlege verkeområde, men har reglar som avgrensar lova sitt verkeområde på Svalbard. Våpenlova § 32 første ledd fastset at våpenlova også gjeld for Svalbard «[m]ed de endringer Kongen bestemmer av hensyn til de stedlige forhold [...]». Kongen er vidare gjeve heimel til å kunne fastsette særskilte reglar for sending av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mellom Noreg og Svalbard, jf. våpenlova § 32 andre ledd. I våpenforskrifta er det gjort bruk av denne forskriftsheimelen, slik at reglane i § 75 om Europeisk våpenpass og § 84 om krav til transport ikkje gjeld for Svalbard.

I forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon del II nr. 19 er det vidare gjort unnatak frå våpenlova § 23 for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som vert sendt mellom Noreg og Svalbard.

### 6.2.2 Internasjonale rammer

Noreg har gjennom Schengen-avtalen og ratifikasjonen av FN sin våpenprotokoll og FN sin avtale

om våpenhandel (ATT), forplikta seg til å innføre nasjonalt regelverk som tryggjar kontroll med tilgangen til og handel med gjenstandar som er omfatta av konvensjonane og avtalen sitt verkeområde. Dette krev at alt norsk territorium har reglar som oppfyller desse pliktene.

### 6.2.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet sitt framlegg bygger i stor grad på lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff § 4, som presiserer i kva grad lova gjeld utanfor Noreg sitt fastland. Utvalet syner til dei særskilte forhold som gjeld for Svalbard og for norskregistrerte skip, og meiner dei grunngjev særskilte unntak frå våpenlova si normalordning.

### 6.2.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Sysselmannen på Svalbard (Sysselmannen)* syner til dei særskilte behov for tilgang til skytevåpen på Svalbard og meiner det bør gjevast eigen forskrift om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for Svalbard. Sysselmannen legg til grunn at denne forskrifta må halde seg innafor våpenlova sine ytre rammer, og at lova difor må utformast med tanke på at den også skal gjelde for Svalbard.

### 6.2.5 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at lovframlegget bør ha eigne reglar om lova sitt stadlege verkeområde. Sysselmannen har i si høyringsfråsegn synt til stadlege forhold som gjer det naudsynt med særskilte reglar for Svalbard. Sjølv om det ikkje er nokon fast bestand av isbjørn på Jan Mayen, kan det også der vere behov for å ha med skytevåpen til vern mot isbjørn. For dei norske bilanda vil det ikkje vere utfordringar knytt til isbjørnfare. Det vil likevel i framtida kunne oppstå behov for å ta med skytevåpen også til desse områda. Avstanden til fastlandet eller andre særskilte forhold vil då kunne gjere det naudsynt med særskilte unntak frå lova.

Departementet meiner difor at lovframlegget bør gje heimel til å forskriftsfeste særskilte reglar for både Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, sjå lovframlegget § 4.

Departementet meiner vidare det ikkje er naudsynt å lovfeste ein regel om at norskregistrerte skip heilt eller delvis skal vere unnateke frå lova sitt verkeområde. Utvalet sitt framlegg er grunna i behovet for skytevåpen til vern mot piratangrep i nærare bestemte farvatn. Endringar i dei stadlege forholda kan gjere at behovet for særord-



ningar fell bort for norskregistrerte skip, eller at også andre verksemdar kan ha behov for tilsvarende unnatak frå våpenlova sine reglar. Departementet tilrår difor at lovframlegget fastset for-

skriftsheimlar til å kunne gjere unnatak frå lova sitt verkeområde, slik at regelverket er tilpassa eventuelle framtidige behov for særordningar, sjå lovframlegget § 41 nr. 3.

## 7 Kva våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som skal kunne ervervast

### 7.1 Kva erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som krev løyve frå politiet

#### 7.1.1 Gjeldande rett

Etter våpenlova § 7 første ledd må personar som skal erverve skytevåpen eller våpendelar ha løyve frå politiet. Vidare er det i våpenlova § 8 sett krav til løyve for å eige eller å ha skytevåpen. Nærare bestemte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, medrekna deaktiverte skytevåpen, er heilt eller delvis unnateke frå lova sitt verkeområde og er ikkje løyvepliktig etter §§ 7 og 8, jf. våpenlova § 1 andre ledd, § 5 og våpenforskrifta § 1. Vidare er det heller ikkje krav om løyve for å ha glattbora haglevåpen med enkeltskotlading, samt løyvepliktige luft- og fjørvåpen, som er erverva før 1. oktober 1990, jf. forskrift 24. august 1990 nr. 688 om ikrafttredelse av lov av 9. mars 1990 nr. 4 om endring i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v.

Erverv av ammunisjon krev enten løyve frå politiet eller at vedkomande har lovleg tilkomst til eit skytevåpen som ammunisjonen kan brukast i, jf. våpenlova §§ 13 og 14 og våpenforskrifta § 31. Kva gjenstandar som reknast for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er nærare omtala i punkt 5.2.1.

#### 7.1.2 Internasjonale rammer

Etter EU sitt våpendirektiv artikkel 7 og 10, jf. vedlegg I, skal medlemsstatane syte for at erverv og innehav av nærare bestemte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon krev løyve frå styresmaktene. Kva skytevåpen som er omfatta av dette løyvekrevet er nærare skildra i vedlegg I til direktivet, og omfattar mellom anna pistol, revolver, halvautomatiske våpen med lause magasin, samt pipe og låsekasse til våpentypar som er undergjeve løyveplikt.

For andre våpentypar er det i artikkel 8 nr. 1, jf. vedlegg I, sett krav om at medlemsstatane skal

etablere ordningar med registreringsplikt, noko som betyr at den som ervervar eller har slike skytevåpen må registrere ervervet eller innehavet hjå politiet, men utan at det kravst noko særskilt løyve. Etter vedlegg I til våpendirektivet er glattbora haglevåpen med enkeltskotlading unnateke frå kravet til registreringsplikt, men slik at medlemsstatane likevel skal syte for å ha kontroll med kven som har slike skytevåpen som er erverva etter 28. juli 2010, jf. artikkel 4 nr. 5.

I det reviderte våpendirektivet er definisjonen av *vital våpendel* («essential component») i artikkel 1 nr. 2 gjeve eit vidare verkeområde, slik at fleire våpendelar omfattast av løyveplikta etter artikkel 7. Vidare er det i artikkel 8 nr. 1, jf. vedlegg I, sett krav om registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen og glattbora haglevåpen med enkeltskotlading, samt at skytevåpen som er omgjort til berre å kunne skyte ammunisjon utan prosjektil skal reknast i den kategori som skytevåpenet var klassifisert i før omgjeringa.

Etter det reviderte våpendirektivet gjeld kravet til registreringsplikt for deaktiverte våpen for våpen som er deaktivert i samsvar med EU sin gjennomføringsforordning EU 2015/2403, samt at kravet til registreringsplikt for glattbora hagler med enkeltskotlading gjeld for våpen som er lagt ut for sal frå 14. september 2018, jf. vedlegg I punkt IV i det reviderte våpendirektivet. Medlemsstatane skal gjennomføre dei nye krav til registreringsplikt innan 14. mars 2021, jf. vedlegg II artikkel 2 nr. 4.

Det reviderte våpendirektivet artikkel 5b sett også krav til at medlemsstatane skal etablere ordningar med kontroll av kjøpar sin identitet ved distansehandel av løyve- eller registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Ved slik handel skal enten ein godkjent våpenhandlar eller ein representant frå styresmaktene kontrollere kjøpar sin identitet og at vedkomande har løyve før gjenstanden overleverast kjøpar.

### 7.1.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

#### 7.1.3.1 Erverv av skytevåpen

Våpenlovutvalet føreslår i hovudsak å vidareføre gjeldande rett. Utvalet føreslår likevel som noko nytt å innføre eit krav til løyve for deaktiverte våpen, og at desse også registrerast i våpenregisteret. Utvalet meiner at reglane for å kunne erverve og ha deaktiverte skytevåpen bør vere lik dei som gjeld for funksjonelle skytevåpen, men slik at ervervar ikkje treng dokumentere eit særskilt behov, samt at reglane for oppbevaring og transport gjerast mindre strenge. Utvalet meiner at krav om løyve og registrering også bør gjelde for våpen som allereie er deaktiverte.

#### 7.1.3.2 Erverv av våpendelar og ammunisjon

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande reglar om krav til løyve- og registreringsplikt for å kunne erverve og ha piper og låskasser til skytevåpen.

Eit fleirtal føreslår å innføre løyveplikt for våpenmagasin med kapasitet på over 10 patroner for tohandsskytevåpen (rifler og hagler) og 20 patroner for pistol og at våpenmagasin skal registrerast i våpenregisteret. Denne løyveplikta skal gjere at berre personar som har eit sakleg behov skal kunne erverve slike våpenmagasin. Fleirtalet grunnlegg framlegget med at våpenmagasin i monaleg grad aukar skadepotensiale til skytevåpen og at det difor er viktig å føre kontroll med kven som har tilgang til slike våpenmagasin.

Mindretalet er samd med fleirtalet i at våpenmagasin med stor patronkapasitet gjev skytevåpen eit særskilt stort skadepotensiale. Mindretalet meiner at eit krav om løyve for erverv av slike våpenmagasin vil vere uråd å gjennomføre og tilrår å innføre eit forbod mot å erverve eller å ha lause våpenmagasin med større patronkapasitet enn seks for tohandsskytevåpen (hagler og rifler) og 18 for pistol. Utvalet føreslår til sist å lovfeste gjeldande reglar for løyve til erverv av ammunisjon utan materielle endringar.

### 7.1.4 Høyringsinstansane sitt syn

#### 7.1.4.1 Erverv av skytevåpen

*Oslo politidistrikt* reknar med at framlegget om å innføre løyve- og registreringsplikt på deaktiverte skytevåpen vil vere særskilt ressurskrevjande og at det eventuelt bør vurderast kva følgjer innehav av uregistrerte deaktiverte skytevåpen skal ha. Distriktet meiner at betre kontroll med innførsel av

deaktiverte skytevåpen vil kunne vere eit alternativ til registreringsplikt. *Kripos* og *Hordaland politidistrikt* gjev uttrykk for liknande synspunkt.

*Vestoppland politidistrikt* støttar framlegget om å innføre løyve- og registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen.

*Norges Jeger- og Fiskerforbund* meiner at ei løyve- og registreringsplikt berre bør gjelde for deaktiverte skytevåpen som opphavleg har vore heil- eller halvautomatiske. Forbundet syner vidare til at framlegget vil vere kostnads-krevjande, og at ei ordning med kontroll av kven som kan erverve slike gjenstandar vil gje ein meir ressurseffektiv kontroll. *Norsk Våpenhistorisk Selskap* gjev uttrykk for liknande synspunkt.

*Norske Reserveoffiserers Forbund* meiner at framlegget om løyve- og registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen ikkje i nemnande grad vil betre samfunnstryggleiken.

#### 7.1.4.2 Erverv av våpendelar og ammunisjon

*Politidirektoratet* syner til at våpenmagasin med stor patronkapasitet er fritt tilgjengeleg i våre naboland og over internett, og meiner at framlegget om løyve- og registreringsplikt ikkje vil vere eigna til å avgrense skadepotensiale til halvautomatiske skytevåpen.

*Kripos* syner til at våpenmagasin med stor patronkapasitet finst i eit stort tal, og at slike magasin snøgt vert slitne ut. *Kripos* meiner difor at det vil vere nær uråd å gjennomføre eit krav om løyve- og registreringsplikt på slike magasin. Vidare synast det til at slike magasin fritt kan ervervast frå andre land, og at framlegget difor ikkje vil ha nokon nemnande betydning for samfunnstryggleiken. *Kripos* tilrår at det ikkje vert innført nokon kontroll med våpenmagasin, men meiner at ein eventuell kontroll bør gjerast ved å gje personar som har eit sakleg behov for våpenmagasin med stor patronkapasitet eit generelt løyve til å erverve og ha slike gjenstandar. *Rogaland og Troms politidistrikt*, samt dei jakt-, skyttar- og våpensamleforeiningar som har gjeve fråsegn uttrykkar tilsvarende synspunkt.

Ingen av høyringsinstansane har fremja motsegner mot våpenlovutvalet sitt framlegg til reglar om erverv av ammunisjon.

### 7.1.5 Departementet sine merknader

#### 7.1.5.1 Erverv av skytevåpen

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at gjeldande ordning om krav til løyve for å kunne

ervert og ha skytevåpen bør vidareførast, sjå lovframlegget § 5 første ledd. Departementet er vidare samd med utvalet i at kontrollen med deaktiverte skytevåpen må styrkast, men finn ikkje grunn til å innføre løyveplikt for deaktiverte skytevåpen.

Skytevåpen som er deaktivert på lovleg måte har eit vesentleg lågare skadepotensiale enn funksjonelle skytevåpen. Dette gjeld særleg etter at det er innført strengare tekniske krav for deaktivering i 2016. Dei strenge krav til deaktivering tilseier at det ikkje er behov for like streng kontroll med kven som ervervar og har deaktiverte skytevåpen. Som Kripos og Oslo politidistrikt framhevar i sine høyringsfråsegner vil det vere sær s ressurskrevjande å innføre løyveplikt for å kunne ervert og ha deaktiverte skytevåpen. Departementet syner også til at EU sitt reviderte våpendirektiv ikkje fastset krav til løyveplikt for deaktiverte skytevåpen og tilrår at det berre vert fastsett reglar om registreringsplikt. Ei registreringsplikt vil bety at den som skal ervert deaktiverte skytevåpen må registrere våpenet hjå politiet, som førar opplysningane om våpenet og dei som ervervar gjenstanden i det sentrale våpenregisteret.

Departementet vil framheve at sjølv om det ikkje kravst løyve for å kunne ha deaktiverte skytevåpen, vil politiet likevel kunne nekte personar å ervert og ha slike skytevåpen om vedkomande ikkje oppfyller dei personlege vilkåra for våpenløyve, sjå lovframlegget § 31 andre ledd. Departementet reknar ei slik ordning som tilstrekkeleg for å førebygge mogelege skadeverknader knytta til innehav av denne våpentypen.

Departementet tilrår å fastsette dei nærare reglane om registreringsplikt i forskrift, sjå lovframlegget § 5 tredje ledd.

Som nemnt i punkt 7.1.2 siste avsnitt set EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 5b krav til kontroll av løyve og identitet ved distansehandel. Departementet tilrår å fastsette ein forskriftsheimel som gjennomfører kravet, sjå lovframlegget § 41 nr. 4.

#### 7.1.5.2 Ervert av våpendelar og ammunisjon

Departementet sluttar seg til våpenlovutvalet sitt syn om at ordninga med løyveplikt for nærare bestemte våpendelar bør vidareførast. Departementet meiner likevel at den våpentekniske utviklinga gjer det naudsynt å kunne fastsette reglar om løyveplikt for andre våpendelar enn pipe og låskasse. Det synast her mellom anna til at ein-skilde våpenkonstruksjonar er laga utan nokon tradisjonell låskasse. Departementet tilrår difor at

den nærare reguleringa av kva våpendelar som skal vere løyvepliktige vert lagt til forskrift, sjå lovframlegget § 6 tredje ledd.

Departementet tilrår å innføre ein forskriftsheimel til å kunne innføre registreringsplikt utan krav om særskilt løyve for ervert av nærare bestemte våpendelar. Denne ordninga vert i dag praktisert for ervert av nye piper for rifler der eigaren vil behalde den gamle pipa. Ein regel om registreringsplikt utan krav til særskilt løyve gjev politiet god kontroll med omsetnaden av våpendelar samstundes som den er mindre ressurskrevjande enn eit krav om løyveplikt. Regelen vil også kunne gjennomføre dei krav som EU sitt våpendirektiv set for kontroll med nærare bestemte våpendelar. Politiet vil kunne nekte personar å ha registreringspliktige våpendelar om vedkomande ikkje oppfyller dei personlege vilkåra for våpenløyve, sjå lovframlegget § 31 andre ledd.

Når det gjeld spørsmålet om å innføre løyveplikt på våpenmagasin, syner departementet til dei motsegner til denne ordninga som er kome i høyringa. Ingen av høyringsinstansane har ytra ønske om å vidareføre fleirtalet i utvalet sitt framlegg på dette punktet. Mellom anna Politidirektoratet og Kripos syner til at framlegget vil vere sær s krevjande å gjennomføre, samt at tiltaket vil vere lite eigna til å førebygge uønskte hendingar med skytevåpen. Manglande krav til merking, og det at våpenmagasin må bytast ofte, gjer det også i praksis uråd å gjennomføre ei løyve- og registreringsplikt. Departementet er samde i desse motsegnene og følgjer ikkje opp fleirtalet i utvalet sitt framlegg om å innføre løyveplikt for våpenmagasin. Sjå også omtale i punkt 7.2.5.2.

Departementet sluttar seg til utvalet sitt framlegg om å vidareføre reglane om krav til løyve for ervert av ammunisjon, og syner også til at det ikkje har kome motsegner mot framlegget i høyringa. Regelen står i lovframlegget § 7.

Departementet tilrår til sist å gje ein forskriftsheimel til å fastsette krav til kontroll av løyve og identitet ved distansehandel, som gjennomfører kravet i EU sitt våpendirektiv artikkel 5b, sjå lovframlegget § 41 nr. 4.

## 7.2 Forbudne og tillatne våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

### 7.2.1 Gjeldande rett

Våpenlova set ikkje forbod mot ervert av særskilte våpen skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, men Kongen kan i medhald av våpenlova § 6

a gje forbod mot å importere, omsette eller eige nærare bestemte våpen, skytevåpen og ammunisjon. Våpenforskrifta kapittel 2 set forbod mot å erverve krigsvåpen, heilautomatiske skytevåpen, skytevåpen som er kamuflert som ein annan gjenstand, nærare bestemte ammunisjonstypar og våpen som ikkje reknast for skytevåpen. Politidirektoratet har i medhald av våpenforskrifta § 7 andre ledd fastsett ei særskilt forskrift om tillatne halvautomatiske skytevåpen, samt forbod mot nærare bestemte skytevåpen (Forskrift 9. september 2011 nr. 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen).

For erverv til samling kan Politidirektoratet på særskilte vilkår gje fritak frå våpenforskrifta sine forbod, jf. våpenforskrifta § 16 fjerde ledd. Under føresetnad av at desse vilkåra er oppfylte kan det såleis ervervast skytevåpen til samling som ikkje er tillatne til jakt eller sportsskyting, slik som maskinpistolar og andre heilautomatiske skytevåpen. Etter våpenforskrifta § 53 og § 54 kan Politidirektoratet gje fritak frå forboda mot innførsel av nærare bestemte våpen som ikkje reknast som skytevåpen, samt frå forboda mot innførsel av nærare bestemte skytevåpen og ammunisjon. Denne fritaksheimelen har vore praktisert slik at den også kan gje fritak frå forboda mot å erverve og ha nærare bestemte våpen, skytevåpen og ammunisjon.

Til sist er det i våpenforskrifta § 23 a gjeve ein særskilt fritaksregel for erverv av nærare bestemte våpentypar til vern mot piratåtak mot norskregistrerte skip som seglar sør for 46 grader nordleg breidde.

### 7.2.2 Internasjonale rammer

Etter EU sitt våpendirektiv artikkel 6 kan medlemsstatane berre unnataksvis gje løyve til å erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i kategori A når slikt løyve ikkje strid mot omsynet til offentleg tryggleik og orden. Kva som reknast for skytevåpen og ammunisjon i kategori A er definert i vedlegg I til direktivet og omfattar tyngre militærvåpen slik som rakettar og liknande, heilautomatiske skytevåpen og skytevåpen kamuflert som annan gjenstand, samt låskasse, kammer og pipe til slike skytevåpen. Eksplosiv og brannstiftande ammunisjon, samt ekspanderande ammunisjon til pistol eller revolver reknast som ammunisjon i kategori A. For sistnemnte ammunisjonstype er det gjort unnatak for ammunisjon som brukast til jakt eller sportsskyting.

I det reviderte våpendirektivet gjevast det strengare reglar for kven som skal kunne erverve

gjenstandar som nemnt i kategori A. Etter den nye artikkel 6 kan medlemsstatane berre gjere unnatak frå det generelle forbodet mot å gje løyve til erverv og innehav av skytevåpen og ammunisjon i kategori A til nærare bestemte føremål slik som museum, vern av skipsfart, våpensamlarar og liknande. For sportsskyttarar er det gjeve ein særskilt unnataksregel i artikkel 6 nr. 6 for erverv av halvautomatiske skytevåpen med stor eldkraft, som mellom anna set krav til medlemskap og aktivitet i godkjent skyttarforeining.

Vidare er definisjonen i vedlegg I av kva skytevåpen som omfattast av kategori A utvida slik at den også omfattar heilautomatiske skytevåpen som er gjort om til halvautomatisk funksjon, halvautomatiske tohandsskytevåpen (hagler og rifler) med kortare totalengde enn 60 centimeter, halvautomatiske rifler og hagler som kan ladast med meir enn 11 patroner, samt pistolar som kan ladast med meir enn 21 patroner. For skytevåpen med lause magasin er det patronkapasiteten til magasinet som avgjer kva kategori våpenet skal reknast i. Dette betyr at direktivet ikkje set forbod mot halvautomatiske skytevåpen med lause magasin så lenge det brukast magasin med lovleg patronkapasitet. Forbodet mot halvautomatiske skytevåpen med større magasinkapasitet enn 10 eller 20 gjeld ikkje for halvautomatiske skytevåpen som er konstruert for å bruke randtenningspatroner, noko som mellom anna betyr at skytevåpen i kaliber .22 Long Rifle ikkje omfattast av dette forbodet.

Etter vedlegg I til det reviderte våpendirektivet skal funksjonelle skytevåpen som byggast om til berre å kunne skyte lausammunisjon, eller annan ammunisjon utan prosjektil, framleis vere i den kategorien dei var i før omgjeringa. Dette betyr at skytevåpen i kategori A som gjerast om til slike mindre farlege skytevåpen framleis er forbodne i medhald av direktivet.

Etter artikkel 7 nr. 4a i det reviderte våpendirektivet kan medlemsstatane bestemme at personar som hadde løyve til å ha halvautomatiske skytevåpen som før revisjonen var definert som kategori B, kan behalde skytevåpenet i medhald av det gjeldande våpenløyvet.

Etter artikkel 10 nr. 1 i det reviderte direktivet kan berre personar som har særskilt løyve etter artikkel 6 eller 7 nr 4a erverve og ha våpenmagasin for sentertente patroner med patronkapasitet større enn 10 for rifler eller hagler og 20 for pistol. Denne regelen gjeld både for våpenmagasin som er laga for bruk i halvautomatiske skytevåpen og våpenmagasin for skytevåpen med manuell lading. Vitale våpendelar som nemnt i artikkel 1 nr. 2 reknast i den kategorien som det skytevåpen

som våpendelen er meint å skulle brukast i, jf. artikkel 1 nr. 2.

### 7.2.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

#### 7.2.3.1 Forbodne og tillatne skytevåpen

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande forbod mot skytevåpen som vanlegvis brukast som krigsvåpen, heilautomatiske skytevåpen og skytevåpen som er kamuflert som annan gjenstand, og at forboda mot desse våpentypene vert lovfesta. Utvalet meiner vidare at reglane for kva pistolar og halvautomatiske hagler som skal vere tillatne fungerer godt og at desse bør først vidare, slik at desse våpentypene er tillatne med unnatak for nærare bestemte våpentypar som vert forbodne i forskrift.

Utvalet meiner vidare at halvautomatiske rifler bør vere forbodne med unnatak av våpentypar som er særskilt godkjent i forskrift, men er usamde i kva våpentypar som skal tillatast i forskrift.

Eit fleirtal føreslår at ny våpenlov set forbod mot halvautomatiske rifler som ikkje er særskilt tillatne i forskrift, og at det leggast til forskriftsmynda å fastsette dei nærare vilkår for godkjenning av halvautomatiske rifler. Fleirtalet føreset at forskrifta vil gjerast så streng som det til ei kvar tid reknast for naudsynt og føreslår at det i forskriftsheimelen innførast eit forbod mot halvautomatiske rifler som på grunn av sin utforming eller verkemåte står fram som særleg farleg eller ikkje har noko aktverdig bruksområde. Fleirtalet meiner at mellom anna våpenet si skottakt, om våpenet er tilpassa lause magasin med stor patronkapasitet, og høvet til å kunne montere utstyr som lasersikte, bajonett med vidare bør vere sentrale moment i vurderinga av kva som skal vere lovlege halvautomatiske rifler. Dette betyr i praksis at våpenmodellar som opphavleg er konstruert for militæret eller politiet gjerast forbodne.

Eit mindretal sluttar seg til fleirtalet sitt framlegg for regulering av halvautomatiske skytevåpen generelt, men føreslår ein snevrare forskriftsheimel for kva halvautomatiske rifler som kan godkjennast i forskrift. Dei syner til at eldkrafta, og dermed skadepotensialet, til skytevåpen aukar ved bruk av lause magasin. Mindretalet tilrår difor at berre halvautomatiske rifler som har fast eller hengsla magasin som kan ladast med inntil seks patroner, skal kunne ervervast til jakt eller sportskyting.

Eit samla utval tilrår å lovfeste ein generell fritaksheimel, slik at politiet på strenge vilkår skal

kunne gje fritak frå forboda mot nærare bestemte våpentypar.

#### 7.2.3.2 Forbodne og tillatne våpendelar og ammunisjon, og forbod mot våpen som ikkje er skytevåpen

Våpenlovutvalet føreslår å lovfeste ein heimel til å kunne gje forbod mot erverv, innehav, omsetnad, samt inn- eller utførsel av våpendelar som gjev skytevåpen eit særskilt skadepotensiale eller som saknar ein lovleg bruk.

Mindretalet føreslår som nemnt under punkt 7.1.3 å innføre eit generelt forbod mot å erverve eller å ha lause våpenmagasin med patronkapasitet på over 6 patroner for rifle og 18 patroner for pistol.

Utvalet føreslår å lovfeste forboda etter våpenforskrifta § 8 mot nærare bestemte ammunisjonstypar, men slik at politiet på strenge vilkåra skal kunne gje fritak frå forboda.

Utvalet føreslår til sist å lovfeste eit forbod mot nærare bestemte våpen som ikkje er skytevåpen, og føreslår at dei nærare reglane om slike våpen vert fastsett i forskrift.

### 7.2.4 Høyringsinstansane sitt syn

Dåverande *Miljøverndepartementet* (MD) ønskjer eit skarpere skilje mellom dei våpentypar som kan brukast til jakt og våpentypar som brukast av militæret eller politiet. MD meiner at eit generelt forbod mot å bruke heil- eller halvautomatiske jaktvåpen vil kunne vere eigna til å skape eit slikt skilje. MD legg til grunn at jegerar ikkje treng halvautomatiske rifler for å kunne drive jakt på lovleg måte og tilrår at denne våpentypen berre skal kunne ervervast til andre føremål enn jakt. Om dette synet ikkje får gjennomslag støttar MD mindretalet sitt syn på kva halvautomatiske rifler som skal kunne ervervast.

*Politidirektoratet* (POD) støttar mindretalet sitt framlegg om å gje eit generelt forbod mot halvautomatiske rifler med lause magasin eller som kan ladast med meir enn seks patroner. Dei politidistrikt som har gjeve fråsegn om spørsmålet gjev i hovudsak uttrykk for liknande synspunkt. *Vest-oppland politidistrikt* meiner likevel at halvautomatiske rifler som vert nytta i foreiningar som støttar opp om Forsvaret si verksemd framleis bør vere tillatne.

*Kripos* meiner at halvautomatiske rifler bør regulerast på tilsvarende måte som halvautomatiske hagler og pistolar, slik at dei er generelt tillatne med unntak for våpentypar med nærare

bestemte eigenskapar. Kripos synar til erfaringar knytt til godkjenning av slike våpen, og at det ikkje er forhold som gjev grunn for å regulere halvautomatiske rifler på nokon annan måte. Kripos meiner vidare at reglane om forbod mot ein-skilde ammunisjonstypar bør ha fritakshemel for erverv til samling, og at dette vil redusere politiet sitt arbeid knytta til søknader om erverv av ammunisjon til dette føremålet.

*Dynamisk Sportsskyting Norge* (DSSN) understrekar at mindretalet sitt framlegg til regulering av halvautomatiske rifler betyr slutten for dei skytegreiner med rifle som forbundet administrerer, og at dette framlegget er urimeleg strengt. DSSN syner også til at fleirtalet sitt lovframlegg vil gjere dei våpenmodellar som nyttast til dynamisk sportsskyting forbodne, fordi desse våpenmodellane har høg skottakt og brukar lause magasin med stor patronkapasitet.

*Norges Jeger- og Fiskerforbund* meiner at gjeldande ordning for godkjenning av halvautomatiske jaktrifler bør vidareførast. *Våpenrådet* gjev uttrykk for tilsvarende synspunkt, og meiner i tillegg at halvautomatiske skytevåpen som er godkjent i anna EØS-land bør kunne godkjennast for bruk i Noreg utan krav til fysisk kontroll.

*Norsk organisasjon for jegere og skyttere* meiner at halvautomatiske rifler bør regulerast på tilsvarende måte som halvautomatiske hagler og pistolar, slik at dei er tillatne med unntak for nærare bestemte våpentypar. Vidare så tilrår organisasjonen mellom anna å presisere at ekspanderande pistol- og revolverammunisjon også bør kunne brukast til øvingsskyting.

*Norske Reserveoffiserers Forbund* meiner at eit eventuelt forbod mot nærare bestemte våpentyper må følgjast opp med reglar om utførsel som tryggjer at gjenstandane kan omsettast i marknader der slike våpentypar framleis er tillatne.

*Norsk Våpenhistorisk Selskap* (NVS) meiner at våpenforskrifta utan sakleg grunn og utan politisk handsaming har gjort det langt strengare å erverve heil- og halvautomatiske skytevåpen til samling. NVS meiner at dette gjer at våpen med til dømes krigshistorisk betydning vil kunne gå tapt for ettertida, og at det ikkje er forhold kring kriminalitetsutviklinga som gjev grunn til at Noreg skal ha strengare reglar for erverv til samling enn våre naboland. NVS meiner difor at det bør gjerast eit generelt unntak frå våpenlovgjevinga sine reglar om forbodne våpen, slik at godkjente våpensamlarar skal kunne erverve heil- og halvautomatiske skytevåpen. Vidare meiner NVS at eit forbod mot nærare bestemte våpendelar bør presiserast, slik at det gjeng klart fram kva våpendelar som er forbodne.

## 7.2.5 Departementet sine merknader

### 7.2.5.1 Forbodne og tillatne skytevåpen

#### *Forbodne skytevåpen*

Departementet tilrår i samsvar med våpenlovutvalet å vidareføre gjeldande forbod mot erverv av heilautomatiske skytevåpen, skytevåpen som vanlegvis brukast som krigsvåpen og skytevåpen som er kamuflert som annan gjenstand og at forboda vert lovfesta, sjå lovframlegget § 5 andre ledd nr. 1, 2, og 4.

Departementet tilrår også å vidareføre forskriftshemelen i våpenlova § 6 a til å kunne forskriftsfeste forbod også mot andre våpentypar, men slik at det lovfestast kva omsyn som kan grunnge eit forbod, sjå lovframlegget § 5 andre ledd nr. 5. Denne forskriftshemelen gjev høve til å kunne vidareføre gjeldande forbod mot skytevåpen i kaliber med særskilt skadepotensiale, forboda mot halvautomatiske hagler og pistolar med særskilt skadepotensiale, krav til minste pipe-lengde og total lengde for skytevåpen. Sidan skytevåpen er konstruert i eit utal modellar er det vanskeleg i ei lovtekst å femne om alle våpentypar med eit særskilt skadepotensiale. Den våpentekniske utviklinga gjer det også vanskeleg å føreseie kva våpentypar som vil kome til i framtida. Forskriftshemelen vil difor også kunne gje forbod mot eventuelle andre våpentypar, med tilsvarende skadepotensiale som dei våpentypar som er særskilt forbodne etter lovframlegget § 5 andre ledd.

#### *Særskilt om halvautomatiske rifler*

Halvautomatiske rifler har grunna stor rekkevidde og eldkraft eit særskilt skadepotensiale ved feil- eller misbruk. Gjeldande reglar set ikkje særskilte vilkår for godkjenning av halvautomatiske rifler, ut over at våpentypen ikkje er produsert for eller enkelt kan gjerast om til å gje heilautomatisk eld. Departementet er samd med fleirtalet i utvalet i at våpenlova bør forby dei halvautomatiske riflene som grunna si utforming eller verkemåte har det største skadepotensialet, men tilrår å lovfeste kva våpentypar som skal vere omfatta av forbodet.

Når det gjeld spørsmålet om kva halvautomatiske rifler som skal vere tillatne, er nesten alle dei våpentypane som etter gjeldande regelverk er godkjent for jakt eller sportsskyting, konstruert for bruk av lause magasin. Mindretalet sitt framlegg om berre å tillate erverv av halvautomatiske rifler med fast eller hengsla magasin, vil difor i praksis gjere våpentypen forbode.

Halvautomatiske rifler er grunna sin låge rekyl og enklare ladning særleg eigna for jegerar og

skyttarar med fysiske funksjonshemmingar. Eit absolutt forbod mot halvautomatiske rifler vil difor kunne vere eit stengsel for einskilde sin deltaking i jakt eller skytesport. Som utvalet syner til i punkt 14.2 er det også store skilnader i skadepotensialet til dei ulike halvautomatiske riflene. Departementet tilrår difor ikkje noko generelt forbod mot halvautomatiske rifler, og meiner at avgrensinga av tillatne våpentypar bør skje ut frå andre kriteria enn om dei brukar lause magasin.

Dei halvautomatiske rifler som har største skadepotensialet, er våpenmodellar som opphavleg er konstruert for militæret eller politiet, samt andre halvautomatiske våpen som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon. Slike våpenmodellar kan gje stor eldkraft med høg presisjon, og er laga for å vere enkle å bruke og vedlikehalde. Når slike eigenskapar koplast saman med moderne siktemiddel, kan også mindre trenar skyttarar utløyse våpenet sitt fulle skadepotensiale. Vidare så er desse riflene som regel oppbygd slik at sivilproduserte modellar av denne våpentypen enkelt kan gjerast om til stridsvåpen, mellom anna fordi dei ofte er tilpassa bruk av militære standardmagasin med stor patronkapasitet. Misbruk av rifler som opphavleg er konstruert som stridsvåpen, vil difor ha større skadefølgjer enn ved misbruk av andre våpentypar.

Departementet tilrår difor at det vert lovfest eit generelt forbod mot å erverve og ha halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon, eller for militæret eller politiet. Departementet tilrår likevel at det gjevast nærare bestemte unntak frå dette forbodet for mellom anna sportsskyttarar og våpensamlarar.

Skytevåpen har lang levetid, og om reglane ikkje får verknad for allereie tildelte løyve, vil slike våpen vere tilgjengeleg over lang tid. Ei slik løysing vil difor langt på veg undergrave verknaden av eit forbod. Departementet tilrår difor at forbodet også skal gjelde for allereie tildelte våpenløyve. Det vert tilrådd å fastsette overgangsreglar som legg til rette for at dei som har slike våpen får ein frist på tre år etter ikraftsetjing av denne lova, til å avhende dei våpen som er omfatta av forbodet, sjå lovframlegget § 43. Sjølv om våpenet ikkje lett kan omsettast i Noreg vil dei likevel kunne avhendast til land som framleis tillatar denne våpentypen. Dei våpen som ikkje vert avhenda innan fristen, må innleverast eller deaktivast.

Eit absolutt forbod mot denne typen rifler vil gjere det uråd å konkurrere internasjonalt i skytesportar som krev bruk av halvautomatiske rifler med stor eldkraft. Desse skytesportane organisere

rer per i dag ein liten del av alle sportsskyttarar med rifle, men omfattar sportsskyttarar som konkurrerer på eit høgt internasjonalt nivå. Sjølv om eit forbod berre vil gjelde for eit fåtal sportsskyttarar, vil det få store følgjer for dei få som har lagt ned store ressursar i trening og utstyr for å konkurrere internasjonalt.

Departementet meiner difor at det bør lovfestast ein snever fritaksheimel med strenge krav til aktivitet og opplæring i godkjent skyttarforbund, sjå lovframlegget § 12 tredje ledd. Ved å sette slike krav vil denne fritaksheimelen berre gjelde for aktive konkurranseskyttarar. Denne fritaksheimelen vil også gjennomføre dei krav som EU sitt våpendirektiv artikkel 6 nr. 6 set for erverv av halvautomatiske våpen med stor magasin kapasitet til sportsskyting. Dei nærare vilkår for fritak vil verte fastsett i forskrift. Det vert i tillegg tilrådd å forskriftsfeste krav til kontroll med at dei som har eit særskilt løyve til å erverve og ha slike våpen, framleis oppfyller krav til mellom anna medlemskap og aktivitet i godkjent skyttarforeining, sjå nærare om dette i punkt 8.4.4.2 og punkt 12.1.5.

#### *Tillatne skytevåpen*

Departementet tilrår som utvalet å vidareføre gjeldande reglar om at halvautomatiske hagler og pistolar er tillatne å erverve og ha, med unntak for våpentypar med nærare bestemte eigenskapar. Forboda mot dei halvautomatiske hagler og pistolar med særskilte eigenskapar, vil verte forskriftsfest i medhald av lovframlegget § 5 andre ledd nr. 5. Andre våpentypar enn dei som er særskilt nemnt ovanfor, og som er tillatne etter gjeldande rett, vil i utgangspunktet framleis vere tillatne.

#### *Unntaksreglar for løyve til heil- og halvautomatiske våpen til våpensamling og andre ervervsgrunnlag*

Utvalet har ikkje teke uttrykkeleg stilling til kva våpentypar som skal kunne ervervast til samling, ut over at det i lovutkastet er gjeve ein generell heimel til å kunne gje fritak frå forboda mot å erverve og ha særskilte våpentypar. Ingen av høyringsinstansane har tilrådd å fastsette strengare reglar for kva våpentypar som skal kunne ervervast til privat samling.

Våpensamlingar er ofte oppbygd over tid og kan ha stor økonomisk verdi. Difor er det viktig å gje føreseielege reglar for kva skytevåpen som våpensamlarar kan erverve og ha. Departementet tilrår difor å lovfeste kva våpentypar som skal kunne ervervast til samling.



Etter gjeldande våpenforskrift kan våpensamlarar som over tid har drifta samlinga på ein tilfredsstillande måte, gjevast løyve til å erverve heil- eller halvautomatiske skytevåpen, som enten er spesielt sjeldan eller som har ein særskilt historisk verdi. Slike våpen vil normalt vere eit tillegg til ei større samling av skytevåpen med mindre skadepotensiale. På grunn av vanskar med å skaffe dokumentasjon kring opphavet og bruken til kvart einskild våpen, har regelen vorte praktisert slik at det er tilstrekkeleg å sannsynleggjere at det aktuelle våpenet kan ha vorte bruka i hendingar av særskilt historisk betyding.

Departementet meiner at våpensamlingar gjev eit viktig bidrag til å dokumentere forhold for ettertida, og at denne oppgåva ikkje kan berast av det offentlege åleine. Det offentlege er difor avhengig av private initiativ for å kunne verne om gjenstandar som kan dokumentere forhold av teknisk eller historisk betyding.

Omsynet til å kunne dokumentere krigshistoria og andre forhold av særskilt historisk betyding, tilseier difor at det framleis bør vere mogeleg å erverve både heil- og halvautomatiske våpen med vidare til privat samling, sjå lovframlegget § 13 andre ledd. Gjeldande praksis med å godkjenne erverv av slike våpen i einskildtilfelle, gjer at våpensamlarar normalt berre vil ha nokre få skytevåpen med særskilt stort skadepotensiale. Departementet meiner at gode rutinar for godkjenning av våpensamlarar og etterfølgjande kontroll med samlarane, samt strenge reglar for oppbevaring, vil kunne halde skaderisikoen på eit forsvarleg nivå. Det synast her også til omtalen under punkt 8.5.5.2.

I tillegg til våpensamling er det også behov for å kunne erverve automatvåpen til andre føremål. Etter gjeldande regelverk kan det mellom anna gjevast løyve til å erverve automatvåpen til vern mot piratåtak og til museum for utstillingsføremål. Departementet følgjer difor opp utvalet sitt framlegg om å lovfeste ein fritaksheimel frå forboda mot å erverve eller å ha særskilte våpentypar, sjå lovframlegget § 10.

#### 7.2.5.2 Tillatne og forbodne våpendelar

Departementet støttar våpenlovutvalet sitt framlegg om å lovfeste ein heimel til å kunne gje forbod mot våpendelar som gjev skytevåpen særskilt farlege eigenskapar, eller som saknar ein lovleg bruk, sjå lovframlegget § 6 andre ledd. Departementet meiner at våpendelar som aukar skytevåpenet sin eldkraft eller rekkevidde ut over det lov-

lege behovet normalt vil oppfylle dette vilkåret. Døme på slike våpendelar vil kunne vere skjefte som gjer pistol eller revolver om til tohandsskytevåpen (hagler eller rifler). Denne forskriftsregelen vil også gjennomføre kravet i EU sitt våpendirektiv artikkel 10 nummer 1 om forbod mot å ha våpenmagasin med større patronkapasitet enn 10 for rifler eller hagler og 20 for pistol.

Eit forbod mot særskilte våpendelar vil vere straffesanksjonert, sjå omtalen i punkt 14.6. Reglane om kva våpendelar som skal vere forbodne må difor vere føreseielege og klare, slik at dei oppfyller krava til utforming av straffebod. Departementet meiner at eit generelt forbod mot våpendelar som har nærare bestemte eigenskapar ikkje gjev ei tilstrekkeleg presis gjerningsskildring til at regelen kan straffsanksjonerast. Til sist gjer også den teknologiske utviklinga det krevjande å lovfeste forbod mot nærare bestemte våpendelar. Departementet tilrår difor å forskriftsfeste kva våpendelar som skal vere forbodne, sjå lovframlegget § 6 tredje ledd.

#### 7.2.5.3 Tillaten og forboden ammunisjon

Departementet sluttar seg til våpenlovutvalet sitt framlegg om å lovfeste dei gjeldande forboda mot nærare bestemte ammunisjonstypar, sjå lovframlegget § 7 tredje ledd. Departementet er vidare samd med utvalet i behovet for å fastsette unnataksreglar frå det generelle forbodet mot særskilte ammunisjonstypar, sjå lovframlegget § 10. Denne unnataksregelen vil mellom anna kunne femne om produsentar av ammunisjon til militær bruk. Vidare så tilrår departementet å fastsette ein særskilt unnataksregel for patronsamlarar, sjå lovframlegget § 13 tredje ledd og den nærare omtalen av unnataksregelen i punkt 8.5.5.2.

Departementet tilrår til sist å vidareføre gjeldande forskriftsheimel til også å kunne gje forbod mot andre ammunisjonstypar enn dei som er særskilt nemnt i våpenforskrifta, sjå lovframlegget § 7 tredje ledd nr. 3. Bakgrunnen for denne tilrådinga er at det finst ammunisjon med same skadepotensiale som dei som er særskilt forbode etter våpenforskrifta. Nokre døme på dette er ammunisjon i kaliber 12,7X99 (50BMG), som grunna si store rekkevidde og slagkraft har eit særskilt skadepotensiale utan at det er omfatta av dei generelle forboda, samt ammunisjon som kan trenge gjennom verneutstyr utan at dei reknast for panserbrytande etter gjeldande regelverk.

*7.2.5.4 Forbod mot nærare bestemte våpen som ikkje er skytevåpen*

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at det bør lovfestast ein forskriftsheimel til å gje forbod mot nærare bestemte våpen som ikkje er skytevåpen og kan i hovudsak slutte seg til den

grunngeving utvalet har gjeve i si innstilling, sjå lovframlegget § 8. Departementet sluttar seg også til utvalet sitt framlegg om å lovfeste ein fritaksheimel frå dei generelle forboda mot dei våpen som vert forbodne i medhald av denne forskriftsregelen, sjå lovframlegget § 10.

## 8 Grunnlag for erverv av registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

### 8.1 Innleiing

For å kunne erverve skytevåpen må ein kunne dokumentere eit behov eller annan rimeleg grunn for ervervet, som til dømes jakt eller konkurranseskyting.

I det følgjande vert dei ulike ervervsgrunnlaga handsama for seg, medrekna spørsmålet om kva våpen som skal kunne brukast til dei ulike føremål. Av omsyn til framstillinga vert det i framstillinga brukt nemninga «skytevåpen». Tilsvarande reglar vil likevel gjelde for løyvepliktige våpendelar og ammunisjon.

### 8.2 Internasjonale rammer

EU sitt våpendirektiv sett krav om at medlemsstatane må ha reglar som tryggjar at berre dei som har særskilt løyve kan erverve og ha nærare bestemte skytevåpen. Når det gjeld det nærare grunnlaget for erverv, set artikkel 5 krav om at berre personar som har eit sakleg behov («good cause») skal kunne erverve skytevåpen.

### 8.3 Jakt som grunnlag for erverv og innehav av skytevåpen

#### 8.3.1 Gjeldande rett

Erverv av skytevåpen til jakt er nærare regulert i våpenforskrifta § 12. For å kunne erverve skytevåpen til jakt må søkar dokumentere at vedkomande er innført i Jegerregisteret.<sup>1</sup> Slik innføring er ein føresetnad for å kunne drive det meste av jakt eller fangst, jf. forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst (utøvningsforskrifta) § 8. Politiet kan gjere unnatak frå kravet om innføring i Jegerregisteret, jf. våpenforskrifta § 12 fjerde ledd. Unnataksheimelen er særleg aktuell for erverv av skytevåpen til jakt eller fel-

ling der viltlovgevinga ikkje set krav til gjennomført og bestått jegerprøve.

Personar som er innført i Jegerregisteret kan erverve inntil seks komplette jaktvåpen utan å grunngje behovet ut over at det skal brukast til jakt, jf. våpenforskrifta § 12 andre ledd. For å kunne erverve meir enn seks jaktvåpen, må søkar dokumentere «et meget kvalifisert behov», jf. våpenforskrifta § 12 andre ledd siste punktum. Til jakt kan det som hovudregel berre ervervast skytevåpen som oppfyller viltlovgevinga sine krav til lovleg våpentype, men politiet kan gje fritak frå dette kravet om det ligg føre «særlege grunner», jf. våpenforskrifta § 12 tredje og fjerde ledd. Forskrift 9. september 2011 nr. 930 om forbodne skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen gjev nærare reglar for kva halvautomatiske våpen som kan ervervast til jakt.

#### 8.3.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

##### 8.3.2.1 *Vilkår for erverv*

Eit samla våpenlovutval tilrår å lovfeste jakt som ervervsgrunnlag for skytevåpen. Eit fleirtal i utvalet tilrår å vidareføre gjeldande vilkår for erverv av skytevåpen til jakt. Mindretalet føreslår å lovfeste eit krav om at nye jegerar skal følgjast opp av ein fadder i det første jaktåret, og meiner dette vil styrke den praktiske våpendugleiken.

##### 8.3.2.2 *Erverv av skytevåpen utan særskilt behovsprøving (jaktvåpengarderobe) og tillatne jaktvåpen*

Eit samla våpenlovutval føreslår å lovfeste ordninga med at jegerar skal kunne erverve eit nærare bestemt tal skytevåpen utan særskilt behovsprøving (jaktvåpengarderobe), men slik at talet skytevåpen som kan ervervast vert fastsett i forskrift. Eit fleirtal føreslår at jaktvåpengarderoba framleis bør vere seks skytevåpen.

Eit mindretal meiner at ordninga med jaktvåpengarderobe vert praktisert som det maksi-

<sup>1</sup> I følgje opplysingar frå Statistisk sentralbyrå si heimeside var det per 4. april 2017 registrert 493 228 personar i Jegerregisteret.

male tal skytevåpen som kan ervervast til jakt, og meiner difor at den bør settast til åtte skytevåpen.

Eit samla utval tilrår å vidareføre gjeldande regel om at det som hovudregel berre kan ervervast våpentypar som er godkjent til jakt.

### 8.3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Dåverande *Miljøverndepartementet* (MD) meiner at ny våpenlov bør gje strengare reglar for erverv til jakt av skytevåpen og våpendelar som er laga for militæret eller politiet. MD sitt høyringssvar på dette punktet er nærare omtala under punkt 7.

Dei *jakt-, skyttar-, og våpensamlarorganisasjonane* som har gjeve fråsegn støttar mindretalet sitt framlegg om å auke jaktvåpengarderoba til åtte skytevåpen. *Norsk organisasjon for jegerer og skyttere* meiner også at talet skytevåpen i jaktvåpengarderoba bør lovfestast, slik at regelen vert meir føreseieleg.

### 8.3.4 Departementet sine merknader

#### 8.3.4.1 Vilkår for erverv

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at jakt bør lovfestast som ervervsgrunnlag for skytevåpen, sjå lovframlegget § 11. Når det gjeld spørsmålet om å sette krav til at jegerar skal få tildelt ein fadder for ei nærare bestemt periode, meiner departementet at det ikkje har kome fram opplysingar som tilseier at det er behov for å gjennomføre eit slikt tiltak. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å lovfeste strengare krav enn gjennomført og bestått jegerprøve for erverv av skytevåpen til jakt.

#### 8.3.4.2 Nærare om jaktvåpengarderobe

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at ordninga med såkalla jaktvåpengarderobe bør vidareførast og syner også til at det ikkje har kome motsegner mot dette i høyringa. For å styrke ordninga og betre framskrivninga for den einskilde jeger, tilrår departementet å lovfeste kor mange skytevåpen som jegerar kan erverve utan å dokumentere eit særskilt behov. Denne jaktvåpengarderoba skal dekke gjennomsnittsjegeren sine behov for skytevåpen.

Kor mange skytevåpen ein jeger reknar for naudsynt for å kunne utføre jakta vil variere stort. Høvesvis mange jegerar løyser ikkje jegeravgift årleg, noko som er ein føresetnad for å kunne drive jakt.<sup>2</sup> I samband med ein revisjon av det svenske våpenlovgevinga vart talet skytevåpen

per jeger undersøkt, og det gjennomsnittlege tal skytevåpen per jeger var mellom to og tre.<sup>3</sup> Sverige har tilnærma like høve til å drive variert jakt som Noreg, og det er difor liten grunn til å tru at situasjonen er vesentleg annleis i Noreg. Departementet meiner difor at ei jaktvåpengarderobe på seks skytevåpen vil vere tilstrekkeleg for dei fleste jegerar, og tilrår å vidareføre gjeldande ordning, sjå lovframlegget § 11 første ledd.

Departementet meiner likevel at det bør vere mogeleg å kunne erverve fleire skytevåpen for jegerar som kan dokumentere eit sakleg behov for fleire skytevåpen. Jaktvåpengarderoba skal som nemnt spegle eit gjennomsnittsbehov, og aktive og allsidige jegerar kan difor ha behov for fleire skytevåpen for å kunne utøve ulike jaktformar. Departementet tilrår å vidareføre gjeldande ordning med at politiet kan gje løyve til erverv av meir enn seks komplette skytevåpen, men slik at vilkåra for å kunne erverve fleire skytevåpen gjerast noko meir lempeleg enn etter gjeldande regelverk. Departementet tilrår difor å endre vilkåret «meget kvalifisert behov» til «særskilt behov», sjå lovframlegget § 11 første ledd.

#### 8.3.4.3 Kva skytevåpen som kan ervervast til jaktbruk

Våpenlovutvalet foreslår som nemnt å vidareføre ordninga etter gjeldande rett med at det er viltlov med forskrift som regulerer kva våpentypar som skal kunne ervervast til jakt. Departementet er samd med utvalet i at reglane for erverv bør ta utgangspunkt i kva våpentypar som lovleg kan brukast til jakt etter viltlovgevinga. Våpenlova skal likevel verne om andre omsyn enn viltlovgevinga, og omsynet til samfunnstryggleiken kan grunnkje eit behov for strengare reglar for erverv av skytevåpen til jakt enn det som følgjer av viltlovgevinga. Departementet meiner difor at våpenlova bør sette dei ytre grensene for kva våpentypar som skal kunne ervervast til jakt, sjå lovframlegget § 11 andre ledd.

Etter utøvingsforskrifta § 35 andre ledd kan det brukast pistol eller revolver til avliving av nærare bestemt vilt som er fanga i bås eller fangstbur. Etter gjeldande praksis vert det likevel ikkje gjeve løyve til erverv av pistol eller revolver for avliving av vilt, jf. Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 pkt. 3.5.1. Departementet meiner at skadepotensialet og brukarterskelen for pistolar og revolverar gjer det naudsynt å fastsette særskilte krav til den

<sup>2</sup> I følge opplysingar frå Statistisk sentralbyrå si heimeside løyste 202 352 av totalt 493 228 innmeldte jegerar jegeravgift i jaktåret 2016/2017.

<sup>3</sup> Prop. 1999/2000:27 En skärpt vapenlagstiftning pkt. 6.1.5.

som skal erverve og ha slike våpen, sjå nærare omtale under punkt 8.4.4.1. Departementet er heller ikkje kjent med at bruken av einhandsvåpen gjev ein meir skånsam avliving enn ved bruk av andre våpentypar med mindre skadepotensiale. Departementet tilrår difor å lovfeste at det ikkje kan gjevast løyve til å erverve og ha pistolar eller revolverar til jaktbruk, sjå lovframlegget § 11 andre ledd.

Departementet synar vidare til at det berre kan brukast halvautomatiske rifler med inntil tre patroner i magasinet til jakt og at det difor ikkje er behov for å kunne erverve og ha halvautomatisk rifle med stor eldkraft til jaktbruk, jf. utøvningsforskrifta § 15 tredje ledd. Det vert difor tilrådd å lovfeste at det til jaktbruk berre kan gjevast løyve til å erverve og ha halvautomatiske rifler som er lovlege i eller i medhald av lovframlegget § 5, sjå lovframlegget § 11 andre ledd. Dei nærare krav til kva halvautomatiske rifler som skal vere godkjent til jakt er tilrådd lagt til forskrift, sjå lovframlegget § 11 fjerde ledd. Det synast også til omtalen av dette spørsmålet i punkt 7.

## 8.4 Sportsskyting som ervervsgrunnlag

### 8.4.1 Gjeldande rett

Erverv av skytevåpen til øvings- og konkurranse-skyting er nærare regulert i våpenforskrifta § 13. Slikt erverv føreset at søkar kan dokumentere aktivt medlemskap i godkjent skyttarforeining. For å kunne erverve pistol eller revolver må søkar kunne dokumentere å ha vore aktivt medlem i minst seks månader. Til øvings- og konkurranseskyting kan det ervervast skytevåpen som kan brukast i skyttarforeininga sine godkjente skyttarprogram.

For øvings- og konkurranseskyting kan det som hovudregel berre gjevast løyve til å erverve og ha eitt skytevåpen per godkjent skyteprogram, men det er ikkje sett noko øvre grense for kor mange skytevåpen som kan ervervast totalt, jf. § 13 tredje ledd, tredje punktum. Politidirektoratet har i medhald av våpenforskrifta § 13 fjerde ledd gjeve nærare retningsliner i rundskrivet RPOD-2009-9 punkt 3.5.1.2.2 for kor mange skytevåpen som skal kunne ervervast til sportsskyting ut frå ei vurdering av aktivitet.

### 8.4.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

#### 8.4.2.1 Vilkår for erverv

Våpenlovutvalet føreslår at ny våpenlov lovfestar konkurranseskyting som ervervsgrunnlag for

skytevåpen. Eit fleirtal i utvalet tilrår å ta bort øvingsskyting som sjølvstendig ervervsgrunnlag. Fleirtalet meiner at øvingsskyting er vanskeleg å dokumentere og at dette gjer det krevjande å handheve behovskravet. Fleirtalet meiner likevel at det bør gjerast unnatak for jegerar som ønskjer å betre skytedugleiken til jakt, utan at dette har kome til uttrykk i lovutkastet.

Eit mindretal meiner at det ikkje er grunn til å endre gjeldande regelverk, og syner mellom anna til at mange driv øvingsskyting for å betre skytedugleiken til jaktbruk. Mindretalet meiner likevel at medlemskap i godkjent skyttarforeining framleis bør vere ein føresetnad for erverv av skytevåpen.

Eit samla utval føreslår å innføre ein forskriftsheimel til å sette krav til aktivitet for erverv til sportsskyting.

#### 8.4.2.2 Tillatne våpen til sportsskyting

Våpenlovutvalet tilrår at det framleis skal vere krav om at det berre skal kunne ervervast skytevåpen som er godkjent for den skyteform som gjev grunnlag for ervervet. Utvalet sitt syn på erverv av halvautomatiske våpen til sportsskyting er omtala under punkt 7.2.3.

### 8.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

*Politidirektoratet* (POD) støttar fleirtalet sitt framlegg om å ta bort øvingsskyting som ervervsgrunnlag og meiner ny våpenlov bør avgrense kor mange skytevåpen som skal kunne ervervast til konkurranseskyting. POD støttar også mindretalet sitt framlegg til kva halvautomatiske rifler som skal vere godkjent. Politidistrikta sluttar seg i hovudsak til mindretalet sine merknader.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonane* som har gjeve fråsegn, støttar mindretalet sitt framlegg om å vidareføre øvingsskyting som sjølvstendig ervervsgrunnlag, og meiner mellom anna at fleirtalet sitt utkast vil stride mot prinsippa for breiddeidretten. Fråsegnene om kva skytevåpen som skal kunne ervervast til sportsskyting er nærare omtala i punkt 7.2.4.

### 8.4.4 Departementet sine merknader

#### 8.4.4.1 Vilkår for erverv

Departementet følgjer ikkje opp våpenlovutvalet sitt framlegg om berre å tillate erverv av skytevåpen til konkurranseskyting. Mange personar driv øvingsskyting enten som rekreasjon eller for å

kunne drive jakta på ein forsvarleg måte, utan å ta del i konkurransar. Når øvingskytinga skjer med godkjente våpentypar og som ein del av den godkjente skyttarorganisasjonen sine faste aktivitetar, er det ikkje kome fram opplysingar som tydar på at slik aktivitet utgjer ein større tryggingssisiko enn konkurranseskyting. Departementet tilrår difor å vidareføre gjeldande regelverk i lovframlegget § 12 første ledd, men slik at nemninga «sportsskyting» brukast som eit samleomgrep for øvings- og konkurranseskyting.

Departementet er likevel samd med utvalet i at det bør fastsetjast ein forskriftsheimel til å sette krav til aktivitet i godkjent skyttarforeining for erverv av skytevåpen til sportsskyting. Til sportsskyting vert det bruka både rifle, medrekna halvautomatiske rifler med stor eldkraft, hagle, pistol og revolver. Halvautomatiske rifler med stor eldkraft har grunna si slagkraft og rekkevidde eit særskilt stort skadepotensiale ved misbruk. Pistol og revolver har grunna si kompakte utforming også eit stort skadepotensiale ved at dei enkelt kan berast skjult. Desse våpentypene føreset også ein særskilt aktsemd under bruk og handtering fordi den korte pipelengda gjer det vanskelegare å halde trygg peikeretning enn våpentypar med lengre pipe- og totalleingde.

Kravet til aktivitet bør spegle våpenet sitt skadepotensiale, slik at ein tryggjer at den som ervervar slike våpen både syner ein seriøs interesse for skytesporten og har tilstrekkeleg våpendugleik til å kunne handtere våpenet på ein god måte. Sjølv om rifler med enkeltskot eller manuell omlading og hagler normalt er enklare i bruk, vil det også kunne vere aktuelt å sette krav til opplæring og aktivitet for å tryggje at dei som skal erverve slike våpen har tilstrekkeleg våpendugleik.

Departementet tilrår også å fastsette ein forskriftsheimel til å sette krav til opplæring, noko som allereie vert praktisert i fleire skyttarforbund og tilrår til sist å fastsette heimel til å kunne forskriftsfeste reglar for kor mange skytevåpen som skal kunne ervervast til sportsskyting, som i dag er regulert i Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD-2009 punkt 3.5.1.2.2.

#### 8.4.4.2 *Kva skytevåpen som kan ervervast til sportsskyting*

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at ordninga med at det til sportsskyting berre skal kunne ervervast slike våpentypar som er fastsett i den aktuelle skyttarforeininga sitt tekniske program, som skal vere godkjent av politiet. Departementet

tilrår også at det lovfestast som noko nytt kva våpentypar som skal kunne ervervast til sportsskyting, slik at lovframlegget set dei ytre rammene for kva våpentypar det kan gjevast løyve til. Denne lovfestinga vil omfatte alle dei skytevåpen som det er aktuelt å godkjenne til sportsskyting, men slik at det vert lovfest særskilte krav for når politiet kan gje løyve til å erverve og å ha dei halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale.

Departementet tilrår, som nemnt i punkt 7.2.5.1 at sportsskyttarar skal kunne erverve og ha halvautomatiske rifler med stor eldkraft til sportsskyting. Bruken av denne våpentypen til skytesport gjev løyvehavar god trening i å bruke våpen med stor eldkraft på ein effektiv måte, noko som gjer det viktig å tryggje at berre personar som syner ein seriøs interesse for skytesporten får tilkomst til våpentypen. Departementet tilrår difor at det lovfestast at eit erverv av denne våpentypen til sportsskyting krev eit særskilt løyve og at søkar må oppfylle særskilte krav til aktivitet og opplæring i godkjent skyttarforeining. Desse krava vil mellom anna innebere at søkar over lengre tid har vore aktiv konkurranseskyttar før vedkomande skal kunne gjevast løyve til å erverve halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert med heilautomatisk funksjon eller for militære eller politiet. Dei nærare krav til aktivitet og opplæring er tilrådd lagt til forskrift.

Bruken av denne våpentypen til sportsskyting krev bruk av våpenmagasin med stor patronkapasitet. Departementet tilrår difor at sportsskyttarar som oppfyller dei ovannemnte krav til aktivitet og opplæring i godkjent skyttarforbund også kan erverve og ha nærare bestemte våpendelar som etter lovframlegget § 6 andre ledd berre skal tillast til personar som har særskilt løyve, sjå lovframlegget § 12 tredje ledd. Departementet tilrår vidare at eit slikt særskilt løyve til å erverve og ha våpendelar også skal gjelde for sportsskyttarar med pistol som aktivt konkurrerer i skytesport som krev bruk av våpenmagasin med stor patronkapasitet. Denne lovfestinga av krav til erverv av våpendelar vil også tryggje gjennomføring av dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 6 nr. 6 set for å kunne erverve og å ha skytevåpen med stor magasinkapasitet til sportsskyting (kategori A).

Departementet tilrår også at det gjevast ein særskilt forskriftsheimel til å gje nærare reglar for kva halvautomatiske rifler som skal kunne ervervast til sportsskyting, slik at ein tryggjer kontroll med kva våpentypar som kan brukast til skytesport, sjå lovframlegget § 12 fjerde ledd nr. 4.

## 8.5 Våpensamling som ervervsgrunnlag

### 8.5.1 Gjeldande rett

Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til samling er nærare regulert i våpenforskrifta § 16. Politiet kan gje slikt løyve for skytevåpen som inngår i eit sakleg avgrensa samleområde, når søker er medlem i godkjent samleforeining og oppfyller krava til alder og personlege eigenskapar som er fastsett i våpenlova § 7 og våpenforskrifta § 10. Politidirektoratet kan på nærare bestemte vilkår gje våpensamlar løyve til å erverve våpentypar som ikkje er tillatne til jakt eller sportsskyting, slik som maskinpistolar og liknande militærvåpen. Politidistriktet kan i medhald av våpenforskrifta § 16 fjerde ledd gje løyve til å erverve ammunisjon som ikkje er tilleten til jakt eller sportsskyting til samling, utan at det i forskrifta er sett nærare vilkår for når politiet kan gjere bruk av denne fritaksheimelen.

### 8.5.2 Internasjonale rammer

I EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 2 nr. 2 er det tidlegare unntaket for våpensamlarar teken bort slik at direktivet no også skal gjelde for våpensamlarar. Etter det reviderte våpendirektivet artikkel 6 nr. 3 kan våpensamlarar i særskilte tilfelle gjevast løyve til å erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kategori A (heilautomatiske skytevåpen, halvautomatiske skytevåpen med stor magasinkapasitet m.m.), når våpensamlaren oppfyller dei krav til tryggingstiltak som vert fastsett i medhald av nasjonal rett. Våpensamlarar som er gjeve løyve til å erverve skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kategori A skal føre eigne register over kva gjenstandar dei har i denne kategorien.

### 8.5.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår å lovfeste samling som sjølvstendig ervervsgrunnlag, men er usamde i spørsmålet om vilkåra for godkjenning som samlar av skytevåpen eller ammunisjon. Eit fleirtal syner til at våpensamlingar kan ha eit stort skadepotensiale og føreslår at berre våpensamlingar som har nasjonal interesse skal kunne godkjennast.

Mindretalet meiner at vilkåra for godkjenning av våpensamling bør fastsette strenge krav til personleg dugleik og oppbevaring, og meiner at ei innskjering av krava til godkjente samleområde

ikkje vil redusere skaderisikoen til våpensamlingar. Mindretalet føreslår også å lempe på kravet til skyting med samlevåpen, slik at samlevåpen skal kunne skytast med når det på førehand vert gjeve varsel til det lokale politidistrikt.

I utvalet sitt lovutkast er det også teke inn eit krav til aktivitet, utan at dette er nærare omtala i innstillinga.

### 8.5.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Politidirektoratet* (POD) støttar fleirtalet sitt framlegg til avgrensing av godkjente samleområder. Det same gjer *Hordaland* og *Rogaland politidistrikt*. Hordaland politidistrikt meiner i tillegg at reglane for godkjenning av samleområdet også bør gjelde for samlarar av ammunisjon, sverd, med meir.

*Kripos* meiner at fleirtalet sitt framlegg om å avgrense samleområdet ikkje er grunna i våpenfaglege forhold. Kripos syner mellom anna til at mange samleområde ikkje kan knytast til nasjonalitet. Vidare er Kripos usamd i kravet til aktivitet og meiner dette vil vere vanskeleg å praktisere. Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonane* som har gjeve fråsegn uttrykkar tilsvarande synspunkt.

### 8.5.5 Departementet sine merknader

#### 8.5.5.1 Vilkår for godkjenning som samlar på skytevåpen og ammunisjon

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at samling bør lovfestast som grunnlag for erverv av skytevåpen og ammunisjon, sjå lovframlegget § 13.

Departementet er vidare samd med utvalet sitt fleirtal i at det bør settast vilkår for kva samleområde som kan godkjennast. Utan slike vilkår vil det vere uråd å vurdere om erverv av det einskilde skytevåpenet er grunna i dei omsyn som løyvet føreset. Vilråa for godkjenning må etter departementet sitt syn knytast til om samleområdet dokumenterer historiske eller våpentekniske forhold. Det kan på førehand vere vanskeleg å avgjere kva samleområde som vil vere relevant å dokumentere for ettertida, og difor må vilkåra for godkjenning utformast slik at dei omfattar ulike typar våpensamlingar. Risikoen ved våpensamling er også knytt til våpentypar, og ikkje deira historiske opphav. Departementet tilrår difor ikkje å følgje utvalet sitt framlegg om at samleområdet må ha nasjonal interesse.

Departementet meiner som Kripos at kravet til aktivitet i våpensamlarforeininga er lite eigna til å

dokumentere at vedkomande framleis har behov for våpensamlinga. Våpensamlarforeiningane sine aktiviteter er i hovudsak knytt til foredrag og utstillingar kring nærare bestemte tema som kan vere utan relevans for mange våpensamlarar. Departementet følgjer difor ikkje opp dette framlegget.

Når det gjeld spørsmålet om skyting med samlevåpen, meiner departementet at det er viktig å oppretthalde eit klart skilje mellom erverv av skytevåpen til samling og erverv av skytevåpen til bruk. Føremålet med våpensamlingar er å dokumentere historiske eller våpentekniske forhold, noko som ikkje krev aktiv bruk av skytevåpna. Ei godkjenning som våpensamlar gjev også grunnlag for å kunne erverve både fleire og andre typar skytevåpen enn det som kan ervervast til jakt eller sportsskyting, for at desse gjenstandane skal kunne vernast for ettertida. Lempelige krav til skyting med samlevåpen vil såleis bryte med dei omsyn som grunnleggjer dei særskilte reglane for erverv av skytevåpen til samling. Departementet tilrår difor å vidareføre gjeldande ordning med strenge krav for skyting med samlevåpen.

#### 8.5.5.2 *Kva våpentypar og ammunisjon som kan ervervast til samling*

Våpenlovutvalet nemner ikkje konkret kva våpentypar som skal kunne ervervast til samling. Departementet tilrår som nemnt i punkt 7.2.5.1 å lovfeste gjeldande ordning med at våpensamlar skal kunne erverve alle våpentypar, men at det kravst særskilt løyve for å kunne erverve våpentypar som ikkje er tillatne til jakt eller sportsskyting, medrekna halvautomatiske rifler som nemnt i lovframlegget § 5 andre ledd nr. 3, sjå lovframlegget § 13 andre ledd.

Når det gjeld vilkåra for å kunne erverve og ha skytevåpen og våpendelar som ikkje er tillatne og som krev særskilt løyve, syner departementet til at det i høyringa ikkje har vorte fremja motsegner mot å vidareføre gjeldande vilkår. Departementet tilrår å lovfeste gjeldande vilkår om at det aktuelle våpenet eller våpendelen enten må vere særskilt sjeldan eller ha ein særskilt historisk verdi, men slik at lovregelen betre speglar gjeldande praksis, sjå lovframlegget § 13 andre ledd. Dette betyr at det i lovframlegget ikkje vert sett krav til at våpenet faktisk må ha vore nytta i hendingar av særskilt historisk betydning. Departementet tilrår også å fastsette ein forskriftsheimel til å kunne gje nærare reglar for når politiet kan gje løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar som krev særskilt løyve etter lovframlegget § 5 andre ledd.

Denne forskriftsheimelen skal mellom anna tryggje at regelverket gjennomfører dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 6 nr. 3 set for erverv av skytevåpen og våpendelar i kategori A til samling, sjå lovframlegget § 41 nr. 12.

Spørsmålet om erverv av ammunisjon til samling er ikkje nærare drøfta av våpenlovutvalet. Ammunisjon som er lovleg å bruke til jakt eller sportsskyting vil som utgangspunkt vere omfatta av dei ålmenne vilkåra for godkjenning som samlar. Departementet meiner det bør gjevast meir presise reglar for i kva grad patronsamlarar kan erverve ammunisjon som ikkje er tillatne til jakt eller sportsskyting. Skadepotensialet til slik ammunisjon varierer stort, og det kan difor vere hensiktsmessig å gje relativt detaljerte reglar knytt til både tal, kaliber og prosjektiltype. Departementet tilrår difor at dei nærare vilkåra for erverv av denne typen ammunisjon vert lagt til forskrift, sjå lovframlegget § 13 tredje ledd og femte ledd nr. 4.

## 8.6 Andre ervervsgrunnlag

### 8.6.1 Gjeldande rett

Våpenlova § 7 set ikkje faste grenser for kva føremål som kan gje grunnlag for erverv av skytevåpen. Våpenforskrifta har difor gjeve særskilte reglar om erverv av skytevåpen til nærare bestemte føremål, som til dømes arv og minneverde, vern mot åtak, samt museumsføremål. Denne reguleringa er likevel ikkje uttømmende, slik at det også kan ervervast skytevåpen til andre føremål enn dei som er særskilt regulert i forskrift.

### 8.6.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet syner til at det er vanskeleg å gje ei uttømmende oppstilling av dei føremål som kan gje grunnlag for å erverve skytevåpen. Dei føreslår difor å vidareføre gjeldande reglar, men slik at lovutkastet gjev døme på kva føremål som kan gje grunnlag for erverv. Når det gjeld erverv på grunnlag av arv eller minneverde tilrår utvalet at reglane for erverv tolkast strengare enn etter gjeldande regelverk, slik at søkar må dokumentere at våpenet har eit særskilt minneverde.

### 8.6.3 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader

*Sysselmannen på Svalbard* syner til at dei lokale forhold gjer det naudsynt å ha våpen til vern mot



isbjørn, og tilrår at det vert fastsett ein særskilt regel om tidsavgrensa våpenkort til vern mot isbjørn for opp til tre år. Dette vil etter Sysselemanen sitt syn betre kontrollen med skytevåpen på Svalbard.

Departementet er samd med våpenlovutvalet i behovet for å lovfeste ein heimel til å gje forskrift om andre ervervsgrunnlag enn jakt, sportsskyting og samling, sjå lovframlegget § 14. Departementet kan i hovudsak slutte seg til dei merknader som er fremja i innstillinga.

## 9 Kven som kan erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

### 9.1 Gjeldande rett

---

#### 9.1.1 Krav til alder

Våpenlova § 7 fjerde ledd set krav til minstealder for å kunne erverve skytevåpen og våpendelar. Tilsvarende alderskrav gjeld også for erverv av ammunisjon, jf. § 13. Den ålmenne aldersgrensa er sett til 18 år for rifler og hagler og 21 år for pistol og revolver. Etter våpenlova § 29 fjerde ledd gjeld også aldersgrensa på 18 år for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som ikkje krev løyve frå politiet etter § 5.

Politiet kan på nærare bestemte vilkår gje personar over 16 år fritak frå alderskravet for å kunne erverve og ha rifler og haglevåpen. I tillegg er det gjeve særskilte reglar om aldersgrenser for erverv ved arv. Reglane om aldersgrense er likevel ikkje til hinder for at yngre personar kan få bruke skytevåpen under forsvarleg tilsyn, jf. § 29 andre ledd.

#### 9.1.2 Krav til personlege eigenskapar

I tillegg til alderskravet set våpenlova § 7 og § 8 krav om at politiet berre kan gje løyve til å erverve og ha skytevåpen og løyvepliktige våpendelar til «[...] edruelige og pålitelige personer, som har behov for eller annen rimelig grunn for å ha skytevåpen, og som ikke av særlige grunner anses som uskikket til det.» For juridiske personar må den som er ansvarlig for utlevering, bruk og oppbevaring av skytevåpen eller våpendelar oppfylle krava som gjeld for fysiske personar, jf. våpenforskrifta § 11.

Krava til personlege eigenskapar er skjønnsprega, men må tuftast på konkrete og relevante opplysingar i høve til lova sine vilkår. Politidirektoratet har i rundskriv RPOD 2009-9 punkt. 3.4 gjeve nærare retningsliner for politiet sin skjønnsbruk. Etter praksis vil særleg opplysingar om strafflagde forhold, rusmisbruk og opplysingar om søkjar sin psykiske helsetilstand vere relevante moment i vurderinga.

#### 9.1.3 Internasjonale rammer

EU sitt våpendirektiv artikkel 5 set krav om at medlemsstatane skal ha reglar som tryggjer at berre personar med eit grunngeve behov, og som oppfyller nærare bestemte krav til alder og personleg dugleik, får tilgang til skytevåpen. Etter artikkel 5 bokstav a skal den ålmenne minstealderen for å kunne erverve eller ha skytevåpen vere 18 år. Medlemsstatane kan likevel gjere unnatak frå denne minstealderen for anna erverv enn kjøp av skytevåpen til jakt eller sportsskyting, når enten foreldra samtykker eller den mindreårige er under forsvarleg tilsyn og kontroll. Dette betyr at kjøp av skytevåpen må gjerast av verje eller andre som seinare kan overføre våpenet til den mindreårige. Eit unnatak frå alderskravet føreset at skytevåpna vert oppbevare av enten foreldra eller ein vaksen med gyldig våpenløyve.

Etter artikkel 5 bokstav b skal medlemsstatane hindre at personar som det er grunn til å tru kan vere ein fare for seg sjølv, omgjevnadane eller den offentlege orden og tryggleik, ikkje får tilkomst til skytevåpen.

### 9.2 Om kravet til alder

---

#### 9.2.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår i hovudsak å vidareføre gjeldande rett, men tilrår likevel å gjere nokre endringar. Utvalet syner til at gjeldande regelverk er krevjande å etterleve for aktive pistol- eller revolvertskyttarar under 21 år, fordi dei ikkje sjølv kan transportere våpenet til eller frå trening eller konkurransar. Utvalet føreslår difor at særleg aktive skyttarar over 18 år kan få fritak frå alderskravet for eitt år av gangen. Utvalet har også gjeve framlegg om å heve aldersgrensa for godkjenning som våpensamlar til 21 år. Til sist føreslår utvalet at det i våpenforskrifta vert sett ei aldersgrense på 21 år for å kunne erverve halvautomatiske rifler til sportsskyting.

### 9.2.2 Høyringsinstansane sitt syn

Dåverande *Miljøverndepartementet* tilrår å vidareføre gjeldande alderskrav, og syner mellom anna til behovet for at unge kan få tilgang til skytevåpen under opplæringsjakt. *Norges Jeger- og Fiskerforbund* gjev uttrykk for tilsvarende synspunkt.

*Dynamisk Sportsskyting Norge* meiner at aldersgrensa for erverv av halvautomatiske rifler til sportsskyting bør vere 21 år.

*Norges paintballforbund* meiner at lovframlegget bør tryggje at personar under 16 år kan nytte paintballvåpen ved organiserte treningar og konkurransar.

*Norsk psykologforening* meiner det bør innførast strengare krav til dokumentasjon av om søkar oppfyller dei personlege vilkåra før det gjevast fritak frå alderskravet.

*Norsk våpeneierforbund* meiner at myndige personar bør kunne erverve finkalibra handvåpen, og at aldersgrensa for erverv av luftvåpen bør settast til 16 år.

*Norsk våpenhistorisk selskap* meiner det ikkje er grunn til å innføre strengare reglar for erverv til samling enn for erverv av skytevåpen som skal brukast.

### 9.2.3 Departementet sine merknader

Departementet sluttar seg til våpenlovutvalet si tilråding om å vidareføre den ålmenne aldersgrensa på 18 år, og syner til at regelen er godt innarbeidd. Sjå lovframlegget § 15. Departementet tilrår ikkje å innføre ei særskilt aldersgrense på 21 år for erverv av halvautomatiske rifler til sportsskyting, og syner til at krava til godkjenning av denne våpentypen er tilrådd å verte strengare. Det synast her til omtalen i punkt 7.2.5.1.

Departementet er vidare samd med utvalet i at gjeldande heimel til å kunne gje løyve til erverv for personar over 16 år bør først vidare og følgjer opp framlegget om å gje personar over 18 år høve til å kunne erverve og ha pistol- eller revolver. Det synast her til utvalet si grunngjeving, som departementet sluttar seg til. Departementet meiner likevel at lovframlegget bør klargjere at mindreårige ikkje kan kjøpe skytevåpen, slik at regelverket gjennomfører dei krav som våpendirektivet artikkel 5 set for korleis mindreårige kan erverve og ha skytevåpen. Det er vanskeleg å lovfeste ålmenne vilkår for fritak, då vilkåra må tilpassast dei ulike ervervsgrunnlaga. Departementet tilrår difor at dei nærare reglane om fritak frå alderskravet vert lagt til forskrift.

Når det gjeld utvalet sitt framlegg om å vidareføre gjeldande reglar om fritak frå alderskra-

vet ved arv, så føreset denne regelen at politiet skal oppbevare gjenstandane om ikkje andre personar kan ha det fram til arvingen når den fastsette alderen. Eit slikt krav betyr at politiet får ansvar for vedlikehald og lagring av skytevåpen, og at brot på denne plikta kan føre til skadebotansvar. Departementet meiner at ei slik lagringsplikt på vegne av arvingar ligg utanom politiet sitt naturlege ansvarsområde og tilrår difor ikkje å vidareføre gjeldande reglar om fritak frå alderskravet ved arv. Dette vil likevel ikkje stenge for at andre personar kan erverve skytevåpen på vegne av arvingen, slik at arvingen kan overta skytevåpenet når vedkomande når den fastsette alder.

Departementet sluttar seg heller ikkje til framlegget om å innføre aldersgrense på 21 år for godkjenning som våpensamlar. Utvalet sitt framlegg er ikkje grunngjeve, og det er difor uklart kva som har vore premissane for dette standpunktet. Eit løyve til å erverve skytevåpen til samling betyr at vedkomande som hovudregel ikkje kan erverve ammunisjon til eller gjere bruk av våpna. Risikoen for feil- eller misbruk av skytevåpen er såleis mindre for erverv til samling enn for erverv til bruk av same våpentype. Departementet meiner difor det ikkje er grunn til å fastsette ein særskilt aldersgrense for erverv til samling, slik at reglane for erverv til samling framleis vert lik dei som gjeld for erverv på anna grunnlag.

Til sist meiner departement at det heller ikkje er grunn til å vidareføre gjeldande heimel til å kunne fastsette høgare aldersgrenser i forskrift. Til no har det ikkje vore gjort bruk av denne heimelen, og departementet meiner at gjeldande krav til minstealder fungerer etter hensikta.

## 9.3 Om kravet til personlege eigenskapar

### 9.3.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår å vidareføre gjeldande krav til personlege eigenskapar, men føreslår i tillegg å innføre eit krav til at vedkomande må oppfylle nærare bestemte helsekrav. Dei nærare krava til helse er tilrådd lagt til forskrift, men utvalet har gjeve nokre merknader til korleis desse bør vere. Utvalet meiner at gjeldande helsekrav for føring av motorvogn kan vere retningsgjevande, men understrekar at helsekrava ikkje må stempla større pasientgrupper som farlege. Utvalet meiner vidare at samanhengen mellom tidlegare valdsbruk og framtidig valdsrisiko er godt dokumentert, og at forskriftsreglane bør presisere at opply-

singar om vald eller trugsmål skal ha stor vekt i vurderinga av om vedkomande kan få våpenløyve.

Eit fleirtal i utvalet meiner at tilknytning til kriminelle miljø, inkludert kriminelle MC-klubbar, normalt må innebere at vedkomande ikkje kan reknast for påliteleg nok til å kunne erverve eller ha skytevåpen. Fleirtalet meiner vidare at heller ikkje personar med ekstreme haldningar som støttar eller unnskyldar kriminalitet normalt vil oppfylle dette vilkåret.

Mindretalet meiner at tilknytning til lovlege organisasjonar i seg sjølv ikkje kan gje sjølvstendig grunnlag for å nekte våpenløyve.

Eit samla utval føreslår å innføre ein heimel til å fastsette karantenetid for personar som ikkje oppfyller krava til personleg dugleik. Utvalet meiner at forhold som vald, trugsmål, rusmiddelbruk, sjukdom med vidare kan gje behov for at vedkomande må kunne syne fråvær av slike forhold over tid, før det kan vere aktuelt å gje lvåpenløyve. Utvalet meiner difor at ein regel om karantenetid vil kunne betre framskrivinga for når vedkomande vil kunne oppfylle krava til personleg dugleik. Utvalet føreslår vidare å innføre ein heimel for politiet til å kunne krevje intervju av personar som søker om våpenløyve, slik at dei i tvilstilfelle kan få eit betre grunnlag for å vurdere søknaden.

For våpenløyve til juridiske personar tilrår utvalet å lovfeste våpenforskrifta sine reglar om at den våpenansvarlege i verksemda må oppfylle dei personlege vilkåra. Utvalet føreslår i tillegg å innføre eit krav om at den juridiske personen må reknast for påliteleg til å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Når det gjeld kravet til sannsyn for at vedkomande oppfyller dei personlege vilkåra, meiner eit fleirtal at samfunnsvernet må gå føre den ein-skilde sitt ønske om å erverve og ha skytevåpen. Fleirtalet meiner difor at ein sakleg og grunngeve tvil om dei personlege vilkåra er oppfylte, må vere tilstrekkeleg for å kunne avslå ein søknad eller å tilbakekalle eit våpenløyve.

Eit mindretal meiner at eit så lempeleg provskrav vil stride mot grunnleggjande rettsprinsipp. Mindretalet meiner difor at politiet må kunne prove det som «sikkert eller overveiende sannsynlig» at vedkomande ikkje oppfyller dei personlege vilkåra for å kunne avslå ein søknad på dette grunnlaget.

### 9.3.2 Høyringsinstansane sitt syn

Dåverande *Miljødepartementet* og *Det nasjonale statsadvokatembetet* støttar våpenlovutvalet sitt framlegg til krav til personleg dugleik.

*Riksadvokaten* meiner at utvalet sitt framlegg gjev eit godt grunnlag for å vurdere dei personlege vilkåra for våpeninnhav, men tilrår å fastsette meir presise krav. Riksadvokaten meiner det bør framhevast at også andre former for kriminalitet enn vald og trugsmål bør kunne stengje for våpeninnhav, då særleg kriminalitet som skapar grunnlag for konfliktsituasjonar og tilknytning til kriminelle miljø. *Politiets sikkerhetstjeneste* gjev uttrykk for liknande synspunkt. Riksadvokaten meiner vidare at det ikkje bør vere noko særskilt kvalifikasjonskrav for skikkavurderinga, og at ordlyden difor bør endrast frå «særlege grunner» til «andre grunner».

*Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane statsadvokatembeter* understrekar betydninga av eit strengt vandelskrav, og behovet for klare reglar for korleis våpenforvaltninga skal reagere på opplysingar som tilseier at vedkomande ikkje oppfyller dei personlege vilkåra.

*Kripos* støttar utvalet sitt framlegg om å innføre særskilte krav til erverv for juridiske personar.

Dei politidistrikt som har gjeve fråsegn støttar utvalet sitt framlegg om krava til personlege eigenskapar. *Troms politidistrikt* støttar ikkje framlegget om å innføre reglar om karantenetid, og meiner at behovet for framskriving kan stettast gjennom forvaltingslova sine reglar om rettleiingsplikt.

*Helsedirektoratet* meiner at helsekrava for å ha skytevåpen må greiast ut langt betre enn det som følgjer av utvalet sitt framlegg.

*Krisesentersekreteriatet* meiner forskning og klinisk erfaring tilseier at risikoen for alvorleg eller dødeleg vald aukar når personar som utøvar slik vald har tilgang til skytevåpen. Sekretariatet støttar difor våpenlovutvalet sine framlegg til presisering av reglane for å nekte våpeninnhav når det er mistanke om trugsmål eller valdsbruk mot nærstående.

*Den norske lægeforening* (legeforening) meiner at ein ikkje utan vidare kan kopiere motorvognlova sine helsekrav for innehav av førarkort, og syner til at helsetilstandar som inneber risiko ved føring av motorvogn ikkje treng utløyse ein risiko for feil- eller misbruk av skytevåpen. Legeforeninga meiner det kan vere fleire helsetilstandar som er vanskeleg å sameine med det å ha skytevåpen, men at det vil vere vanskeleg å lage presise helsekrav, og at spørsmålet må greiast ut betre. Vidare meiner dei at vurderinga av om vedkomande er eigna til å ha skytevåpen er samansett, og at helseopplysingar bør vere eit moment i denne vurderinga.

*Norsk Psykologforening* syner mellom anna til konklusjonane i NOU 2010:3 «Drap i Norge i perioden 2004–2009», og meiner at ein diagnose på psykisk sjukdom i seg sjølv normalt ikkje er tilstrekkeleg for å konstatere ein risiko for valdsbruk. Norsk psykologforening meiner til liks med legeföreningen at det vil vere vanskeleg å fastsette presise helsekrav, og at regelverket bør framheve at det må føreligge ein samanheng mellom helsestilstanden og risikoen for valdsbruk.

*Sivilombodsmannen* syner til at ordninga med karantenetid ved tilbakekall eller avslag på våpenløyve allereie vert praktisert i politiet, og meiner det er behov for å styrke rettsgrunnlaget for denne praksisen.

### 9.3.3 Departementet sine merknader

Departementet sluttar seg til hovudtrekka i våpenlovutvalet si innstilling, sjå lovframlegget § 16, men tilrår å lovfeste vandel som eit sjølvstendig grunnlag for erverv av skytevåpen, og å lovfeste krav til helse som moment i den generelle skikkavurderinga. Departementet er også samd i fleirtalet sine merknader om at ein sakleg grunna tvil til om vedkomande oppfyller dei personlege vilkåra, er tilstrekkeleg for kunne å avslå søknad om eller tilbakekalle våpenløyve.

Etter gjeldande praksis knytast vurderinga av om søkar oppfyller dei personlege vilkåra for å kunne ha skytevåpen i stor grad til søkar sin vandel. Departementet syner til at både utvalet og fleire høyringsinstansar, held fram vandel som det sentrale vilkår for å kunne erverve skytevåpen. Desse høyringsinstansane meiner også at kravet til vandel bør gjerast meir presist.

Departementet er samd med utvalet og høyringsinstansane i at vandel bør vere eit sentralt moment i vurderinga, og meiner at dette kravet bør lovfestast som sjølvstendig vilkår for erverv og innehav av skytevåpen. Det nærare innhaldet i vandelskravet bør fastsettast i forskrift, slik at vandelskravet vert føreseieleg og praktisert på lik måte.

Departementet tilrår å vidareføre kravet om at søkar må vere skikka til å erverve og ha skytevåpen. Dette vilkåret kan omfatte forhold som inneber ein like stor risiko for feil- eller misbruk av skytevåpen som dei andre krava til erverv. Departementet er difor samd med Riksadvokaten i at terskelen for å nekte erverv av våpen bør vere lågare enn «særlege grunner», og tilrår at vilkåret endrast til «andre grunner».

Departementet er vidare samd med Riksadvokaten i at lova bør presisere at tilknytning til krimi-

nelle miljø vil kunne gjere vedkomande uskikka til å inneha skytevåpen. Ein slik tilknytning vil kunne auke risikoen for at skytevåpen vert bruka til kriminelle handlingar, til dømes ved at vedkomande lånar ut skytevåpen og ammunisjon. Departementet tilrår difor å presisere at tilknytning til kriminelle miljø er eit relevant moment i vurderinga av om vedkomande er skikka til å erverve eller ha skytevåpen. Det nærare innhaldet i dette vurderingstema vil verte fastsett i forskrift. Departementet er også samd med Riksadvokaten i at det bør framhevast at også andre former for kriminalitet enn vald og trugsmål bør kunne stenge for våpeninnehav, då særleg kriminalitet som skapar grunnlag for konfliktsituasjonar. Likeins vil opplysingar frå Politiets Sikkerhetstjeneste om at vedkomande kan vere ein tryggleiksrisiko kunne føre til at vedkomande reknast som uskikka. Sidan vurderingstema for skikkavurderinga omfattar mange ulike forhold, vil det verte fastsett forskriftsreglar som utfyllar omgrepet «andre forhold» i lovframlegget § 16 første ledd andre punktum.

Departementet støttar ikkje framlegget om å lovfeste krav til helse som sjølvstendig vilkår for å kunne erverve og å ha skytevåpen. Utvalet sitt framlegg bygger i stor grad på dei helsekrav som gjeld for førarkort. Risikoen ved å ha skytevåpen er i hovudsak knytt til om vedkomande vil kunne gjere alvorlege brotsverk. Dette gjer at helsevurderinga først og fremst vil omfatte psykiske helsestilandar. Vurderingstemaet skil seg difor vesentleg frå helsekrava for førarkort, som i hovudsak gjeld fysiske helsetilandar. Til dømes vil helsetilandar som manglande fargesyn eller epilepsi kunne føre til at personar ikkje kan føre motorvogn på ein trygg måte, medan slike tilandar i liten grad vil påverke evna til å kunne ha skytevåpen.

Som utvalet nemner i premissane for si innstilling, er det heller ikkje dokumentert nokon klar samanheng mellom psykisk helse og valdsbruk. Helsedirektoratet, Legeföreningen og Norsk Psykologforening gjev også uttrykk for liknande synspunkt i høyringsfråsegnene. Det vil difor vere vanskeleg å fastsette så presise helsekrav at dei kan tene som sjølvstendig grunnlag for å vurdere om vedkomande kan ha og bruke skytevåpen på ein trygg måte.

Nokre helsetilandar, som til dømes alvorleg demenstilandar eller psykosar, vil kunne utløyse ein særskilt risiko for feil- eller misbruk av skytevåpen. Slike alvorlege helsetilandar vil gjere vedkomande uskikka til å ha skytevåpen, og dekkast såleis av dei vilkåra som lovframlegget set for våpenløyve. Dei fleste helsetilandar vil likevel

berre utløyse ein risiko om dei verkar saman med andre risikofaktorar, som til dømes rusmisbruk eller sosiale forhold. Kravet til helse vil då vere eitt av fleire moment som samla sett kan gjere vedkomande uskikka til å ha skytevåpen. På grunn av at det vil vere krevjande å fastsette presise helsekrav for våpenløyve meiner departementet det er betre å lovfeste helse som eit moment i den generelle skikkavurderinga, enn at helse skal vere eit sjølvstendig vilkår for erverv av skytevåpen.

Departementet meiner vidare at ei lovfesting av vandelskravet og ei presisering av tema for skikkavurderinga gjer at kravet til at søkar må vere påliteleg mister si sjølvstendige betyding. Departementet tilrår difor ikkje å vidareføre dette vilkåret.

Når det gjeld kravet til edruskap, har ingen av høyringsinstansane fremja motsegner mot å vidareføre dette vilkåret. Departementet er samd med utvalet i at tilstrekkeleg edruskap framleis bør vere eit sjølvstendig vilkår for å kunne erverve eller ha skytevåpen.

Departementet sluttar seg ikkje til utvalet sitt framlegg om å innføre krav til karantenetid. Ved brot på dei personlege vilkåra vil opplysingar om grunnlaget for vedtaket og kva forhold som eventuelt kan innebære ei endring av standpunktet, gje søkar eit rimeleg perspektiv på når det kan vere aktuelt å fremje ny søknad. Departementet meiner at det ikkje er knytt slike særskilte forhold til våpensaker som gjev grunn til å innføre karantenetid.

Departementet støttar derimot utvalet sitt framlegg om å lovfeste ein heimel til å kunne krevje intervju med søkjar. Som det følgjer av omtalen ovanfor er vilkåra for å kunne erverve skytevåpen ulikarta og skjønnsprega. Ein samtale med søkaren vil difor i tvilstilfelle kunne vere eit nyttig supplement til den totale vurderinga.

Departementet er vidare samd med utvalet i at det for juridiske personar framleis må stillast krav om at nærare bestemte fysiske personar som handlar på vegne av organisasjonen, må oppfylle krava til personlege eigenskapar. Departementet er også samd i at det vert stilt særskilte krav til juridiske personar, sjå lovframlegget § 17. Manglande vandel hjå den juridiske personen vil kunne dokumentere ein risiko for misbruk av løyvet, og det er ikkje saklege grunnar til å stille meir lempelege krav til juridiske personar enn for fysiske personar. Departementet er difor samd med Kripes i at kravet til vandel også bør gjelde for juridiske personar.

## 9.4 Nærare om kravet til dokumentasjon

### 9.4.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

#### 9.4.1.1 Krav til lækjar- og eigenfråsegn

For å styrke kontrollen med om søkar oppfyller helsekrava, foreslår våpenlovutvalet at personar som ikkje er registrert i våpenregisteret frå før må levere lækjarfråsegn ved første søknad om erverv av skytevåpen. Eit fleirtal i utvalet foreslår også å sette krav om at søkar må levere eigenfråsegn om dei personlege vilkåra. Dette kravet skal også gjelde for personar som er registrert i våpenregisteret frå før. Eit mindretal meiner nytten av framlegget ikkje står i høve til ressursbruken, og går imot framlegget.

#### 9.4.1.2 Andre krav til dokumentasjon av dei personlege vilkåra

Eit fleirtal i våpenlovutvalet tilrår å innføre krav til samtykke frå myndige husstandsmedlemmer for erverv av skytevåpen. Eit mindretal meiner at kravet bør avgrensast til første erverv av skytevåpen, medan ein representant går i mot framlegget i sin heilskap.

Eit samla utval foreslår også å gje politimeisteren heimel til å innføre krav om butid for utanlandske søkarar som ikkje kan dokumentere at dei oppfyller dei personelege vilkåra.

### 9.4.2 Høyringsinstansane sitt syn

#### 9.4.2.1 Krav til lækjarfråsegn og eigenfråsegn

*Det nasjonale statsadvokatembetet* støttar framlegget om innføre krav til lækjarfråsegn, og meiner det bør lagast standardskjema som presiserer kva opplysingar som skal vere med i fråsegna. Embetet støttar også framlegget om å innføre krav til eigenfråsegn.

*Politidirektoratet, Politiets Sikkerhetstjeneste og Politihøgskolen* støttar våpenlovutvalet sitt krav om eigen- og lækjarfråsegn, og meiner dette gjev politiet betre grunnlag for å vurdere om vedkomande oppfyller vilkåra for erverv og innehav av skytevåpen.

*Sysselmannen på Svalbard* meiner gjeldande ordning for vurdering av våpensøknadar bør vidareførast, men slik at ein får høve til å krevje lækjarfråsegn. Sysselmannen støttar ikkje framlegget om eigenfråsegn.

*Kripes* støttar ikkje kravet om lækjarfråsegn, og meiner ei slik fråsegn vert for grunn til å kunne opplyse om relevante forhold knytt til dei personlege vilkåra.

Dei politidistrikta som har gjeve fråsegn støttar kravet til lækjarfråsegn, men er delte i synet på om det bør innførast krav til eigenfråsegn. *Asker og Bærum, Hordaland og Rogaland politidistrikt* støttar kravet til både eigen- og lækjarfråsegn medan *Oslo og Vestoppland politidistrikt* er tvilande til i kva grad eigenfråsegner er eigna til å opplyse sakshandsaminga.

*Den norske lægeforening* (Legeforeningen) støttar i utgangspunktet framlegget om å innføre krav til lækjarfråsegn, men meiner at framlegget føreset at det vert fastsett konkrete helsekrav for å kunne erverve skytevåpen. Legeforeningen framhevar også som nemnt under punkt 9.3.2 at det vil vere vanskeleg å fastsette helsekrav, og at spørsmålet må greiast ut langt betre enn det utvalet har gjort. Vidare meiner legeforeningen at vurderinga av om vedkomande bør ha skytevåpen er samansett, og at ei lækjarfråsegn sjeldan vil opplyse om risiko for framtidig feil- eller misbruk av skytevåpen. Legeforeningen meiner vidare at framlegget vil utfordre og svekke behandlarfunksjonen, og følgjene kan vere at pasientar ikkje søker hjelp for lidingar som kan påverke evna til å ha skytevåpen. Legeforeningen meiner til sist at framlegget om eigenfråsegner i einskildtilfelle kan fange opp personar som ikkje bør ha skytevåpen. *Den norske psykologforening* gjev uttrykk for liknande synspunkt.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonene* som har gjeve fråsegn er i hovudsak negative til framlegga om lækjarfråsegn og eigenfråsegn og meiner at dei i liten grad vil kunne førebygge feil- eller misbruk av skytevåpen.

#### 9.4.2.2 Krav om butid og samtykke frå husstandsmedlemmer

*Politiets sikkerhetstjeneste* støttar framlegget om å innføre krav til samtykke frå myndige husstandsmedlemmer, og meiner dette vil kunne ha ein preventiv effekt.

Dei politidistrikt som har gjeve fråsegn er delt i synet på om det bør innførast krav om samtykke frå myndige husstandsmedlemmer. *Rogaland, Troms og Vestoppland politidistrikt* meiner ikkje det er hensiktsmessig å innføre krav til samtykke frå myndige husstandsmedlemmer, medan *Asker og Bærum politidistrikt* støttar framlegget.

*Den norske lægeforening* og *Krisesentersekretariatet* støttar framlegget om å innføre krav til samtykke frå myndige husstandsmedlemmer.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonene* som har gjeve fråsegn meiner i hovudsak at framlegget om samtykke frå myndige husstands-

medlemmer ikkje vil vere eigna til førebygge vald i nære relasjonar.

### 9.4.3 Departementet sine merknader

#### 9.4.3.1 Om kravet til lækjar- og eigenfråsegn

Departementet tilrår ikkje å innføre våpenlovutvalet sitt framlegg om å krevje lækjarfråsegn ved første søknad om løyve til erverv av skytevåpen. Politiet handsamar årleg mellom kring 40 000 til 50 000 søknader om erverv av skytevåpen og løyvepliktige våpendelar. Sjølv om talet på søknader som etter framlegget vil krevje lækjarfråsegn er lågare enn dette, vil ordninga vere særskild ressurskrevjande å gjennomføre og vil kunne fortrenge andre viktige oppgåver for helsevesenet. Departementet meiner difor at ressursomsyn talar mot framlegget.

Eit krav til lækjarfråsegn føreset også at det lagast konkrete og presise helsekrav for å kunne erverve og ha skytevåpen. Utan slike helsekrav til det vere nær uråd for ein lækjar å vurdere om vedkomande utgjer ei risiko i forhold til framtidig våpenbruk, noko som også Legeforeningen framhevar. Som nemnt under punkt 9.3.3 vil det vere krevjande å fastsette presise helsekrav som kan tene som grunnlag for å vurdere risikoen for ulovleg våpenbruk. Departementet er difor samd med Kripos i at fråsegner frå søkar sin fastlege truleg i liten grad vil kunne betre våpenforvaltninga sitt avgjerdsgrunnlag.

For at ei helsefråsegn skal kunne tene som dokumentasjonsgrunnlag i våpensaker må den truleg utferdast av spesialisthelsetenesta, og sjølv ei slik fråsegn vil i mange høve ikkje gje noko presist vurderingsgrunnlag. På bakgrunn av det store talet våpensøknader per år, vil ein ordning med krav om helsefråsegn som ikkje kan utferdast av fastlækjar vere nær uråd å gjennomføre.

Departementet syner også til at politiet etter forvaltingslova kan krevje at søkjar eller løyvehavar legg fram helsefråsegn om det er naudsynt for å opplyse saka, slik at politiet kan få eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag i saker der det er knytt tvil til vedkomande sin helsetilstand. Departementet meiner at ein slik ordning er meir tenleg enn å bruke store ressursar på rutinemessige lækjarundersøkingar.

Departementet følgjer heller ikkje opp utvalet sitt framlegg om å innføre krav til eigenfråsegn. Departementet meiner at politiet sitt behov for opplysingar om søkar sine subjektive forhold eventuelt kan dekkast gjennom at det i søknadsskjemaet for ervervsløyve står at søkar må opplyse

om relevante forhold av betydning for våpeninnehavet. Dette vil avgrense talet fråsegner til dei som er relevante. Sidan det likevel er tale om søkar sine vurderingar om eigen dugleik, vil informasjonstilfanget truleg vere like stort som ved eigenfråsegner.

#### 9.4.3.2 *Nærare om andre krav til dokumentasjon av dei personlege vilkåra*

Departementet er ikkje samd med utvalets framlegg om å fastsette krav til samtykke frå myndige husstandsmedlemmer. Departementet forstår framlegget slik at samtykket skal vere ein føresetnad for å kunne erverve skytevåpen, og det er ikkje stilt krav til at dei myndige husstandsmedlemmane må grunngje kvifor dei motset seg ervervet. Framlegget vil difor i praksis gje dei myndige husstandsmedlemmene ein form for vetorett i høve til om søkar skal få erverve skytevåpen, då til dømes ei 18 år gamal dotter eller ein son utan sakleg grunn kan nekte foreldra i å erverve skytevåpen. Departementet kan ikkje sjå at det er ønskeleg å etablere ein slik rettstilstand. Vilråa for å kunne

erverve skytevåpen er strenge, og vil etter departementet sitt syn gje politiet eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om søkar bør kunne erverve skytevåpen.

Departementet kan rett nok sjå at politiet kan ha behov for ordninga i situasjonar der politiet ikkje er kjent med at søkar brukar vald mot husstandsmedlemer. I situasjonar der nærståande ikkje melder valdsbruken til politiet, er det likevel liten grunn til å tru at dei vil nekte søkar å erverve skytevåpen.

Departementet er samd med utvalet i at det bør innførast krav til butid for personar som ikkje kan dokumentere kravet til vandel, sjå lovframlegget § 16 andre ledd. Som nemnt i punkt 9.3.3 vil kravet til vandel vere eit sentralt moment i vurderinga av om søkar oppfyller dei personlege vilkåra. Departementet meiner difor at det må vere ein heimel til å kunne krevje at personar som ikkje kan levere høvande dokumentasjon på at dei oppfyller dette vilkåret må oppfylle nærare krav til butid, slik at politiet får eit tilstrekkeleg grunnlag til å kunne vurdere om søkar oppfyller vilkåra for våpenløyve.



## 10 Om oppbevaring, utlån, transport og inn- og utføring av skytevåpen med vidare

### 10.1 Gjeldande rett

---

#### 10.1.1 Gjeldande reglar for oppbevaring

Etter våpenlova § 27 a skal skytevåpen, vital del av skytevåpen og ammunisjon oppbevarast forsvarleg nedlåste. Kva som reknast for vital våpendel er nærare regulert i våpenforskrifta § 79 andre ledd. Kongen kan i medhald av § 27 a andre og tredje punktum sette nærare krav til oppbevaring. Våpenforskrifta kapittel 16 fastset nærare reglar om oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, medrekna krav om at skytevåpen skal oppbevarast i godkjent tryggingsskap eller i godkjent våpenrom.

#### 10.1.2 Gjeldande reglar for utlån av skytevåpen

Etter våpenlova § 11 første ledd kan løyvehavaren for inntil fire veker av gangen låne ut hagler eller rifler til personar som oppfyller krava til minstealder etter § 7. Skytevåpen skal likevel ikkje lånast ut til personar som har fått tilbakekalla våpenløyve på grunn av brot på dei personlege vilkåra, som er gjeve forbod mot å eige eller å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter våpenlova § 10 sjuande ledd eller § 15, eller som «[...] for øvrig må antas å være uskikket til å inneha våpenet.», jf. § 11 andre ledd.

Løyvehavar skal gje ei skriftleg stadfesting på lånet. Reglane om minstealder og skriftleg stadfesting gjeld likevel ikkje når den som har løyvet er saman med, og har direkte tilsyn med den som brukar skytevåpenet, jf. våpenlova § 11 tredje ledd.

Er låntakar under 18 år skal politiet samtykke til utlånet, med unntak av når utlånet skjer under forsvarleg tilsyn av den som eig våpenet, jf. våpenlova § 29, første og andre ledd. Pistol, revolver eller halvautomatisk rifle kan berre lånast ut til personar som har våpenløyve på tilsvarande våpen frå før, jf. våpenforskrifta § 85 og § 86.

#### 10.1.3 Gjeldande reglar for transport og sending

Etter våpenlova § 27 b første ledd skal skytevåpen transporterast uladd, og normalt vere tildekt under transport. Den som transporterar skytevåpen skal vidare tryggje at det ikkje kjem på avvege, og kan ikkje utan aktverdige grunn ta med skytevåpen på offentleg stad. Våpenforskrifta § 84 gjev nærare reglar for korleis transport av skytevåpen skal skje.

#### 10.1.4 Gjeldande reglar for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Våpenlova kapittel VI regulerer inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Etter våpenlova § 23 første ledd må den som skal inn- eller utføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon ha løyve frå rette departement. Etter forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon del II punkt 9 er mynda til å gje løyve til innførsel og ikkje-ervertmessig utførsel lagt til Justis- og beredskapsdepartementet, medan Utanriksdepartementet kan gje løyve til eksport. I medhald av nemnte forskrift del II punkt 11 er mynda til å gjere vedtak om innførsel og ikkje-ervertmessig utførsel lagt til politiet.

Politiet kan gje næringsdrivande løyve til å kunne innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, medan privatpersonar kan gjevast løyve til å innføre slike gjenstandar til eige bruk, jf. våpenlova § 24.

Eksport av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er nærare regulert i lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi (eksportkontroll-oven) og Utanriksdepartementet si forskrift 19. juni 2013 nr. 718 om eksport av forsvarsmateriell, flerbruksvarer, teknologi og tjenester (eksportkontrollforskrifta).

## 10.2 Internasjonale rammer

---

### 10.2.1 Oppbevaring og transport

Etter det reviderte våpendirektivet artikkel 5a skal medlemsstatane innføre nasjonale reglar for å tryggje sikker oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Når skytevåpen ikkje er i tryggingsskap, skal det vere fråskilt frå ammunisjon under oppbevaring eller transport.

EU sitt rådsdirektiv 93/15/EØF av 5. april 1993 fastset reglar for medlemsstatane sin overføring, marknadsføring og kontroll med eksplosive varer til sivil bruk, medrekna krav til oppbevaring og transport. Dette regelverket er implementert i norsk rett gjennom brann- og eksplosjonsvernlovgjevinga og vert difor ikkje omtala nærare her.

### 10.2.2 Utlån

EU sitt våpendirektiv artikkel 9 nr. 2 gjev medlemsstatane høve til å fastsette nasjonale reglar for mellombels overlevering av skytevåpen, utan at det vert gjeve særskilte føringar på korleis det nasjonale regelverket skal utformast.

### 10.2.3 Inn- og utførsel

EU sitt våpendirektiv kapittel 3 regulerer korleis overføringa av skytevåpen mellom medlemsstatane skal skje. Artikkel 11 og 12 fastset prosedyrar for korleis skytevåpen skal sendast eller på annan måte transporterast mellom medlemsstatane. Desse prosedyrane skal også gjelde for distansehandel mellom personar i ulike medlemsstatar. Slik oversending eller transport krev som hovudregel løyve frå dei aktuelle medlemsstatane. Eit viktig unntak frå denne hovudregelen er mellombels utførsel av skytevåpen i samband med jakt eller sportsskyting når våpeninnehavar har Europeisk våpenpass. Etter artikkel 13 skal også medlemsstatane utveksle naudsynt informasjon om overførsel eller transport av skytevåpen.

Etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 12 paragraf 2 vil dei forenkla prosedyrane for mellombels utførsel for jegerar og sportsskyttarar også gjelde for mellombels utførsel av skytevåpen i samband med historiske rekonstruksjonar. I EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 13 paragraf 4 er det gjeve reglar om at utvekslinga av informasjon om overføring mellom medlemsstatar skal skje elektronisk. Kommisjonen skal gje nærare reglar etter artikkel 13 nr. 5 for korleis denne informasjonen skal utvekslast.

Etter FN sin våpenprotokoll artikkel 10 skal konvensjonsstatane etablere og halde eit effektivt system for eksport, import og transitt av mellom anna skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Overføring mellom konvensjonsstatar skal skje i samsvar med fastsette retningslinjer, der eksportstaten mellom anna skal tryggje at import- og transittlandet har gjeve dei naudsynte løyve til overføringa og at import- eller transittstaten er varsla om når og korleis overføringa skal skje.

Etter artikkel 10 nr. 6 kan konvensjonsstatane gjere unntak frå desse prosedyrane ved eksport eller transitt av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som skal brukast til lovlege aktivitetar, slik som til dømes jakt, sportsskyting, kontroll, utstilling og liknande føremål.

FN sin avtale om våpenhandel (ATT) set mellom anna som krav at avtalepartane overheld dei krav til kontroll med eksport og transitt av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er fastsett i FN sin våpenprotokoll. Etter artikkel 6 og 7 skal ikkje avtalestatane eksportere slike gjenstandar om det vil bryte med overnasjonalt regelverk. Avtalestatane skal vidare vurdere risikoen for at gjenstandane vil undergrave fred og tryggleik eller verte bruka til alvorlege brot på internasjonale humanitær- eller menneskerettar. Etter artikkel 8 skal denne vurderinga mellom anna byggje på dei opplysingar som importstaten skal sende før det eventuelt gjevast løyve til eksport.

## 10.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

---

### 10.3.1 Oppbevaring og transport

Våpenlovutvalet føreslår i hovudsak å vidareføre gjeldande krav til oppbevaring, men slik at nokre av våpenforskrifta sine krav til oppbevaring vert lovfesta. Utvalet føreslår vidare å presisere at våpeninnehavar skal oppbevare gjenstandane i sin faste bustad, og at eventuelle unntak frå denne regelen bør fastsettast i forskrift. I utvalet sitt lovutkast er det også innteke ein regel om at dei våpendelar som etter gjeldande regelverk ikkje treng oppbevarast i tryggingsskap, skal oppbevarast nedlåste.

Når det gjeld dei nærare krava til godkjenning av tryggingsskap, føreslår eit fleirtal i utvalet å vidareføre gjeldande reglar. Ein representant meiner at kravet til godkjenning bør lempast slik at tryggingsskapet ikkje treng fastboltast i enten vegg eller golv. Eit samla utval føreslår å lovfeste reglane i våpenforskrifta § 84 sine reglar om transport av skytevåpen, løyvepliktige våpendelar og ammunisjon.

### 10.3.2 Utlån

Våpenlovutvalet meiner at kontrollen med utlån av skytevåpen bør styrkast. Utvalet føreslår difor å lovfeste eit krav om at personar som ikkje sjølv har våpenkort på tilsvarende gjenstand må ha løyve frå politiet for å kunne låne gjenstanden. På grunnlag av den strengare kontrollen med om låntakar oppfyller vilkåra for erverv, føreslår våpenlovutvalet å justere tidsramma for utlån frå fire veker til seks månader. Utvalet føreslår også å opne for at personar på dei same vilkår som for privat utlån, skal kunne leige våpen av profesjonelle utleigarar.

Vidare så føreslår utvalet å vidareføre gjeldande ordning med at skytevåpen utan særskilt løyve kan overlatast til andre når det skjer saman med og under forsvarleg tilsyn av løyvehavar. I lovutkastet er likevel ikkje forbodet mot å overlata skytevåpen til personar som har fått tilbakekalla våpenløyvet på grunn av brot på dei personlege vilkåra eller som er gjeve forbod mot å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon ført vidare.

### 10.3.3 Inn- og utførsel

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande reglar for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Utvalet føreslår likevel som noko nytt at reglane om inn- og utførsel også bør gjelde for deaktiverte skytevåpen. Utvalet syner til at eit krav om løyve for innførsel av deaktiverte skytevåpen vil styrke kontrollen med at slike skytevåpen er deaktiverte på lovleg måte.

## 10.4 Høyringsinstansane sitt syn

### 10.4.1 Oppbevaring, transport og utlån

*Kripos* meiner det ikkje er grunn til å innføre strengare reglar for nedlåsing av skytevåpen, og meiner at utvalet sitt framlegg kan innebere praktiske vanskar for mange.

*Rogaland politidistrikt* meiner at våpenlova må presisere krava til godkjenning av tryggingsskap, og at regelverket bør vere tilpassa personar som ikkje bur i bustadar som kan oppfylle krava til oppbevaring. *Norges Jeger- og Fiskerforbund* og *Norske Reserveoffiserers Forbund* gjev uttrykk for liknande syn.

Det har ikkje kome motsegner mot våpenlovutvalet sitt framlegg til reglar for mellombels oppbevaring og transport i høyringsrunda, men *Norges Jeger- og Fiskerforbund* har understreka behovet for å fastsette hensiktsmessige reglar for

mellombels oppbevaring under jakt og skytekonkurransar.

Det har heller ikkje kome motsegner mot våpenlovutvalet sitt framlegg om å innføre krav til løyve for lån av skytevåpen, og fleire politidistrikt har understreka behovet for betre kontroll med kven som har tilgang på skytevåpen.

### 10.4.2 Inn- og utførsel

*Utenriksdepartementet* meiner at våpenlova bør klargjere mynda for utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, slik at det kjem klart fram kva for departement som har mynde til å gje løyve etter lova.

*Kripos* meiner det er behov for å styrke regelverket for kontroll med importen av deaktiverte skytevåpen, og syner til mellom anna til at det har vorte importert større mengder deaktiverte automatvåpen som enkelt kan gjerast om til funksjonelle skytevåpen. *Kripos* støttar difor framlegget om å innføre krav til løyve for innførsel av slike våpen. *Oslo politidistrikt* og *Våpenrådet* gjev uttrykk for tilsvarende synspunkt. *Kripos* meiner vidare at reglane for inn- og utførsel bør vere betre harmonisert i høve til våre plikter etter internasjonal rett.

## 10.5 Departementet sine merknader

### 10.5.1 Oppbevaring og transport

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at reglane om oppbevaring og transport bør lovfestast, og sluttar seg i hovudsak til våpenlovutvalet sitt framlegg, sjå lovframlegget § 19 og § 20.

Departementet meiner til liks med utvalet at ein regel om at løyvepliktige skytevåpen skal oppbevarast på innehavar sin faste bustad gjev den beste tryggleiken mot feil- eller misbruk. Denne regelen kan likevel vere vanskeleg å etterleve for personar som mellombels bur på ei anna adresse enn der vedkomande er folkeregistrert, til dømes på grunn av arbeid eller studiar. Departementet tilrår difor å lovfeste ein regel som gjev politiet heimel til å kunne gje fritak frå dette kravet om ikkje tryggleiksmessige forhold talar mot det, sjå lovframlegget § 19 andre ledd.

Departementet er samd med utvalet i at reglane om oppbevaring av skytevåpen, eller vital del av skytevåpen, i våpenskap eller våpenrom bør vidareførast. Denne regelen gjev ein god tryggleik mot feil- eller misbruk av skytevåpen og det har ikkje kome motsegner mot dette i høyringa. Departementet er likevel ikkje samd i utvalet sitt

framlegg om strengare reglar for oppbevaring av våpendelar. Framlegget vil gje store praktiske vanskar for personar som ikkje har plass til å montere større tryggingsskap. Det er heller ikkje kome fram moment i utvalet sitt framlegg eller i høyringa som tilseier at tiltaket vil redusere risikoen for feil- eller misbruk av skytevåpen.

Når det gjeld kravet til oppbevaring av ammunisjon, samt reglane for næringsdrivande sin oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, følgjer departementet opp utvalet sitt framlegg og kan i hovudsak slutte seg til den grunngeving som utvalet har gjeve, sjå lovframlegget § 19 tredje og fjerde ledd.

Departementet tilrår å fastsette noko lempeligare krav til korleis skytevåpen, våpendelar og ammunisjon skal mellombels oppbevarast eller transporterast enn det som følgjer av utvalet sitt framlegg. Dei stadlege forhold under til dømes jakt eller skytekonkurransar kan gjere det praktisk uråd å oppfylle absolutte krav til at skytevåpen eller nærare bestemt våpendel og ammunisjon skal transporterast og oppbevarast under forsvarleg tilsyn. Departementet tilrår difor å innføre eit krav om at løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon skal vere forsvarleg tryggja mot at uvedkomande får tak i dei. Vidare tilrår departementet å lovfeste som noko nytt at løyvepliktige skytevåpen og ammunisjon skal oppbevarast eller transporterast fråskilt når dei ikkje er i godkjent tryggingsskap, slik at lovframlegget samsvarar med dei krav som revidert EU-våpendirektiv artikkel 5a set til mellombels oppbevaring og transport av skytevåpen og ammunisjon. Departementet tilrår til sist å gje ein forskriftsheimel til å kunne fastsette nærare krav til mellombels oppbevaring, transport eller sending av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, sjå lovframlegget § 41 nr. 20.

Departementet er elles samd med utvalet sitt framlegg til reglar for sending av skytevåpen og ammunisjon, men tilrår at reglane vert lagt til forskrift slik at dei enklare kan harmoniserast med brann- og eksplosjonsvernlovgevinga sine reglar for sending av ammunisjon.

### 10.5.2 Utlån

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at kontrollen med kven som kan låne skytevåpen bør styrkast, og syner til den grunngeving som utvalet har gjeve for framlegget. Det vert også synt til at ingen av høyringsinstansane har fremja motsegner til framlegget, og at politietatane har understreka behovet for å gjere endringar i gjeldande regelverk.

Departementet tilrår difor å innføre krav om at personar som ikkje har våpenløyve på tilsvarande våpen, må ha løyve frå politiet for å kunne låne skytevåpen, sjå lovframlegget § 18. Etter framlegget vert vilkåra for lån lik den som for andre våpenløyve. Departementet kan ikkje sjå at det rettslige grunnlaget for løyvet skal ha betydning for kor lenge det kan gjelde for, og følgjer ikkje opp framlegget om å fastsette ei absolutt grense for kor lenge løyvet kan vare for.

Når det gjeld kortvarig overlating av skytevåpen, er dette særleg aktuelt for jakt- og skyttarorganisasjonane sine aktivitetar. Desse aktivitetane omfattar mellom anna instruksjon og anna opplæring for medlemmer som ønskjer å byrje med jakt eller skytesport. Slik organisert opplæring er viktig for å tryggje god våpenbruk. Departementet tilrår difor å vidareføre gjeldande ordning med at skytevåpen utan særskilt løyve kan lånast ut under forsvarleg tilsyn.

Departementet meiner likevel at gjeldande forbod mot å overlate skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til personar som har fått tilbakekalla våpenløyve eller som er gjeve forbod mot å ha slike gjenstandar bør vidareførast, då ordninga elles kan misbrukast til å gje uskikka personar tilgang til skytevåpen. Sidan utvalet sitt framlegg ikkje er nærare grunngeve i innstillinga, kan det også vere grunn til å tru at det ikkje var tilsikta å endre rettstilstanden på dette punktet.

### 10.5.3 Inn- og utførsel

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at gjeldande reglar for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon bør vidareførast, sjå lovframlegget § 21 og § 22. Dette betyr at politiet gjev løyve til innførsel og ikkje-ervervsmessig utførsel, medan mynda til å gje løyve til ervervsmessig utførsel vert lagt til Utenriksdepartementet. Departementet er elles samd i Utenriksdepartementet sin merknad om behovet for å lovfeste kva departement som har mynde til å gjere vedtak om utførsel.

Departementet følgjer opp utvalet sitt framlegg om at kravet til løyve for inn- og utførsel også skal gjelde for deaktiverte skytevåpen. Departementet meiner til liks med utvalet at det er behov for å føre betre kontroll med importen av slike våpen. Eit krav om løyve for inn- og utførsel vil bety at den som inn- eller utførar deaktiverte skytevåpen mellom anna må dokumentere at våpenet er deaktiverte i samsvar med regelverket. Departementet syner elles til omtalen av deaktiverte våpen i punkt 7.1.5.1 og punkt 11.3.5.1.

For å styrke oppfølginga av våre mellomfolkelege plikter tilrår departementet også at det kjem tydeleg fram at inn- og utførsel berre kan skje når søkar kan dokumentere at overføringa oppfyller dei krav som regelverket set. Det synast her også til Kripos sine merknader i høyringa. Departe-

mentet meiner at dei nærare vilkåra for inn- og utførsel etter våpenlovgevinga bør regulerast i forskrift, slik at regelverket enklare kan tilpassast til dei krav som mellomfolkelege avtalar set til den norske våpenlovgevinga.

## 11 Næringsverksemd, merking, deaktivering og destruksjon

### 11.1 Næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

---

#### 11.1.1 Gjeldande rett

Næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er regulert i våpenlova kapittel IV og V. Den som skal drive handel med, eller tilverking av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for vidaresal, må ha løyve frå politiet, jf. våpenlova § 16 og § 20. Etter våpenforskrifta § 44 skal også personar som driv andre former for næringsverksemd, som til dømes reparasjon, ha løyve frå politimeisteren. Våpenforskrifta kapittel seks til åtte set nærare vilkår for løyve til å drive næringsverksemd, inkludert krav til søkjar sine faglege og personlege eigenskapar, samt krav til rapportering av omsetnaden med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Gjeld søknaden ein juridisk person, skal nærare bestemte personar i den aktuelle organisasjonen oppfylle dei personlege vilkåra. Kravet til løyve for å kunne drive tilverking gjeld likevel ikkje for personar som i medhald av lov 20. juni 1986 nr. 35 har meisterbrev som børsemakar, jf. våpenlova § 20 første ledd tredje punktum. Etter våpenlova § 35 kan politiet tilbakekalle løyvet om innehavar bryt vilkår eller føresetnader for løyvet.

#### 11.1.2 Internasjonale rammer

FN sin våpenprotokoll artikkel 15 og FN sin avtale om våpenhandel artikkel 10 oppmodar konvensjonsstatane til å innføre reglar som tryggjer offentleg kontroll med våpenmekling.

EU sitt våpendirektiv artikkel 4 set krav til løyve for å drive ervervsmessig handel, utleige, reparasjon eller ombygging av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Artikkel 4 nr. 4 set vidare krav til at personar som er godkjent for næringsverksemd som nemnt ovanfor skal føre register over dei skytevåpen og nærare bestemte våpendelar som vedkomande har motteke eller avhenda.

I det reviderte EU våpendirektiv er det sett strengare krav til medlemsstatane sin kontroll med næringsverksemd. Etter det reviderte våpendirektiv artikkel 4 nr. 3 bokstav a skal reglane om kontroll av næringsdrivande også gjelde for personar som reknast som våpenmeklar etter artikkel 1 nr. 10. Medlemsstatane skal også føre register over personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, jf. artikkel 4 nr. 3 bokstav a. Vidare skal kontrollen av næringsdrivande også omfatte juridiske personar, slik at både den juridiske personen og den fysiske personen som driv næringsverksemda på vegne av organisasjonen må oppfylle krava til løyve, jf. artikkel 4 nr. 3 bokstav c.

Det er også sett krav til at den næringsdrivande utan ugrunna opphald skal rapportere til våpenforvaltninga om erverv eller avhending av skytevåpen, samt våpendelar som nemnt i artikkel 1 nr. 2, jf. artikkel 4 paragraf 4. Denne rapporteringa skal skjje elektronisk, til dømes ved bruk av e-post, jf. fortalen punkt 10. Etter artikkel 6. nr. 4 skal medlemsstatane gje særskilt løyve for å kunne drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kategori A.

#### 11.1.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår i hovudsak å vidareføre gjeldande regelverk, samt å lovfeste fleire av reglane i våpenforskrifta om næringsverksemd. Utvalet meiner at kravet til løyve for å kunne drive tilverking også bør gjelde for børsemakarar med meisterbrev. Utvalet føreslår også å innføre krav til løyve for å kunne drive mekling med og utleige av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

I utvalet si innstilling er det også teke inn eit krav om at tilsette i verksemdar som driv næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon må levere politiattest til eigaren av verksemda. Utvalet syner her til at lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 19 a set krav til politiattest for arbeidstakarar som handterer nærare bestemte mengder eksplo-

sjonsfarlege stoff. Utvalet meiner at det er tilsvarende behov for kontroll av tilsette i verksemdar som driv næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

#### 11.1.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Sysselemden på Svalbard* støttar framlegget om å regulere ervervsmessig utleige av skytevåpen, og syner til at ein allereie har innført ei slik ordning på Svalbard. Ingen av dei andre høyringsinstansane hadde merknader til våpenlovutvalet sitt framlegg om regulering av næringsverksemd.

#### 11.1.5 Departementet sine merknader

Departementet er i hovudsak samd med våpenlovutvalet sitt framlegg til regulering av næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, og syner til at det heller ikkje har kome motsegner mot framlegget i høyringsrunda, sjå lovframlegget § 23. Dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv set til rapportering med vidare vil såleis verte implementert gjennom forskriftsheimar om mellom anna krav til registrering og rapportering av erverv og omsetnad av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Til spørsmålet om å vidareføre gjeldande unntak frå kravet til løyve for personar som har meisterbrev som børsemaker, vil departementet legge til at vilkåra for tildeling av meisterbrev i medhald av lov 20. juni 1986 nr. 35 ikkje føreset nokon kontroll med om vedkomande er personleg skikka til å kunne drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Departementet er samd med utvalet i at det ikkje er grunn til å vidareføre eit særskilt unntak for denne yrkesgruppa, noko som også er i samsvar med EU sitt reviderte våpendirektiv.

Når det gjeld spørsmålet om å innføre krav til politiattest for tilsette i organisasjonar som har løyve til å drive slik næringsverksemd, er ikkje departementet samd med utvalet si tilråding. At brann- og eksplosjonsvernlova § 19 a heimlar vandelskontroll er ikkje i seg sjølv eit argument for å innføre vandelskontroll. Departementet kan heller ikkje sjå at dei tilfella som er regulert der utan vidare kan samanliknast med regulering av næringsverksemd med skytevåpen.

Etter lovframlegget § 23 andre ledd må eigar og den ansvarlege for næringsverksemda oppfylle dei personlege vilkåra for våpenløyve. Mange større sportsforretningar driv handel med skytevåpen i tillegg til sal av anna fritidsutstyr. Eit krav om politiattest for alle tilsette i verksemda vil difor omfatte eit større tal personar, også personar som

i liten grad handterer skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

Politiregisterlova § 37 regulerer kva situasjonar som kan grunnge eit krav om vandelskontroll. Vilråda der er strenge, og departementet kan ikkje sjå at manglande vandelskontroll vil kunne medføre slike monalege skadeverknader eller verke støytande, som politiregisterlova § 37 nr. 1 og 2 føreset. Det synast også til at innføring av vandelskontroll i dei tilfella som nemnt vil representere noko nytt, og utvalet har ikkje gjort gjeldande at fråvær av vandelskontroll har vore eit problem. Departementet meiner at god internkontroll for handtering og utlevering av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan redusere risikoen for feil eller misbruk utan å måtte krevje politiattest av alle som skal arbeide for verksemda.

## 11.2 Merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

### 11.2.1 Gjeldande rett

I våpenlova er det ikkje gjeve særskilte reglar om merking av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Etter våpenforskrifta § 93 skal den som tilverkar skytevåpen eller varig innfører slike gjenstandar oppfylle nærare bestemte krav til merking av skytevåpen og løyvepliktige våpendelar.

### 11.2.2 Internasjonale rammer

FN sin våpenprotokoll artikkel 8 set krav til at medlemsstatane skal syte for at skytevåpen som enten vert produsert, varig innført eller transitert oppfyller nærare bestemte krav til merking.

Etter EU sitt våpendirektiv artikkel 4 skal medlemsstatane syte for at skytevåpen og patronpakingar som leggest ut på den sivile marknaden oppfyller nærare krav til merking. Medlemsstatane skal også tryggje at skytevåpen som overførast frå politi eller forsvar til den sivile marknaden er merka i samsvar med nærare bestemte krav.

Det reviderte våpendirektivet artikkel 4 set strengare krav til merking av skytevåpen og våpendelar. Etter artikkel 4 nr. 1 skal reglane om merking også gjelde for våpendelar som nemnt i artikkel 1 nr. 2. Vidare er det sett noko meir detaljerte krav til kva opplysingar merkinga skal omfatte, samt meir presise krav til når merkinga må vere utført. Etter artikkel 4 nr. 2a skal Kommisjonen gje nærare reglar om tekniske krav til merking i særskilt gjennomføringsforordning. Krava til merking skal som hovudregel også gjelde for samlevåpen, men medlemsstatane kan gje unntaksreglar i

nasjonal rett for merking av våpen av særskilt historisk betydning, jf. artikkel 4 paragraf 2.

### 11.2.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår å lovfeste våpenforskrifta sine krav til merking, og i tillegg fastsette krav til merking av ammunisjon og merking av skytevåpen som vert overført frå politiet eller Forsvaret til den sivile marknaden. Utvalet syner til at det ikkje er etablert nokon fast internasjonal praksis for merking av våpendelar, og føreslår at dei nærare reglane for merking vert fastsett i forskrift, slik at dei kan tilpassast internasjonale krav.

### 11.2.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Norsk våpenhistorisk selskap* meiner at eit krav til merking av samlevåpen vil øydelegge det historiske og kulturelle verdet av gjenstanden, og syner til at EU sitt våpendirektiv gjer unnatak frå kravet om merking for samlevåpen.

### 11.2.5 Departementet sine merkander

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at kravet om merking bør lovfestast, og kan i hovudsak slutte seg til våpenlovutvalet si innstilling på dette punktet, sjå lovframlegget § 26. Kravet til merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon er viktig for mellom anna å kunne avdekke og etterforske ulovleg handel med slike gjenstandar. For å førebygge at umerka gjenstandar kjem på marknaden, tilrår departementet at også andre næringsdrivande enn importørar vert pålagde å føre kontroll med at gjenstandane som vert omsett eller tilverka oppfyller krava til merking. Departementet er kjent med at merking kan påverke omsetnadsværdet til samlevåpen, men meiner at dei behov som grunnleggjend merking tilseier at det ikkje bør gjerast unnatak for samlevåpen.

## 11.3 Deaktivering og destruksjon av skytevåpen og våpendelar

### 11.3.1 Gjeldande rett

Etter våpenlova § 1 andre ledd reknast ikkje våpen som skytevåpen når «[...] *det er gjort varig ubrukbart*» (deaktivert). Etter våpenforskrifta § 1 kan godkjent tilverkar eller børsemakar, samt politiet, utføre deaktivering eller godkjenne deaktivering som er utført av andre. Våpenforskrifta § 1 gjev nærare reglar for når eit skytevåpen reknast for

deaktivert, og dei nærare tekniske krava til deaktiveringa er fastsett i Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9, vedlegg I.

Våpenlovgjevinga har ikkje fastsett særskilte reglar for av kven eller korleis skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal destruerast. Etter våpenforskrifta § 100 skal innehavar dekke utgiftene til destruksjon.

### 11.3.2 Internasjonale rammer

Etter FN sin våpenprotokoll artikkel 9 skal konvensjonsstatane enten regulere deaktiverte skytevåpen som skarpe skytevåpen, eller fastsette nasjonale reglar for korleis deaktivering skal gjennomførast. Dei nasjonale reglane til konvensjonsstatane skal sette tekniske krav for når eit skytevåpen reknast for deaktivert, samt at det skal gjevast reglar om kontroll og dokumentasjon for at skytevåpen er deaktivert på lovleg måte.

I det reviderte våpendirektivet artikkel 10b nr. 1 er det sett krav til at medlemsstatane skal etablere ei ordning med etterkontroll av deaktiverte skytevåpen, som skal tryggje at skytevåpen vert deaktivert på lovleg måte. Denne kontrollordninga var tidlegare fastsett i EU sin gjennomføringsforordning 2015/2403 av 15. desember 2015.

Etter artikkel 10b nr. 2 skal Kommissjonen fastsette tekniske krav for deaktivering av skytevåpen.

### 11.3.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

#### 11.3.3.1 Deaktivering av skytevåpen

Våpenlovutvalet føreslår å lovfeste reglar om deaktivering av skytevåpen, inkludert eit krav til merking av deaktiverte skytevåpen, men slik at dei nærare krav til korleis denne skal gjennomførast vert fastsett i forskrift. Utvalet føreslår å lovfeste at personar som har løyve som tilverkar skal kunne deaktivere skytevåpen, eller godkjenne deaktivering utført av andre. Utvalet føreslår vidare å gje forskriftsheimel til å fastsette tekniske krav til korleis deaktivering skal gjennomførast, samt til å kunne gje andre enn tilverkarar løyve til å kunne utføre eller godkjenne deaktivering. Utvalet sitt framlegg om å innføre registreringsplikt på deaktiverte skytevåpen er omtala i punkt 7.1.5.1.

#### 11.3.3.2 Destruksjon av skytevåpen

Våpenlovutvalet syner til at skytevåpen har lang levetid og at samfunnet treng reglar som tryggjer destruksjon av skytevåpen som det ikkje er behov for. Utvalet føreslår difor å innføre ein regel om at



skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kostnadsfritt kan leverast til politiet for destruksjon.

#### 11.3.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Kripas* syner til at organet får inn deaktiverte skytevåpen som lett kan gjerast om til skarpe skytevåpen. *Kripas* meiner at dei tekniske krava for deaktivering av skytevåpen er mangelfulle, og at dette særleg gjeld for automatiske skytevåpen.

Utover dette hadde ingen av høyringsinstansane merknader til framlegget om deaktivering og destruksjon av skytevåpen.

#### 11.3.5 Departementet si vurdering

##### 11.3.5.1 Deaktivering av skytevåpen

Departementet er samd med våpenlovutvalet i behovet for å lovfeste reglar om deaktivering av skytevåpen, medrekna eit krav om at deaktiverte skytevåpen skal merkast. Ei forsvarleg deaktivering av skytevåpen føreset både god kjennskap til våpenkonstruksjonar og til dei tekniske krav til korleis deaktivering skal utførast. Departementet tilrår difor å lovfeste at skytevåpen berre kan deaktiverast av personar som har løyve til å drive ombygging, reperasjon eller tilverking av skytevåpen, sjå lovframlegget § 27.

Elles tilrår departementet å fastsette dei nærare reglane for deaktivering i forskrift. Desse forskriftsreglane skal mellom anna gjennomføre dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv set for deaktivering og vil mellom anna omfatta tekniske krav til deaktivering, reglar for kontroll, merking av deaktiverte våpen og utferding av dokumentasjon for at skytevåpenet er deaktivert på lovleg måte. Ei forskriftsfesting vil gjere det enklare å tilpasse regelverket til den våpentekniske utviklinga og til dei krav som mellomfolkelege avtalar set til vår nasjonale våpenlovgeving.

Departementet er vidare samd med utvalet sitt framlegg om destruksjon av skytevåpen, og sluttar seg til dei premissar som utvalet har gjeve for si innstilling.

#### 11.4 Godkjenning av skyttar- og våpensamleorganisasjonar

---

##### 11.4.1 Gjeldande rett

I gjeldande regelverk er reglane om godkjenning av skyttar- og våpensamleorganisasjonar fastsette

i våpenforskrifta §§ 24 og 25. Etter våpenforskrifta § 24 skal Politidirektoratet godkjenne skyttar- og våpensamleorganisasjonar etter dei nærare vilkår som er fastsett i § 24 andre ledd. Politidirektoratet skal vidare godkjenne dei skyteprogram som skal kunne gje grunnlag for erverv av skytevåpen til sportsskyting, jf. våpenforskrifta § 25.

##### 11.4.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår i hovudsak å vidareføre og lovfeste våpenforskrifta § 24 om godkjenning av skyttar- og våpensamleorganisasjonar. Utvalet føreslår vidare å lovfeste krav om at Politidirektoratet skal godkjenne eventuelle endringar i kva våpentype som skal kunne brukast i skyttarorganisasjonen sitt skyteprogram. Utvalet sitt framlegg om å innføre meldeplikt for skyttar- og samlarorganisasjonar er handsama i punkt 12.2.

##### 11.4.3 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader

Ingen av høyringsinstansane har gjeve merknadar til dei delar av framlegget som gjeld godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar. Departementet kan i hovudsak slutte seg til våpenlovutvalet sitt framlegg, men tilrår at vilkåra for godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar gjerast noko meir overordna enn utvalet sitt framlegg, sjå lovframlegget § 28. Lovframlegget kan då betre tilpassast dei ulike formene for skyttar- og samleaktivitet som regelen skal gjelde for.

#### 11.5 Godkjenning av skytebanar

---

##### 11.5.1 Gjeldande rett

Etter våpenlova § 28 kan det gjevast forskrift om dei krav som skal gjelde for kontroll og godkjenning av skytebanar, og politimeisteren kan gje forbod mot bruk av skytebanar som ikkje oppfyller krava til godkjenning. Forskrift av 1. juli 1988 nr. 548 om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebanar gjev utfyllande retningslinjer for godkjenning og kontroll av skytebanar.

##### 11.5.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår å vidareføre gjeldande regelverk utan å gjere materielle endringar.

### **11.5.3 Høringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader**

Ingen av høringsinstansane har fremja motsegner til framlegget. Departementet tilrår å vidare-

føre gjeldande reglar, men slik at lovframlegget presiserer at det berre kan drivast organisert skyting på skytebane eller anna område som er godkjent av politiet, sjå lovframlegget § 29.

## 12 Om kontroll med tildelte våpenløyve

Våpenlovutvalet tilrår å innføre ei rad med tiltak for å betre kontrollen med tildelte våpenløyve. Nedanfor følgjer ein nærare omtale av desse.

### 12.1 Om tidsavgrensa løyve og krav til regelvisse eigenfråsegner

#### 12.1.1 Gjeldande rett

Etter gjeldande våpenlov skal våpenløyve som hovudregel vere tidsubestemte. Dette betyr at løyvet som hovudregel gjeld fram til det eventuelt vert tilbakekalla. I våpenlovgjevinga er det ikkje gjeve nokon klar plikt for politiet til å føre kontroll med tildelte løyve. Reglane om tilbakekall av våpenløyve føreset likevel at politiet førar kontroll med om dei som har slikt løyve framleis oppfyller vilkåra.

#### 12.1.2 Internasjonale rammer

Det reviderte våpendirektivet innfører krav til kontroll med tildelte våpenløyve. Medlemsstatane skal etter artikkel 5 nr. 2 ha eit kontrollsystem for våpenløyve som skal kunne vurdere opplysingar, medrekna opplysingar om løyvehavar sin helsetilstand, som tilseier at løyvehavar ikkje lenger oppfyller vilkåra for våpenløyve. I fortalen punkt 11 er det presisert at direktivet ikkje set krav om obligatoriske helseattestar for å kunne ha våpenløyve. Etter artikkel 7 nr. 4 skal medlemsstatane kontrollere våpenløyve i kategori A og B seinast kvart femte år, men det er ikkje sett krav om at våpenløyve skal vere tidsavgrensa eller til korleis kontrollen skal gjennomførast. I det reviderte våpendirektivet artikkel 6 nr. 7 er det sett krav til at medlemsstatane skal trygge at det seinast kvart femte år skal kontrollerast om grunnlaget for å vidareføre løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kategori A er oppfylt, medrekna kravet til aktivitet og medlemskap i godkjent skyttarforbund for innehav av slike våpen og våpenmagasin til sportsskyting.

#### 12.1.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Eit fleirtal i våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande ordning med at våpenløyve normalt

ikkje gjerast tidsavgrensa. Mindretalet meiner at løyve for einskilde våpentypar (pistol, revolver og halvautomatiske rifler) bør gjerast tidsavgrensa.

Vidare føreslår eit fleirtal å innføre krav om at den som har våpenløyve må sende inn regelvisse eigenfråsegner. Føremålet med ordninga er at det då kan kome fram opplysingar om helse-tilstanden med vidare som kan ha betydning for løyvet.

#### 12.1.4 Høyringsinstansane sitt syn

*Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane statsadvokatembeter* framhevar at politiet sin løpande kontroll med om våpenhavarar framleis oppfyller dei personlege vilkåra for våpenløyve er det sentrale verkemiddelet for å betre våpenkontrollen. *Hordaland statsadvokatembeter* meiner likevel at tidsavgrensa våpenløyve kan vere eit supplement til denne kontrollen.

*Politihøgskolen* syner til at det som regel brukast uregistrerte skytevåpen til kriminelle handlingar, og at gode rutinar for fortløpande kontroll med våpeninnehav er viktigare enn reglar om tidsavgrensa våpenkort. Politihøgskolen stillar difor spørsmål om det er naudsynt å innføre ressurskrevjande kontrollordningar.

*Politidirektoratet (POD)* støttar mindretalet sitt framlegg om tidsavgrensa våpenløyve. POD syner til at liknande ordningar er innført i Danmark, Finland og Sverige, og at mindretalet sitt framlegg gjeld for dei våpentypar med størst skadepotensiale.

*Politiets Sikkerhetstjeneste* meiner at tidsavgrensa våpenløyve kan vere eit effektivt verkemiddel for å føre kontroll med tildelte våpenløyve.

*Vestoppland politidistrikt* støttar ikkje framlegget om tidsavgrensa våpenløyve, og meiner at politiet sin løpande kontroll av våpeninnehavarar opp mot politiet sine registre er betre eigna til å førebygge feil- eller misbruk av skytevåpen. *Rogaland og Troms politidistrikt* meiner at mindretalet sitt framlegg vil betre kontrollen med tildelte våpenløyve. Troms politidistrikt meiner likevel at framlegget føreset at det lagast IKT-system som forenkler sakshandsaminga.

*Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)* meiner ny våpenlov bør legge til rette for etterfølgjande kontroll med tildelte våpenløyve.

*Det nasjonale statsadvokatembetet* støttar framlegget om å innføre krav til regelvisse eigenfråsegner, og meiner dette vil betre våpenforvaltninga sin kontroll med om vilkåra for våpenløyve er oppfylte.

*Hordaland statsadvokatembeter* meiner at eigenfråsegner ikkje vil vere eigna til å fange opp dei forhold som inneber den største risikoen for ulovleg våpenbruk, og at det heller bør innførast krav om at politiet skal føre løpande kontroll med tildelte våpenløyve. *POD, Politihøgskolen og Sysselmannen på Svalbard* gjev uttrykk for liknande synspunkt.

Dei politidistrikt som har gjeve fråsegn er usamde i spørsmålet om det bør innførast krav til regelvisse eigenfråsegner. *Rogaland politidistrikt* meiner at framlegget ikkje er eigna til å avdekke personar som ikkje lenger oppfyller dei personlege vilkåra. *Asker og Bærum politidistrikt* meiner at framlegget kan avdekke personar som gjev urette opplysingar. *Oslo politidistrikt* meiner at framlegget kan avdekke om våpeneigarar framleis har behov for det aktuelle skytevåpenet, men at ei innføring føreset at det vert klargjort kva følgjer manglande levering av eigenfråsegner vil få, samt at det vert tilført ressursar til å følgje opp eigenfråsegnene.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonar* som har gjeve fråsegn, går i mot framlegget.

### 12.1.5 Departementet si vurdering

Som eit fleirtal av høyringsinstansane har peika på, er det våpenforvaltninga sin kontroll med om løyvehavaren oppfyller dei personlege vilkåra som best vil kunne førebygge feil- eller misbruk av skytevåpen. Ein slik kontroll vil raskare fange opp forhold av betydning for løyvet enn ei periodisk prøving av vilkåra for å kunne ha skytevåpen. Til dømes kan vilkåra for å ha skytevåpen falle bort kort tid etter at løyvet vart fornya.

Departementet tilrår å lovfeste eit krav til at politiet skal føre kontroll med at løyvehavar oppfyller dei personlege vilkåra, sjå lovframlegget § 30. Ein slik kontroll betyr i praksis at våpenforvaltninga undersøker alle relevante registreringar i politiet som har politimessige føremål, for å vurdere tilbakekall av våpenløyve. Slike opplysingar kan til dømes vere opphald i drukkenskapsarrest, meldingar om husbråk, henting til tvungent psykisk helsevern, samt opplysingar om strafflagde forhold.

Det vert forventat at politiet har god intern samhandling og rutinar som skapar tillit og tryggleik, noko som er særskilt viktig for våpenforvaltninga. Politiet har dei seinare år etablert ein arbeidsmetodikk, «forebygging gjennom forvaltning», for å fange opp meldingar frå tilsette i etaten når det er grunn til å tru at vedkomande ikkje lenger fyller vilkåra for løyve. Ordninga er meint å skulle auke merksemda og kunnskapen om bruk av forvaltingsheimlane for å førebygge kriminalitet. Forebygging gjennom forvaltning har vorte ein viktig del av politiet sitt forebyggjande arbeid og handlar om å utnytte det politiet veit for å førebygge kriminalitet og betre samfunnstryggleiken.

Departementet meiner at denne arbeidsmetodikken vernar om dei same omsyn som politiet sin kontroll av dei personlege vilkåra ved ein eventuell gjennomgang av eigenfråsegner eller fornying av tidsavgrensa våpenløyve. Verknaden av i tillegg å innføre enten krav til regelvisse eigenfråsegner eller tidsavgrensa våpenløyve vil vere avgrensa til ein kontroll med om våpeneigaren framleis har behov eller annan rimeleg grunn til å ha skytevåpen. Sidan kontrollen vil omfatte eit stort tal løyvehavarar, vil den vere ressurskrevjande for politiet. Mange våpeneigarar har også våpenløyve på grunnlag av innføring i Jegerregisteret eller andre ervervsgrunnlag som ikkje stiller krav til bruk av skytevåpen. For desse gruppene vil ei ordning med tidsavgrensa våpenløyve eller krav om regelvisse eigenfråsegner vere lite eigna til å avdekke forhold av betydning for våpenløyvet.

Departementet tilrår difor ikkje å innføre reglar om regelvisse eigenfråsegner eller å innføre reglar om tidsavgrensa våpenløyve. For å tryggje gjennomføring av dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv set til våpenkontroll av våpenløyve for skytevåpen med vidare i kategori A og B, tilrår departementet at det gjevast ein forskriftsheimel til å gje nærare reglar om kontroll med tildelte våpenløyve, sjå lovframlegget § 41 nr. 28.

## 12.2 Meldeplikt for helsepersonell og for jakt-, skyttar- og samlarorganisasjonar

### 12.2.1 Gjeldande rett

Det er ikkje gjeve særskilte reglar om meldeplikt for helsepersonell eller skyttar- og våpensamlefor- einingar om personar som har skytevåpen. For helsepersonell vil likevel den generelle meldeplikta etter helsepersonellova § 31 kunne omfatte personar som har skytevåpen. Denne regelen er nærare omtala i punkt 12.2.4.

## 12.2.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

### 12.2.2.1 Meldeplikt for helsepersonell

Våpenlovutvalet meiner at gjeldande regelverk hindrar helsepersonell i å kunne varsle politiet om personar er uskikke til å ha skytevåpen. Utvalet syner vidare til at det i NOU 2010: 3 Drap i Norge i perioden 2004–2009, vert tilrådd å vurdere om det bør innførast eit krav til meldeplikt om pasientar som har skytevåpen, som svarar til det som gjeld for førarkort.

Utvalet føreslår difor å innføre ein regel om meldeplikt til politiet for lækjar, psykolog og optikar om pasientar som ikkje oppfyller helsekrava for å ha skytevåpen. Utvalet sitt utkast liknar på helsepersonellova § 34 sine reglar om meldeplikt for førarkort og sertifikat, men slik at det ikkje skal vere noko krav om at den helsetilstanden som utløyser meldeplikt må vere varig, og at helsepersonellet ikkje først treng oppmode pasienten om sjølv å levere inn våpenløyvet til politiet. Lovframlegget er føreslått innført i helsepersonellova, samt at det i våpenlova vert føreslått fastsett ein tilvising til denne regelen.

Utvalet føreslår at det vert gjeve nærare reglar i forskrift om kva helsetilstand som kravst for å kunne ha skytevåpen. For å hindre at det vert sendt unødige meldingar føreslår utvalet at relevant helsepersonell får tilgang til våpenregisteret. Helsepersonellet kan då undersøke om pasienten har skytevåpen før dei eventuelt sender melding til politiet.

### 12.2.2.2 Meldeplikt for skyttar- og våpensamlarorganisasjonar

Eit fleirtal i utvalet føreslår å gje skyttar- og våpensamlarorganisasjonane meldeplikt om personar som det kan vere grunn til å tru ikkje oppfyller dei personlege vilkåra for våpeninnhav. Denne plikta skal vere avgrensa til forhold som skjer i samband med organisasjonen sine aktivitetar.

Mindretalet meiner at kravet til meldeplikt vil vere vanskeleg å gjennomføre i praksis. Mindretalet syner til at organisasjonane har liten kontakt med mange medlemmer, noko som gjev eit lite grunnlag å rapportere på. Vidare meiner mindretalet at gjeldande praksis med påtale av misleg åtferd, samt rapportering av dei mest alvorlege tilfella, gjev eit tilstrekkeleg vern mot farleg våpenbruk.

## 12.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

### 12.2.3.1 Høyringsfråsegner til framlegget om meldeplikt for helsepersonell

*Helse- og omsorgsdepartementet* meiner ei eventuell meldeplikt for helsepersonell bør avgrensast til situasjonar der pasienten trass oppmoding frå helsepersonellet ikkje leverer inn våpenløyvet. Vidare meiner Helse- og omsorgsdepartementet at personkretsen som etter framlegget skal vere omfatta av meldeplikta, er for vid.

*Datatilsynet* har ikkje motsegner til framlegget. Datatilsynet meiner det kan vere utfordrande at helsepersonell får tilgang til våpenregisteret, men reknar dette som ei betre løysing enn at helsepersonell sender meldingar utan å vite om vedkomande har skytevåpen.

*Helsedirektoratet* meiner at framlegget føreset at helsepersonellet fører systematisk kontroll med om pasienten står oppført i våpenregisteret, og at ein slik kontroll vil krevje store ressursar og utfyllande retningslinjer for korleis dette skal praktisere. Vidare meiner Helsedirektoratet at dei nærare vilkåra for meldeplikta må utgreiast langt betre enn det som følgjer av våpenlovutvalet sitt framlegg, og at ordninga vil vere krevjande å praktisere. Helsedirektoratet meiner også at ei eventuell meldeplikt berre bør gjelde for situasjonar der pasienten ikkje leverar inn skytevåpna friviljug.

*Det nasjonale statsadvokatembetet, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane statsadvokatembeter, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Kripos, Politiets Sikkerhetstjeneste og Politihøgskolen* støttar framlegget om meldeplikt for helsepersonell.

*Politidirektoratet* meiner at framlegget om meldeplikt for helsepersonell vil vere eit viktig tiltak for å førebygge feil- eller misbruk av skytevåpen.

*Asker og Bærum, Hordaland og Sør-Trøndelag politidistrikt* meiner dette tiltaket vil være særskilt viktig for å førebygge ulovleg våpenbruk, og syner mellom anna til erfaringane frå meldeplikta for førarkort. Framlegget støttast også av *Rogaland, Sunnmøre og Troms politidistrikt*. *Troms politidistrikt* understrekar likevel at framlegget vil innebære ei stor arbeidsbelastning for politiet. *Vestoppland politidistrikt* meiner framlegget om meldeplikt for helsepersonell vil ha avgrensa verdi fordi helsepersonellet ikkje har tilgang til våpenregisteret, og difor ikkje kan undersøke om pasienten har skytevåpen.

*Den norske lægeforening* (Legeforeningen) har fremja motsegner mot framlegget om meldeplikt. Legeforeningen syner mellom anna til at framlegget vil utfordre forholdet mellom lækjar og pasient, og prinsippet om at pasientar skal kunne søke helsehjelp utan å måtte frykte kva følgjer dette vil kunne få. Legeforeningen meiner at følgjene av å innføre eit krav til meldeplikt kan vere at pasientar ikkje søkar hjelp for psykiske lidingar av frykt for å miste våpenløyvet. Vidare meiner Legeforeningen på generelt grunnlag at risikoen for feil- eller misbruk av skytevåpen best kan førebyggast gjennom at politiet følgjer opp meldingar om til dømes vald, trugsmål eller opphald i krisesenter.

Legeforeningen gjer også gjeldande at det vil vere krevjande å fastsette reglar om kva helsetilstandar som skal utløyse meldeplikt, då erfaringar tilseier at misbruk av skytevåpen oftast skjer i akutte situasjonar. Vidare meiner Legeforeningen at meldeplikta for førarkort ikkje i seg sjølv kan grunngje eit tilsvarende krav for personar som har skytevåpen, då vilkåra for føresetnadane for å kunne melde vil vere ulike. Legeforeningen meiner også at framlegget vil vere krevjande å praktisere, og at det er uklart om det vil vere eigna til å hindre feil- eller misbruk av skytevåpen.

*Den norske psykologforeningen* støttar ei ordning med meldeplikt som liknar den som gjeld for førarkort, men meiner det er behov for å presisere kva tilstandar som skal utløyse denne plikta.

*Norges optikerforbund* meiner at framlegget føreset konkrete helsekrav for våpeninnhav, og syner til risikoen for at personar ikkje søkjar helsehjelp grunna frykt for å miste våpenløyvet.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamleorganisasjonane* som har gjeve fråsegn er i hovudsak kritiske til framlegget, og meiner at ordninga føreset klare retningslinjer for når meldeplikta skal gjelde, samt at nytten truleg ikkje vil samsvare med ressursbruken. *Norske reserveoffiserers forbund* meiner likevel at framlegget om meldeplikt for helsepersonell vil gje betre kontroll med om våpeninnhav framleis oppfyller dei personlege vilkåra enn framlegget om eigen- og lækjarfråsegn.

#### 12.2.3.2 Høyringsfråsegner til spørsmålet om meldeplikt for skyttar- og våpensamleorganisasjonar

Dåverande *Miljødepartementet* (MD) nemner at Direktoratet for naturvernforvaltning har fått opplysingar om at einskilde arrangørar av skyteprøve for storviltjakt regelvisst observerer personar som dei ikkje reknar for skikka til å ha skytevåpen

eller å drive jakt. MD har ikkje teke stilling til spørsmålet om meldeplikt, men ser fram til betre system og rutinar som fangar opp slike tilfelle.

*Politidirektoratet* (POD) støttar framlegget om meldeplikt for skyttar- og samlarorganisasjonane. POD meiner vidare at plikta også bør omfatte personar som melder seg ut av foreininga etter å ha erverva skytevåpen.

*Asker og Bærum politidistrikt* meiner at skyttarforeningar som administrerer skyting med handvåpen bør gjevast meldeplikt om medlemmer som ikkje oppfyller kravet til aktivitet, samt at Jegerregisteret bør gjevast meldeplikt om jegerar som ikkje lenger betalar jegeravgift. *Troms politidistrikt* meiner at framlegget vil vere ressurskrevjande å følgje opp.

Dei *jakt-, skyttar- og våpensamlarorganisasjonane* som har gjeve fråsegn om spørsmålet er sterkt kritiske til framlegget, og meiner mellom anna at framlegget vil skade tillitsforholdet mellom medlemmar og forbund, samt at framlegget vil vere nær uråd å praktisere på ein god måte.

### 12.2.4 Departementet sine merknader

#### 12.2.4.1 Spørsmålet om å innføre meldeplikt for helsepersonell

Departementet har merka seg at høyringsinstansane har gjeve uttrykk for ulike syn om dette spørsmålet. Opplysingar frå helsevesenet vil utan tvil kunne vere viktige moment i vurderinga av om ein person er eigna til å kunne ha skytevåpen, og dette gjeld særleg i situasjonar der helsepersonell reknar vedkomande som farleg. Så langt departementet kan sjå vil slike situasjonar vere omfatta av helsepersonellova § 31, som seier at helsepersonell skal «[...] varsle politi og brannvesen dersom dette er nødvendig for å avverge alvorlig skade på person eller eiendom.»

Spørsmålet er difor om det er grunn for å fastsette ei meldeplikt for personar som har skytevåpen lik den som gjeld for personar med førarkort. Som nemnt i punkt 9.3.3 er skilnaden stor mellom dei helsekrav som gjeld for førarkort og dei helsetilstandar som er relevante for om ein kan ha og bruke skytevåpen på ein trygg måte. Dette synet kjem også klart til uttrykk i høyringsfråsegna til Legeforeningen. For personar som har førarkort vil ei rad med fysiske helsetilstandar, slik som til dømes nedsett syn og epilepsi, kunne gje grunnlag for å dra føreretten attende, medan grunnlaget for å kunne dra attende eit våpenløyve i hovudsak vil vere knytt til psykiske helsetilstandar.

Våpenlovutvalet syner til NOU 2010: 3 Drap i Norge i perioden 2004–2009. Dette utvalet hadde mellom anna som oppgåve å vurdere kommunikasjonen mellom helsetenesta og politiet. Våpenlovutvalet syner særskilt til utvalet si vurdering på s. 132, som seier:

«Psykisk ustabile personer som er i besittelse av skytevåpen, utgjør en særlig risiko. Der som helsepersonell vurderer situasjonen slik at en pasient i denne kategori ikke lenger oppfyller de helsemessige vilkår for å inneha våpen, talar mye for at de på samme måte som ved førerkort pålegges meldeplikt. Det bør overveies å innføre en slik varslingsplikt, for eksempel i nytt annet ledd i helsepersonelloven § 31.»

Fleire høyringsinstansar til NOU 2010: 3 har likevel synt til at det ikkje kan dokumenterast nokon klar samanheng mellom psykisk helse og risiko for valdsbruk. Helsedirektoratet og Datatilsynet gav i høyringa klart uttrykk for at utgreiinga ikkje dokumenterar noko behov for å endre regelverket. Oppfølginga av NOU 2010: 3 har heller ikkje ført til endringar i helsepersonellova.

Det vil vere krevjande å lage gode kriteria for kva tilstandar som skal utløyse meldeplikt, då vurderinga av valdsrisiko ofte føreset grundige undersøkingar av pasienten. Vidare så fangar den ålmenne meldeplikta etter helsepersonellova § 31 opp dei meir akutte tilfella der helsetilstanden utløyser ein alvorleg fare for omgjevnadane. Departementet meiner difor at utvalet sitt framlegg ikkje i nemnande grad vil betre politiet sin kontroll med kven som har tilgang til skytevåpen.

Departementet syner også til at utvalet si føresetnad for ordninga var at helsepersonell får direkte tilgang til opplysingar i våpenregisteret, slik at det tryggast at helsepersonell berre sender meldingar om personar som har registreringspliktige skytevåpen. Som nemnt i punkt 14.4.3, vil ein direkte tilgang ikkje kunne gjennomførast i praksis. Ei eventuell innføring av meldeplikt utan at helsepersonell kan undersøke om pasienten har skytevåpen, vil bety at dei utleverar store mengder særskilte kjenslevar personopplysingar som ikkje er relevante for våpenforvaltninga. Departementet kan difor også av personvernmessige omsyn ikkje tilrå ei slik ordning.

På grunnlag av ovannemnte tilråd ikkje departementet å følgje våpenlovutvalet sitt framlegg om meldeplikt for helsepersonell.

#### 12.2.4.2 Spørsmålet om meldeplikt for skyttar- og våpensamlarorganisasjonar

Våpenlovutvalet har ikkje gjort nærare greie for kva situasjonar som skal utløyse meldeplikt for skyttar- og våpensamlarorganisasjonane. Ut frå føremålet med framlegget må det likevel leggest til grunn at meldeplikta også skal gjelde for framferd som ikkje inneber nokon brå risiko for ulovleg våpenbruk. Eventuelle meldingar til politiet må såleis gjerast ut frå skjønnsprege vurderingar av om vedkomande i framtida vil kunne bruke eller oppbevare skytevåpen på ein uforvarleg måte. Slike subjektive oppfatningar om personar si evne til å handtere skytevåpen vil i liten grad kunne opplyse spørsmålet om tilbakekall av våpenløyve. Departementet meiner difor det ikkje er grunnlag for å følgje opp framlegget om meldeplikt for skyttar- og våpensamlarorganisasjonar.

### 12.3 Handsaming av skytevåpen i døds- og konkursbu

#### 12.3.1 Gjeldande rett

Eit våpenløyve er som hovudregel personleg, slik at løyvet til å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon fell bort når løyvehavar døyr. Tilsvarende vil eit våpenløyve til juridiske personar som går konkurs falle bort når føretaket ikkje lenger kan halde fram drifta. For at arvingar, kreditorar eller andre rettsetterfølgjarar skal kunne overta gjenstandane må dei difor ha løyve frå politiet. Om gjenstandane ikkje avhendast til nokon som har løyve til å erverve gjenstanden, skal dei leverast til politiet. Etter våpenforskrifta § 82 kan politiet i særskilte tilfelle krevje at gjenstandane inntil vidare vert oppbevare hjå politiet eller hjå den politiet bestemmer.

Når personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon enten døyr eller går konkurs, kan rettsetterfølgjarane på nærare bestemte vilkår drive næringsverksemda på grunnlag av det opphavlege løyvet i inntil eitt år, jf. våpenlova § 18.

#### 12.3.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet meiner det trengst betre reglar for handsaming av skytevåpen i døds- og konkursbu. Utvalet føreslår difor å innføre reglar for kontroll med og oppbevaring av skytevåpen i døds- eller konkursbu.

Utvalet føreslår å innføre ein regel om at arvingar til personar med skytevåpen, løyvepliktige

våpendelar eller ammunisjon kan oppbevare desse gjenstandane i inntil fire veker. Utvalet føreslår vidare at politiet skal kunne samtykke til oppbevaring ut over fire veker.

For konkursbu føreslår utvalet å innføre ei plikt for bustyrar til å undersøke om det er skytevåpen i buet, og eventuelt varsle politiet om funn av slike gjenstandar. Vidare så føreslår utvalet å innføre ein tilsvarende regel om oppbevaring som for arvingar.

Utvalet føreslår også å innføre eit krav om at tingretten skal undersøke om avlidne har registrerte skytevåpen, og eventuelt varsle politiet om dødsfallet. Utvalet meiner at om tingretten får tilgang til våpenregisteret bør dette vere ei enkel oppgåve for tingretten. Vidare føreslår dei å innføre eit krav om at tingretten skal orientere arvingane om deira plikter i samband med funn av skytevåpen i dødsbu.

Utvalet føreslår vidare å lovfeste reglane i våpenforskrifta om at politiet kan gjere vedtak om oppbevaring av gjenstandar i døds- eller konkursbu, og føreslår å innføre ei plikt for politiet til å ta i mot slike gjenstandar og å oppbevare desse i inntil 12 månader. Etter denne perioden føreslår utvalet at politiet enten kan selje gjenstandane på eigar si rekning eller destruere dei. Utvalet føreslår til sist å vidareføre våpenlova sine reglar om at døds- eller konkursbuet i inntil eitt år kan halde fram å drive næringsverksemd i medhald av løyvet til avlidne eller konkursbuet.

### 12.3.3 Høyringsinstansane sitt syn

*Domstolsadministrasjonen (DA)* meiner at behovet for kontroll med skytevåpen i dødsbu best kan stettast gjennom at våpenforvaltinga får melding om dødsfall, og syner til at dette er fast rutine i ein-skilde politidistrikt. Dette synet støttast også av *Asker og Bærum politidistrikt*, som meiner at ordninga med varsling om dødsfall fungerer godt. DA syner også til at spørsmålet om tingretten skal føre kontroll med våpenløyve føreset ei breiare vurdering av om framlegget vil stride mot prinsippet om domstolen si uavhengige stilling. DA understreker vidare at ei konkursopning ikkje i seg sjølv treng gje grunnlag for tilbakekall av våpenløyve.

*Politidirektoratet* samt *Asker og Bærum, Oslo* og *Troms politidistrikt* er kritiske til framlegget om at politiet skal måtte ta i mot skytevåpen frå døds- og konkursbu. Politidistrikta meiner framlegget vil vere ressurskrevjande og at følgjene av framlegget vil kunne vere at bustyrar eller arvingar leverar gjenstandar til politiet framfor å avhende gjenstandane. *Troms politidistrikt* under-

strekar også at politiet etter gjeldande regelverk skal ta hand om skytevåpen som elles ikkje vert oppbevara på forsvarleg måte.

*Politihøgskolen* støttar våpenlovutvalet sitt framlegg til reglar for handsaming av skytevåpen i døds- eller konkursbu, og meiner særleg at politiet si plikt til å ta i mot skytevåpen vil betre våpenkontrollen.

*Konkursrådet* støttar utvalet sitt framlegg om handsaming av skytevåpen i konkursbu.

### 12.3.4 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i behovet for betre kontroll med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i konkurs- og dødsbu. Departementet meiner likevel at plikta til å føre slik kontroll primært bør liggje hjå politiet, sjå lovframlegget § 34 og § 35. Gjennom god forvaltning av meldingar om dødsfall og konkursopning vil politiet sjølv kunne føre kontroll med gjenstandar i buet. Departementet er vidare samd med Domstolsadministrasjonen i at domstolane ikkje bør påleggast å gjere oppgåver på vegne av politiet. Departementet følgjer difor ikkje opp utvalet sitt framlegg om å gje tingrettane varslingsplikt til politiet om skytevåpen i dødsbu.

Når det gjeld bustyrar sine pliktar, meiner departementet at det bør vere politiet si plikt å føre kontroll med konkursar eller anna opphøyr av verksemd som innehar skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Denne kontrollen bør gjerast fortløpande, ved at våpenforvaltinga skaffar seg tilgang til meldingar om konkursopningar. Departementet meiner difor at bustyrar sine pliktar bør vere avgrensa til ei varslingsplikt om eventuelle funn av slike gjenstandar i konkursbuet.

Departementet sluttar seg til utvalet sitt framlegg om at arvingar og konkursbu skal kunne oppbevare skytevåpen, men tilrår at politiet må samtykke til oppbevaringa. Eit krav om samtykke vil etter departementet sitt syn betre politiet sin kontroll med kvar og korleis gjenstandane vert oppbevart.

Når det gjeld framlegget om at politiet skal ha plikt til å ta imot skytevåpen frå døds- eller konkursbu meiner departementet at det er tilstrekkeleg å lovfeste at politiet skal samtykke til mellombels oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i samband med bubehandlinga. Denne regelen vil vidareføre gjeldande ordning med at politiet skal ta hand om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i døds- eller konkursbu som ikkje vert forsvarleg oppbevara, sjå lovframlegget § 31 og § 32.



Departementet er elles samd med utvalet i at politiet ikkje bør ha plikt til å avhende gjenstandane på vegne av døds- eller konkursbuet. Ei slik plikt er krevjande å oppfylle, og ligg utanfor det som bør vere politiet sitt ansvar etter våpenlovgjevinga. Departementet sluttar seg difor til utvalet sitt framlegg om å lovfeste ein regel som gjev politiet heimel til å kunne destruere gjenstandar som ikkje er avhenda innan eitt år, jf. lovframlegget § 31 femte ledd og § 32 andre ledd.

Departementet sluttar seg elles til utvalet sitt framlegg om å vidareføre gjeldande reglar om framhalden drift av næringsverksemd i medhald av løyve til avlidne eller konkursbuet, jf. lovframlegget § 24.

## 12.4 Nærare om politiet sin kontroll med oppbevaring, og tilgang til skyttar- og våpensamlarorganisasjonar sine medlemslister

### 12.4.1 Gjeldande rett

Politiet kan i medhald av våpenlova § 27 a føre kontroll med korleis privatpersonar oppbevarer skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, og kan på nærare bestemte vilkår krevje å få tilkomst til vedkomande sin private bustad.

### 12.4.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande reglar om kontroll med privat oppbevaring av skytevåpen, samt å innføre ein regel om at politiet kan krevje utlevert ein kopi av medlemslistene til godkjente skyttar- og våpensamlarorganisasjonar.

### 12.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

*Sysseimannen på Svalbard* meiner at det bør innførast krav om at skytterorganisasjonar dokumenterer medlemmane sin aktivitet, og at desse registra bør vere tilgjengeleg for politiet slik at det kan førast kontroll med aktiviteten. *Vestoppland politidistrikt* og *Asker og Bærum politidistrikt* gjev uttrykk for liknande synspunkt.

*Norsk våpeneierforbund* meiner at kontrollen med oppbevaring bør gjerast av ein etat som ikkje har politimynde.

### 12.4.4 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at krava til oppbevaring er eit viktig tiltak for å hindre feil- eller misbruk av skytevåpen, og tilrår å

vidareføre gjeldande reglar for kontroll med oppbevaring.

Når det gjeld spørsmålet om utlevering av opplysingar frå medlemsregistre, vil våpenforvaltninga kunne ha behov for slike opplysingar for å kunne føre kontroll med om vilkår eller føresetnader for våpenløyve eller godkjenning av skyttar- eller våpensamleorganisasjon er oppfylt. Departementet støttar difor utvalet sitt framlegg om å innføre heimel for slik utlevering av opplysingar frå organisasjonane sine medlemsregister.

## 12.5 Nærare om politiet sin kontroll med personar som har skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

### 12.5.1 Gjeldande rett

Våpenlov og forskrift har ikkje generelle reglar om politiet sin kontroll med personar som har skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, men det er gjeve særskilte reglar om denne kontrollen på ein skilde område, som til dømes kontroll med oppbevaring av skytevåpen etter våpenlova § 27 a og kontroll av næringsdrivande etter våpenforskrifta § 104.

Etter våpenlova § 9 skal personar som ber eller førar med seg skytevåpen ha med dokumentasjon på gyldig tilkomst til gjenstanden, og skal syne fram dokumentasjonen etter førespurnad frå politiet. Slik dokumentasjon kan til dømes vere våpenkort etter § 8, fråsegn om utlån etter § 11 eller løyve til å drive næringsverksemd etter § 16 eller § 20. Kan ikkje vedkomande syne fram dokumentasjon på lovleg tilkomst, skal politiet ta hand om gjenstandane fram til vedkomande har levert dokumentasjonen, med unnatak av når «politiet finner det ubetenkelig» at vedkomande framleis har hand om gjenstandane.

Etter våpenlova § 29 kan politiet ta hand om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon når den som har gjenstanden ikkje oppfyller krava til lovleg minstealder. Denne regelen gjeld også for gjenstandar som ikkje krev løyve etter våpenlova. Gjenstandar som politiet tek hand om skal etter førespurnad utleverast til eigar, eller til verja til eigar når vedkomande er under 18 år. Politiet kan bestemme at gjenstandar som ikkje er beden utlevert innan eitt år enten skal seljast for eigar si rekning eller destruerast.

### 12.5.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre reglane i våpenlova § 9 og § 11 utan større materielle endringar. Utvalet meiner likevel at politiet ikkje skal

trengje å avhende gjenstandar som dei tek hand om etter § 11, og tilrår at dette alternativet takast bort.

Utvalet føreslår også å innføre ein regel om at politiet kan føre kontroll med om vilkår eller føresetnader for løyvet er oppfylt, inkludert kontroll med transport av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Dei nærare reglane for kontroll er tilrådd lagt til forskrift.

### **12.5.3 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader**

Ingen av høyringsinstansane har gjeve merknader til framlegget.

Reglane om dokumentasjon for lovleg tilkomst og politiet sin kontroll med denne er viktige for å førebygge feil- eller misbruk av skytevåpen. Departementet er difor samd med våpenlovutvalet i at politiet må kunne ta hand om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon når den som har

skytevåpenet ikkje kan dokumentere lovleg tilkomst til gjenstanden, eller når personar under lovleg minstealder har skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, sjå lovframlegget § 30 tredje og fjerde ledd.

Departementet sluttar seg også til utvalet sitt framlegg om ikkje å vidareføre gjeldande regel om at politiet skal selje gjenstandar for eigar si rekning når politiet har teke hand om gjenstanden, fordi ei slik plikt er unødig ressurskrevjande og ligg utanfor det som bør vere politiet sitt ansvar.

Når det gjeld framlegget om å innføre reglar om politiet sin kontroll med om vilkår for våpenløyve er oppfylt, er departementet samd med utvalet i at ein generell regel om politiet sin kontroll vil kunne klargjere politiet sine oppgåver etter våpenlovgevinga. Departementet sluttar seg til utvalet sitt framlegg, men tilrår at dei nærare reglane om kva saksområde kontrollen kan omfatte leggest til forskrift, sjå lovframlegget § 41 nr. 28.

## 13 Tilbakekall av våpenløyve

### 13.1 Gjeldande rett

Politiet *skal* dra attende våpenløyve til personar som ikkje lenger oppfyller krava til personlege eigenskapar, jf. våpenlova § 10 første ledd. Vidare så *kan* politiet dra attende våpenløyve til personar som ikkje lenger har behov for eller annan rimeleg grunn til å ha skytevåpen, jf. våpenlova § 10 andre ledd. Politidirektoratet har i rundskriv RPOD 2009-9 punkt 3.8 gjeve nærare retningslinjer for korleis politiet skal praktisere regelverket.

Når politiet gjer vedtak om å tilbakekalle våpenløyve, skal vedkomande «straks» levere våpenkort og skytevåpen til politiet. Politiet kan krevje at vedkomande leverar inn våpendelar, jf. § 10 fjerde ledd. Ved brot på krava til personlege eigenskapar etter § 10 første ledd kan også politiet krevje at vedkomande skal levere inn ammunisjon, jf. § 15. Politiet kan også gjere vedtak om at skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal leverast inn når det er sendt førehandsvarsel om inndraging av våpenløyvet, jf. § 10 femte ledd.

Når politiet gjer endeleg vedtak om å tilbakekalle våpenløyve, skal vedkomande avhende skytevåpen med vidare innan tre månader. Om dei ikkje er avhenda innan denne fristen skal politiet selje gjenstandane for eigar si rekning, jf. § 10 fjerde ledd.

Ved brot på vilkåra etter § 10 første ledd kan politiet bestemme at skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er unnateke frå løyveplikt etter § 5 skal innleverast og avhendast, jf. § 10 sjetle ledd. På dei same vilkåra, kan politiet også bestemme at vedkomande heller ikkje framover i tid kan erverve eller eige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som nemnt i § 5, jf. § 10 sjuande ledd og § 15 første ledd tredje punktum.

### 13.2 Internasjonale rammer

Etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 5 nr. 2 skal medlemsstatane ha reglar om tilbakekall av våpenløyve til personar som ikkje lenger oppfyller vilkår eller føresetnader for løyvet. Vidare så er det i artikkel 5 nr. 3 sett krav om at medlems-

statane skal ha reglar om tilbakekall av våpenløyve for skytevåpen i kategori B når løyvehavar utan særskilt løyve har lause våpenmagasin for enten halvautomatiske skytevåpen eller skytevåpen med repetermekanisme med patronkapasitet større enn 10 for rifler og hagler og 20 for pistol.

### 13.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet føreslår å vidareføre gjeldande reglar om at politiet skal tilbakekalle våpenløyve frå personar som ikkje lenger oppfyller krava til personlege eigenskapar. Utvalet føreslår at dette kravet også skal gjelde for andre løyve til å ha skytevåpen med vidare enn våpenløyve, slik som løyve til å drive næringsverksemd, våpensamling eller løyve til å låne skytevåpen.

Eit fleirtal føreslår å innføre eit krav om at politiet skal tilbakekalle løyvet til personar som ikkje lenger har behov for eller annan rimeleg grunn til å ha det aktuelle våpenet. Mindretallet meiner det ikkje er grunn til å endre regelverket på dette punktet.

Eit samla utval meiner gjeldande reglar om innlevering av gjenstandar som vert tilbakekalla bør endrast til at vedkomande skal «overlate» gjenstandane til politiet framfor å bruke omgrepet «innleveres» som brukast i gjeldande våpenlov § 10. Dette for å hindra at personar møter hjå politiet med skytevåpen utan nærare avtale med politiet.

Vidare meiner utvalet at gjeldande ordning med at politiet skal selje innleverte gjenstandar som ikkje eigaren sjølv avhendar er unødig belastande for politiet. Utvalet tilrår difor å endre reglane slik at politiet kan destruere gjenstandar som ikkje er avhenda innan 12 månader, utan skyldnader til eigaren.

Utvalet føreslår å vidareføre gjeldande reglar om at politiet kan krevje innlevert og gje forbod mot seinare å erverve eller ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ikkje krev løyve frå politiet, men slik at det vert presisert at politiet også kan gje tilsvarande forbod ovanfor personar som ikkje har våpenløyve frå før. I lovtkastet har

utvalet utvida ordninga til også å gjelde for personar som ikkje lenger har behov for eller annan rimeleg grunn for å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, utan at dette er nærare grunngeve.

Vidare føreslår utvalet å innføre ein ny regel om at politiet kan krevje å ta hand om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i to veker når det er grunn til å tru at løyvehavar ikkje oppfyller dei personlege vilkåra, og det ikkje er tid til å sende førehandsvarsel.

### 13.4 Høyringsinstansane sitt syn

Dåverande *Miljødepartementet* meiner at mange jegerar må ta mellombelse opphald i aktiviteten grunna til dømes familie- eller arbeidssituasjonen, og at dette ikkje bør føre til at våpenløyvet vert tilbakekalla.

*Riksadvokaten* og *Politidirektoratet* støttar fleirtalet sitt framlegg om å innføre krav om tilbakekall ved manglande behov.

*Politihøgskolen* syner til at gjeldande regelverk stiller krav til aktivitet, og meiner det ikkje er behov for å innføre reglar om tilbakekall på dette grunnlaget. Dei *jakt-, skyttar- og våpensamleorganisasjonane* som har gjeve fråsegn gjev uttrykk for liknande synspunkt.

*Oslo politidistrikt* meiner at avhending av skytevåpen krev store ressursar, og at det ikkje bør vere politiet si oppgåve å realisere verdier på vegne av eigaren.

### 13.5 Departementet sine merknader

Departementet sluttar seg til våpenlovutvalet sitt framlegg om å vidareføre gjeldande krav om at politiet *skal* tilbakekalle våpenkort til personar som ikkje lenger oppfyller dei personlege vilkåra, sjå lovframlegget § 31 første ledd. Departementet er vidare samd med utvalet i at dette kravet også bør gjelde for andre løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon enn dei som gjev innehavar våpenkort. For å klargjere at regelen skal gjelde for alle typar løyve til å ha skytevåpen med vidare, tilrår departementet at nemninga «våpenkort» som brukast i gjeldande våpenlov § 10 endrast til «løyve».

Departementet meiner derimot at det ikkje er grunn til å innføre strengare reglar for tilbakekall av våpenløyve grunna manglande behov. Mange driv jakt og sportsskyting i størsteparten av sitt vaksne liv, og over eit så langt tidsløp er det natur-

leg at aktiviteten kan variere. Slike mellombelse opphald i aktiviteten inneber normalt ikkje nokon tryggingssisiko, og mange tek opp at aktiviteten når forholda ligg betre til rette for det. Eit absolutt krav om tilbakekall på dette grunnlaget vil også vere krevjande å praktisere fordi behovet for skytevåpen til jakt, våpensamling, arv og minneverde ikkje er knytt til noko krav om bruk av skytevåpenet. Det synast her til omtalen under punkt 12.1.5.

Departementet tilrår difor å vidareføre gjeldande reglar for tilbakekall grunna manglande behov. For å tryggje gjennomføring av dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv set for tilbakekall av våpenløyve, vert det samstundes tilrådd å gje ein forskriftsheimel til å kunne gje utfyllande reglar om tilbakekall på dette grunnlaget, sjå lovframlegget § 41 nr. 29. Desse forskriftsreglane vil mellom anna kunne fastsette krav til dokumentasjon for medlemskap og aktivitet for godkjent skyttarorganisasjon for å kunne ha løyve til halvautomatiske rifler som nemnt i lovframlegget § 5 andre ledd nr. 3 og våpenmagasin med stor patronkapasitet.

Departementet er samd med utvalet i at politiet ved brot på dei personlege vilkåra framleis bør kunne krevje innlevert løyvefrie skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, samt å gje forbod mot at vedkomande ervervar eller har slike gjenstandar, sjå lovframlegget § 31 andre ledd.

Departementet sluttar seg likevel ikkje til framlegget om at eit slikt forbod også skal kunne gjevast for personar som enten får løyvet inndrege på grunn av at behovet er felle bort, eller som ikkje lenger har behov for eller annan rimeleg grunn til å ha slike gjenstandar. Ei inndraging av løyve på dette grunnlaget tilseier ikkje at vedkomande er mindre eigna til å kunne ha og bruke skytevåpen enn personar med gyldig våpenløyve. Vidare så kravst det ikkje at den som skal erverve og ha løyvefrie skytevåpen med vidare må dokumentere eit behov eller annan rimeleg grunn. Departementet meiner difor det vil vere urimeleg å gje eit forbod mot å erverve eller ha skytevåpen med vidare på grunn av brot på vilkår som ikkje gjeld for slike gjenstandar.

Departementet sluttar seg derimot til utvalet sitt framlegg om å endre ordlyden frå «innlevere» til at vedkomande skal «overlate» skytevåpen med vidare, og tilrår å presisere at overleveringa skal skje i samsvar med pålegg frå politiet, sjå lovframlegget § 32 tredje ledd.

Departementet er også samd med utvalet i at gjeldande krav om at politiet skal avhende innleverte gjenstandar når eigaren ikkje oppfyller denne plikta er unødig ressurskrevjande, og mei-

ner at denne oppgåva ligg utanfor det som bør vere politiet sitt ansvar. Departementet sluttar seg difor til utvalet sitt framlegg om å innføre ein regel om at politiet kan destruere gjenstandar som ikkje er avhenda innan 12 månader frå det tidspunkt politiet gjorde endeleg vedtak om å dra inn løyvet, sjå lovframlegget § 31 femte ledd.

Departementet er til sist samd med utvalet i behovet for å innføre reglar som gjev politiet heimel til å kunne ta hand om skytevåpen utan først å måtte sende førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve. Døme på situasjonar som kan krevje snøgg reaksjon er meldingar om husbråk, psykisk sjukdom og liknande, som kan innebere ein særskilt risiko for misbruk av skytevåpen. Departementet tilrår at vilkåret for å kunne ta hand om våpna åleine knytast til faren for at skytevåpna vil verte misbruka utan omsyn til om det er oppretta ein sak om å tilbakekalle våpenløyvet, sjå lovframlegget § 31 fjerde ledd.

## 13.6 Nærare om tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

### 13.6.1 Gjeldande rett

Politiet kan tilbakekalle løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon når innehavar ikkje lenger oppfyller vilkår eller føresetnader for løyvet, jf. våpenlova § 35.

### 13.6.2 Internasjonale rammer

Etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 4 nr. 3 skal medlemsstatane ha eit system for godkjenning av personar som skal drive ulike former for næringsverksemd med skytevåpen. I artikkel 6 nr. 7 er det som nemnt under punkt 12.1.2 gjeve særskilte reglar for kontroll med personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kategori A.

### 13.6.3 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår å skjerpe reglane for tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd, slik at politiet *skal* tilbakekalle løyvet når den som har løyvet ikkje lenger oppfyller dei personlege vilkåra. Utvalet tilrår elles å vidareføre gjeldande reglar, slik at politiet *kan* dra attende løyve til å drive næringsverksemd ved brot på andre vilkår eller føresetnader for løyvet.

Utvalet tilrår vidare å gje ein særskilt heimel for tilbakekall av godkjenning som skyttar- eller våpensamleorganisasjon, når organisasjonen ikkje lenger oppfyller vilkåra for godkjenning eller ikkje overheld krava til meldeplikt og til å utlevere naudsynt informasjon til politiet.

### 13.6.4 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader

Ingen av høyringsinstansane har fremja motsegner mot framlegget.

Eit løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon gjev løyvehavar tilkomst til eit større tal skytevåpen. Skaderisikoen ved feil eller misbruk av løyve til å drive næringsverksemd vil difor kunne vere minst like stor som for andre våpenløyve. Departementet sluttar seg difor til våpenlovutvalet sitt framlegg om å innføre krav om at politiet *skal* dra inn løyvet når vedkomande bryt dei personlege vilkåra. Sidan næringsdrivande kan oppbevare eit større tal skytevåpen og ammunisjon er det viktig å ha reglar som tryggjer at politiet får kontroll på desse gjenstandane når dei gjer vedtak om tilbakekall av løyvet. Departementet tilrår difor at lovframlegget sine reglar om å overlate skytevåpen med vidare til politiet skal gjelde tilsvarande ved tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd, sjå lovframlegget § 32.

Departementet er til sist samd med utvalet i at det bør lovfestast reglar om at politiet skal kunne tilbakekalle godkjenningar som skyttar- eller våpensamleorganisasjon, sjå lovframlegget § 33. Ei slik godkjenning gjev grunnlag for erverv av skytevåpen, og misbruk av dette løyvet kan difor få store skadefølgjer.

## 14 Om våpenforvaltning, straffebod med vidare

### 14.1 Gjeldande rett

---

#### 14.1.1 Våpenforvaltning og våpenregister

Vedtaksmynda etter våpenlova er som hovudregel lagt til politidistrikta, med Politidirektoratet som klageinstans. Våpenforvaltninga skal tryggje at personer som ervervar eller har våpen oppfyller vilkåra i våpenlova. For å kunne gjere denne kontrollen har våpenforvaltninga tilgang til dei register i politiet som kan ha relevante opplysingar.

Våpenlova § 31 fjerde ledd gjev Kongen mynde til å opprette eit sentralt og elektronisk våpenregister. Opplysingane i dette registeret kan unntakast frå offentleg innsyn. Etter våpenforskrifta § 98 skal politiet føre eit sentralt våpenregister etter retningsliner gjevne av Politidirektoratet.

#### 14.1.2 Gebyr

Våpenlova § 31 andre ledd gjev Kongen mynde til å kunne krevje gebyr for løyve til å drive handel med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, løyve til inn- eller utføring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, samt for utferding av løyve til erverv av skytevåpen og våpendelar. Etter forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon nr. 16 og 17 er Utanriksdepartementet gjevne mynde til å gje reglar om gebyr for ervervsmessig utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Denne forskrifta regulerer også dei nærare gebyrsatsane for løyve etter våpenlova, jf. forskrifta nr. 17.

#### 14.1.3 Straff

Etter våpenlova § 33 kan forsettlege eller grovt aktlause brot på reglar som er gjevne i eller i medhald av våpenlova straffast med bøter eller fengsel inntil tre månader, om ikkje handlinga omfattast av eit strengare straffebod.

Straffeboda for dei meir alvorlege brota på våpenlovgevinga er ved ikraftsetjinga av straffelova 2005 flytta frå våpenlova til straffelova. Etter straffelova § 188 kan uforsiktig framstilling, tilver-

king, bruk, handsaming eller oppbevaring av skytevåpen eller ammunisjon straffast med bøter eller fengsel inntil eitt år når handlinga er eigna til å valde fare for andre sitt liv eller helse. Tilsvarende straff er sett for ulovleg væpning på offentleg stad, jf. straffelova § 189.

Alvorlege eller gjentekne brot på våpenlova sine reglar om erverv, innehav samt inn- eller utføring av skytevåpen kan straffast med bøter eller fengsel inntil to år, jf. straffelova § 190. Grove brot på desse reglane kan straffast med bot eller fengsel inntil seks år, jf. straffelova § 191.

Etter straffelova § 191 a kan den som skaffar seg, tilverkar eller oppbevarer skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon med siktemål om å gjere straffbare handlingar med desse gjenstandane straffast med fengsel i inntil seks år, eller inntil ti år om handlinga reknast som grov, jf. straffelova § 191 b.

#### 14.1.4 Tidsavgrensa våpenamnesti

Kongen kan i medhald av våpenlova § 34 fastsetta ordning med såkalla våpenamnesti. Dette betyr at det ved Kongeleg resolusjon kan gjerast vedtak om at personar som bryt med våpenlova sine krav til løyve for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon ikkje skal forfølgjast strafferettsleg for dette brotet om vedkomande sjølv melder frå til politiet om det ulovlege innehavet innafor eit nærare bestemt tidsrom. Etter slik melding kan personar som har uregistrerte skytevåpen levere gjenstandane til politiet og eventuelt få dei deaktiverte eller etterregistrert. Sistnemnte føreset at vedkomande oppfyller våpenlova sine krav for erverv av skytevåpen.

### 14.2 Internasjonale rammer

---

#### 14.2.1 FN sin våpenprotokoll

Etter FN sin våpenprotokoll artikkel 7 skal statspartane mellom anna tryggje at nærare bestemte opplysingar om skytevåpen er registrert og tilgjengelege i minst 10 år. Desse opplysingane skal omfatte opplysingar om merking og liknande som

gjør det råd å identifisere det einsskilte skytevåpen, og opplysingar om innførsel, utførsel og transitt. Reglane gjeld så langt dei høver også for våpendelar og ammunisjon.

FN sin våpenprotokoll artikkel 5 og 6 set krav om at statspartane skal ha eit nasjonalt regelverk som kan førebygge ulovleg innehav og spreiding av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

## 14.2.2 EU sitt våpendirektiv

### 14.2.2.1 Våpenregister

Etter EU sitt våpendirektiv artikkel 4 skal medlemsstatane syte for at skytevåpen er registrert i eit elektronisk våpenregister. I våpenregisteret skal det først opplysingar om skytevåpenet, samt namn og adresse på dei personar som avhendar, ervervar eller har desse gjenstandane. Opplysingane i våpenregisteret skal vere lagra i minst 20 år.

Det reviderte våpendirektivt artikkel 4 nr. 3 innfører krav om at også våpendelar som nemnt i artikkel 1 nr. 2 skal registrerast i det nasjonale våpenregisteret. Vidare er det sett krav om at medlemsstatane skal føre opplysingar om merkinga av skytevåpenet eller våpendelen i det nasjonale våpenregisteret. Medlemsstatane skal også føre opplysingar over dei våpensamlarar som har særskilt løyve til å erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i kategori A i det nasjonale våpenregisteret, jf. artikkel 6 nr. 3.

I artikkel 4 nr. 4 er det vidare gjeve meir detaljerte reglar om lagring, sperring og sletting av opplysingar i medlemsstatane sine nasjonale våpenregister. Det reviderte direktivet set krav om at medlemsstatane skal lagre opplysingane i våpenregisteret i 30 år etter at skytevåpenet eller våpendelen vart destruert. Våpenforvaltinga og tolletaten skal ha tilgang til opplysingane i våpenregisteret i inntil 10 år frå det tidspunkt skytevåpenet eller våpendelen vart destruert, og etatar som har ansvaret for å motverke, oppdage samt etterforske kriminalitet, eller gjennomføre straff, skal ha tilgang til opplysingane i inntil 30 år. Medlemsstatane kan i samsvar med nasjonal rett overføre personopplysingar frå det sentrale våpenregister til andre register. For slike opplysingar gjeld ikkje slettefristen på 30 år i våpendirektivt.

### 14.2.2.2 Utlevering av opplysingar

Etter EU sitt våpendirektiv artikkel 7, 8 og 13 skal medlemsstatane utlevere nærare bestemte opplysingar om erverv av skytevåpen for personar som ikkje har fast opphald i den medlemsstaten der

ervert skjer, samt utlevere opplysingar om overføringar av skytevåpen til den aktuelle medlemsstaten.

Etter det reviderte våpendirektivt artikkel 13 nr. 4 og 5 skal opplysingar om overføringar av skytevåpen skje elektronisk. Vidare skal plikta til å utlevere opplysingar elektronisk omfatte opplysingar om avslag på våpenløyve etter artikkel 6 og 7. Kommisjonen skal fastsette nærare reglar for korleis denne plikta til informasjonsutveksling skal praktiserast, samt etablere eit system for elektronisk utlevering av relevant informasjon i medhald av direktivet.

### 14.2.2.3 Gebyr og straff

Etter våpendirektivt artikkel 12 nr. 2 kan ikkje medlemsstatane krevje gebyr for godkjenning av europeisk våpenpass ved overføring av skytevåpen mellom medlemsstatane. Det følgjer vidare av våpendirektivt artikkel 16 at medlemsstatane skal syte for at regelverket som er fastsett i medhald av direktivet er straffesanksjonert på ein høvande måte.

## 14.3 Våpenforvalting

### 14.3.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet meiner våpenforvaltinga har stor betydning for samfunnstryggleiken, og tilrår at politiet framleis skal ha ansvaret for forvaltinga av våpenlova. Utvalet føreslår at politidistrikta sentraliserer si handsaming av våpensaker til eitt kontor, men har ikkje føreslått å lovfeste ei slik organisering. Eit fleirtal føreslår også å sentralisere saker som gjeld godkjenning av samleområde til eitt politidistrikt, medan mindretallet tilrår å vidareføre gjeldande ordning. Eit samla utval føreslår å vidareføre gjeldande reglar om klage over vedtak, men slik at regelen er tilpassa gjeldande organisering av politiet.

Utvalet meiner også at våpenforvaltinga bør ha tilgang til alle relevante opplysingar i politiet. Utvalet føreslår difor å lovfeste at våpenforvaltinga skal få tilgang til politiet sine register i samsvar med politiregisterlova § 29.

### 14.3.2 Høyringsinstansane sitt syn

*Politidirektoratet* og dei *politidistrikta* som har gjeve fråsegn om spørsmålet støttar framlegget om sentralisering av våpenforvaltinga i kvart politidistrikt, og meiner dette vil minske risikoen for skil-

nadshandsaming og styrke kompetansen i våpenforvaltninga.

*Kripes* meiner at våpenforvaltninga sin heimel til å kunne gjere søk i politiet sine registre bør forankrast i politiregisterlova og ikkje i våpenlova.

### 14.3.3 Departementet sine merknader

Etter politiregisterlova § 29 kan politiet utlevere opplysingar til politiet sine forvaltingsoppgåver. Politiregisterforskrifta heimlar også at politiet som forvaltingsorgan kan få utlevert opplysingar gjennom direkte søk i aktuelle register. Det er difor ikkje behov for å regulere desse spørsmåla i våpenlova.

Når det gjeld organiseringa av våpenforvaltninga, er departementet samd med våpenlovutvalet i å vidareføre gjeldande ordning med at politiet har avgjerdsmynde i våpensaker. Departementet ser derimot ikkje grunn til å gå nærare inn på utvalet sine synspunkt om sentralisering av våpenforvaltninga i proposisjonen her, sidan organiseringa av våpenforvaltninga ikkje vert lovregulert.

## 14.4 Våpenregisteret

### 14.4.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet syner til personopplysingslova sine krav for handsaming av personopplysingar, og meiner det er behov for å styrke rettsgrunnlaget for våpenregisteret. Utvalet føreslår difor å lovfeste reglar for kva opplysingar som kan førast i våpenregisteret, samt å gje ein forskriftsheimel til å gje nærare reglar for bruk og handsaming av opplysingar i våpenregisteret.

Utvalet føreslår vidare å gje helsepersonell direkte tilgang til opplysingar i våpenregisteret for å kunne utføre lovutkastet sin regel om meldeplikt. Våpenlovutvalet tilrår at denne tilgangen vert avgrensa til berre å gjelde opplysingar om kven som har skytevåpen.

Eit fleirtal i utvalet meiner vidare at opplysingane frå våpenregisteret vil kunne misbrukt av kriminelle miljø, og føreslår å vidareføre gjeldande regel om at alle opplysingar i våpenregisteret kan unnatakas frå offentlegheita. Fleirtalet føreslår at også tingrettar og andre med eit sakleg behov for å vite om personar har våpenløyve, kan gjevast direkte tilgang til ein avgrensa del av våpenregisteret.

Mindretalet meiner at opplysingar om våpeninnhav ikkje kan reknast for sensitive personopplysingar, og at behovet for å kunne opplyse om dette til pårørende eller andre som har tilknytning

til vedkomande tilseier at denne opplysingen skal vere offentleg.

### 14.4.2 Høyringsinstansane sitt syn

*Helse- og omsorgsdepartementet* og *Datatilsynet* er kritiske til at ei stor gruppe helsepersonell skal få tilgang til våpenregisteret, og tilrår at det presiserast nærare kven som skal få slik tilgang.

*Politidirektoratet (POD)* meiner at framlegget med å gje helsepersonell tilgang til våpenregisteret kan vere uråd å gjennomføre i praksis, og syner til at Sverige har innført krav om meldeplikt utan å gje ein slik tilgang.

*Politihøgskolen* støttar framlegget om å gje helsepersonell og tingrettar tilgang til våpenregisteret, slik at dei kan føre kontroll med om pasientar eller avlidne har skytevåpen.

*Norsk presseforbund* syner mellom anna til at talet på våpentjuveri er redusert dei siste åra. Presseforbundet meiner at risikoen for misbruk difor ikkje kan grunngje at desse opplysingane skal vere unnateke offentlegheit.

### 14.4.3 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i behovet for å klargjere reglane for handsaming av opplysingar i våpenregisteret, og tilrår å fastsette det rettslege grunnlaget for våpenregisteret i samsvar med utvalet si innstilling, sjå lovframlegget § 36. Denne føresegna vil også gje forskriftsheimlar som gjennomfører dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 4 nr. 4 set til behandling av opplysingar i våpenregisteret. For å gjennomføre krav til registreringsplikt etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 8, jf. vedlegg I, tilrår departementet å fastsette som noko nytt ein heimel for å kunne registrere og handsame opplysingar om registreringspliktige skytevåpen (som ikkje også er løyvepliktige) med vidare, og om personar som ervervar slike gjenstandar.

Departementet følgjer ikkje opp utvalet sitt framlegg om å gje helsepersonell eller andre tilgang til å kunne gjere direkte søk i våpenregisteret. Det er to hovudgrunnar til dette. For det første var føresetnaden for framlegget at ein direkte tilgang skal gjere det enklare for helsepersonell og tingrettar å varsle politiet om pasientar som ikkje lenger oppfyller krava til helsetilstand og om avlidne som har skytevåpen. Sidan departementet ikkje tilrår å innføre meldeplikt for helsepersonell og tingrettar, fell også grunngjevinga for direkte tilgang til våpenregisteret bort, sjå nærare omtale



i punkt 12.2.4.1 og 12.3.4. For det andre vil framlegget, som Politidirektoratet syner til, vere nær uråd å gjennomføre.

Når det til slutt gjeld spørsmålet om det offentlege sin tilgang til opplysingar i våpenregisteret, er departementet samd med utvalet sitt fleirtal i at politiet framleis bør kunne halde opplysingar i våpenregisteret unna offentlegheit. Dette grunnast i at opplysingar frå våpenregisteret vil kunne brukast av kriminelle til å skaffe seg tilgang til skytevåpen, til dømes gjennom tjuveri. Departementet er samd i dette, men meiner at grunngevinga for å kunne gjera unntak frå offentlegheit bør kome fram i lovteksta, sjå lovframlegget § 36 fjerde ledd. Elles vil reglane om unntak frå innsyn etter offentleglova gjelde på vanleg måte.

## 14.5 Gebyr

### 14.5.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet tilrår å vidareføre gjeldande reglar om gebyr, men at fastsettinga av gebyr vert lovfest. Eit fleirtal meiner våpenforvaltinga treng styrkast, og at dette ikkje bør skje til fortrengsel for andre oppgåver i politiet. I lovutkastet er det difor gjeve ein heimel til å kunne krevje årleg gebyr for å ha skytevåpen eller løyve til å drive næringsverksemd. Fleirtalet tilrår at gebyret sin storleik vert fastsett i forskrift, men slik at det samsvarar med politiet sine faktiske kostnader. Følgjene av manglande betaling av gebyret bør etter fleirtalet sitt syn vere inndraging av våpenløyvet.

Eit mindretal meiner det ikkje bør fastsettast gebyr for å ha skytevåpen eller løyve til å drive næringsverksemd.

### 14.5.2 Høyringsinstansane sitt syn

*Politidirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap* meiner utkastet om årleg gebyr vil styrke våpenforvaltinga og medverke til at det ikkje finst fleire skytevåpen i samfunnet enn naudsynt. *Norsk Psykologforening* gjev uttrykk for tilsvarande syn. Vidare meiner Politidirektoratet at politiet også bør kunne krevje dekkja naudsynte utgifter til sakkunnig bistand.

*Politiets sikkerhetstjeneste, Hordaland, Oslo og Rogaland politidistrikt* støttar framlegget om årleg gebyr under føresetnad av at inntektene vert bruka til å styrke våpenforvaltinga, medan *Vestoppland politidistrikt* meiner det ikkje er grunn til å krevje årleg gebyr for å ha skytevåpen.

*Jakt-skyttar og våpensamleforeningane* meiner det ikkje bør innførast årleg gebyr for våpeninne-

hav. Dei syner i hovudsak til at våpenforvaltning bør vere ein samfunnsoppgåve, og at årleg gebyr vil kunne vere eit hinder for deltaking i jakt eller skytesport.

### 14.5.3 Departementet sine merknader

Departementet er samd med våpenlovutvalet i at reglane om å kunne krevje gebyr bør lovfestast, men tilrår å utvide ordninga til også å gjelde andre løyve enn etter våpenlovutvalet sitt framlegg. Føremålet med gebyrordninga er å redusere politiet sine kostnader knytt til våpenforvaltinga si tenesteyting til publikum.

Gjeldande heimel til å kunne krevje gebyr vart sist endra med verknad frå 1. januar 1985, og det vart då gjeve heimel til å kunne krevje gebyr for løyve til erverv av skytevåpen og våpendelar. Sidan 1985 har våpenforvaltinga sine oppgåver auka i omfang og krava til ein god våpenkontroll har vorte strengare. Til dømes krev handsaminga av søknader om godkjenning som våpensamlar og godkjenning av samleområde større ressursar i dag enn i 1985. Etter departementet sitt syn bør difor heimelen til å kunne krevje gebyr gjelde for utføringar av alle løyve eller godkjenningar etter våpenlova, sjå lovframlegget § 37.

Ei ordning med årleg gebyr for våpeninnehav vil vere ressurskrevjande å administrere, noko som reduserer vinsten med ordninga. Departementet tilrår difor ikkje å følgje utvalet sitt framlegg om årleg gebyr.

## 14.6 Straff

### 14.6.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet syner til at dei alvorlege brota på våpenlovgevinga er regulert i straffelova, og tilrår i hovudsak å vidareføre gjeldande våpenlov § 33 første ledd første punktum. Eit fleirtal foreslår å auke strafferamma for brot på våpenlova § 33 første ledd første punktum til bøter eller fengsel i inntil seks månader. Fleirtalet sitt framlegg om straffskjerping er grunna i at straffebodet då vil kunne heimle pågriping og fengsling etter straffeprosesslova § 171. Eit mindretal meiner det ikkje er grunn til å auke strafferamma, og syner til at politiet i tillegg til straff kan gje administrative sanksjonar.

Eit samla utval meiner også at det er behov for å vidareføre regelen om skjerpa straff for ulovleg innførsel, avhending, erverv eller innhav av skytevåpen eller ammunisjon, då straffelova § 190 berre gjeld for gjentekne eller graverande brot på desse reglane.

Utvalet meiner at våpenlova bør klargjere ansvaret for trygg våpenhandtering, og foreslår å innføre ein generell plikt til å handtere skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på ein aktsam måte, slik at det ikkje valdast skade eller fare for skade på personar eller eigedom. Etter lovutkastet skal forsettlege eller grovt aktlause brot på denne plikta vere strafflagde. Utvalet syner til den tilsvarende regelen i straffelova § 188, og meiner at denne kan brukast for dei meir alvorlege handlingane.

I utvalet sitt lovutkast er det foreslått å endre straffelova § 189 andre ledd, slik at det utan aktverdig grunn er forbode å ha med gjenstand som er eigna til å valde lekamskrenking på offentleg stad. Framlegget er likevel ikkje nærare grunngeve i våpenlovutvalet si innstilling.

#### 14.6.2 Høyringsinstansane sitt syn

*Riksadvokaten* støttar framlegget om å innføre ei aktsemdplikt, og syner til at tilsvarende reglar er gjeve i vegtrafikklova. Framlegget støttast også av *Det nasjonale statsadvokatembetet, Møre og Romsdal* og *Sogn og Fjordane statsadvokatembeter, Politihøgskolen og Sunnmøre politidistrikt. Riksadvokaten* meiner vidare at skuldkravet bør vere simpel aktløyse, slik at aktsemdplikta harmonerer med skuldkravet for aktlaus omgang med skytevåpen etter straffelova av 2005 § 188 og dei tilsvarende reglane i vegtrafikklova. *Hordaland statsadvokatembeter* gjev uttrykk for tilsvarende synspunkt.

*Riksadvokaten* støttar vidare framlegget om å heve strafferamma til fengsel i inntil seks månader, og nemner at pågriping for mistanke om brot på våpenlovgjevinga kan vere aktuelt for å hindre føreståande gjengoppgjjer. Til sist meiner *Riksadvokaten* at straffebodet bør utformast slik at bøter og fengsel kan gjevast som sjølvstendige straffereaksjonar.

*Politihøgskolen* meiner generelt at ei skjerpning av straffenivået må vere grunna i handlinga sin art og ikkje behovet for pågriping, og syner til at gjeldande straffenivå gjev heimel til både ransaking og beslag. *Politihøgskolen* meiner vidare at straffskjerpninga truleg ikkje vil ha betyding for den konkrete straffutmålinga, og at det difor ikkje er behov for å auke straffenivået.

*Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap* meiner at aktsemdkravet bør omfatte alle former for omgang med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

*Oslo politidistrikt* støttar lovutkastet om å endre straffelova § 189 slik at det vert forbode å ha med gjenstandar som er eigna til å valde lekamskrenkingar, og meiner forbodet vil kunne føre-

bygge at personar tek med slagvåpen på offentleg stad.

#### 14.6.3 Departementet sine merknader

Departementet tilrår å vidareføre straffebodet i gjeldande våpenlov § 33 første punktum, sjå lovframlegget § 39, og kan i hovudsak slutte seg til våpenlovutvalet si grunngeving. Departementet ser ikkje grunn til å følgje opp utvalet sitt framlegg om å innføre eit strengare straffebod for nærare bestemte brot på våpenlova.

Straffelova § 190 har eit straffebod som dekker alvorlege brot på dei reglar som våpenlovutvalet vil ha eit særskilt straffebod om. Føremålet med lovregelen i straffelova er å skilje mellom dei mindre alvorlege brota, som skulle omfattast av straffebodet i våpenlova § 33 første ledd første punktum, og dei meir alvorlege handlingane som skal omfattast av straffelova § 190, jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) om lov om endringer i straffeloven punkt 10.10.2 og 10.10.3. Dette kjem også til uttrykk ved at strafferamma for brot på § 190 er lik den som gjaldt for brot på våpenlova § 33 første ledd andre punktum, og at dette straffebodet i våpenlova vart oppheva ved ikraftsetjing av ny straffelov. Departementet meiner difor at å innføre eit tilsvarende straffebod i våpenlova vil stride mot føresetnadane bak ikraftsetjinga av straffelova § 190.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å heve strafferamma til fengsel inntil seks månader. Departementet syner til at dei brota på våpenlovgjevinga som inneber ein særskilt fare for samfunnstryggleiken har ein høgre strafferamme, som også gjev politiet høve til å gjere pågripingar ved mistanke om brot på desse reglane. Dei situasjonar som *Riksadvokaten* meiner bør gje grunnlag for pågriping vil difor vere omfatta av straffebod med høgre strafferamme enn tre månader.

Departementet tilrår vidare ikkje å følgje opp utvalet sitt utkast til aktsemdregel i våpenlova. Etter straffelova § 188 kan uforsiktig framstilling, tilverking, bruk, handsaming eller oppbevaring av skytevåpen eller eksplosiv, som er eigna til valde skade eller fare for andre sitt liv eller helse, straffast med bøter eller fengsel inntil eitt år. Dette straffebodet dekker i all hovudsak dei handlingar som vil vere omfatta av ein aktsemdregel i våpenlova. Andre brot på våpenlovgjevinga som kan innebere ein fare for ålmenta vil vere omfatta av andre reglar, slik som til dømes reglane om transport av skytevåpen. Departementet meiner difor det ikkje behov for å innføre eit tilsvarende straffebod i våpenlova.

Utvalet sitt framlegg til endringar i straffelova § 189 er ikkje nærare grunngjeve, og gjeld også for gjenstandar som ikkje reknast som våpen etter våpenlova. Kva som reknast som slagvåpen vil kunne gje ei rad vanskelege avgrensingsspørsmål, og departementet kan ikkje sjå at det har kome til opplysingar som gjev grunn til å endre gjeldande rettstilstand.

## **14.7 Våpenamnesti**

---

### **14.7.1 Våpenlovutvalet sitt framlegg**

Våpenlovutvalet gjer kort greie for lovhistorikken, og at ordninga med våpenamnesti vart gjort tidsavgrensa for å oppmode til at det vart meldt frå om

uregistrerte skytevåpen innafor dei fastsette amnestia. Utvalet meiner det ikkje er grunn til å gjere om på ordninga, og tilrår å vidareføre gjeldande heimel til å kunne fastsette våpenamnesti utan materielle endringar. Utvalet understrekar samstundes at det utanom dei fastsette våpenamnestia framleis er lovleg å melde frå til politiet om funn av skytevåpen i dødsbu og liknande.

### **14.7.2 Høyringsinstansane sitt syn og departementet sine merknader**

Ingen av høyringsinstansane har gjeve merknader til framlegget og departementet tilrår å vidareføre ordninga med tidsavgrensa våpenamnesti, sjå lovframlegget § 40.

## 15 Forskrifter og overgangsreglar

### 15.1 Forskrifter

---

#### 15.1.1 Gjeldande rett

Våpenlova er i stor grad ei fullmaktslov som lovfestar dei sentrale prinsippa for det offentlege sin kontroll med skytevåpen og ammunisjon. Den nærare reguleringa er i stor grad lagt til forskrift. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at til dømes reglane om erverv for jakt, sportsskyting og samling, samt reglane om kva våpentypar og ammunisjon som kan ervervast, er fastsett i forskrift. Våpenlova § 31 første ledd gjev Kongen ein generell heimel til å kunne fastsette utfyllande forskrifter til lova. Vidare er det i våpenlova § 31 andre til fjerde ledd gjevne heimel til å fastsette forskrift om gebyr, dekning av utgifter til deaktivering eller destruksjon, samt reglar om overføring av mynde til Politidirektoratet.

Våpenlova §§ 6, 6 a, 10 tredje ledd, 11 sjette ledd, 13 tredje ledd, 17 tredje ledd, 22, 23 tredje ledd, 25, 26, 27 og § 28 gjev i tillegg Kongen mynde til å kunne forskriftsfeste nærare reglar på dei ulike saksfeltene.

#### 15.1.2 Våpenlovutvalet sitt framlegg

Våpenlovutvalet har i arbeidet med å utforme lovutkastet lagt stor vekt på behovet for å lovfeste og å klargjere dei sentrale reglane i våpenlovgevinga. Utvalet har difor mellom anna lovfesta vilkåra for å kunne erverve skytevåpen med vidare til jakt, sportsskyting og samling, samt dei sentrale forboda mot nærare bestemte skytevåpen eller ammunisjon. Vidare så meiner utvalet at omsynet til ein demokratisk kontroll gjer det naudsynt å lovfeste også meir detaljerte reglar, slik at Stortinget kan ta stilling til alle dei sentrale prinsipp som ligg til grunn for lovutkastet.

Utvalet meiner det bør skiljast mellom bundne og valfrie forskriftsheimlar. Utvalet har i lovutkastet lagt forskriftsmynda til Kongen, noko som i praksis betyr departementet. Etter lovutkastet § 69 siste ledd kan departementet gje forskriftsmynda vidare til Politidirektoratet.

#### 15.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

Få av høyringsinstansane har gjeve merknader til utvalet sin systematikk. Dei høyringsinstansar som har gjeve fråsegn meiner det er behov for å lovfeste deler av regelverket som i dag er regulert i forskrift.

*Norsk organisasjon for jegere og skyttere (NOJS)* meiner at lovutkastet framleis legg for mykje av reguleringa til forskrift. NOJS meiner at forskriftsheimlane bør avgrensast til dei forhold der sterke omsyn talar for å kunne gjere raske endringar i regelverket, *Norsk våpeneierforbund* gjev uttrykk for liknande synspunkt og meiner også at lovutkastet ikkje bør gje forskriftsmynde til Politidirektoratet.

#### 15.1.4 Departementet sine merknader

Departementet er samd med utvalet i behovet for å lovfeste fleire av dei reglar som i dag er regulert i forskrift. Våpenlova skal omfatte ulike kategoriar våpen, skytevåpen og ammunisjon, samt alle former for omgang med slike gjenstandar, slik som til dømes erverv på ulike grunnlag, næringsverksemd, samt inn- og utførsel. Departementet ser også behov for å forskriftsfeste reglar som i dag er regulert gjennom Politidirektoratet sitt våpenrundskriv. Ei slik ordning vil samla sett gjere regelverket meir føreseieleg og enklare tilgjengeleg.

Departementet er samd med utvalet i at det bør skiljast mellom bundne og valfrie forskriftsheimlar, slik dette også er gjennomført i til dømes politiregisterlova. På denne måten kjem det klart fram kva lovreglar som treng forskrift for å kunne praktiserast. Dei bundne forskriftsheimlane er plassert i dei reglar som regulerer forholdet, medan dei valfrie forskriftsheimlane er samla i lovframlegget § 41.

### 15.2 Ikraftsetjing og overgangsreglar

---

Departementet har ikkje teke stilling til når lova vil tre i kraft. Lova vil uansett ikkje kunne setjast i verk før ny våpenforskrift er fastsett. EU sitt revi-

derte våpendirektiv opererer likevel med fristar for gjennomføring for dei ulike reglane, høvesvis innan 14. september 2018, 14. desember 2019 og 14. mars 2021. Dei reglar i lovframlegget som skal gjennomføre direktivet må difor setjast i verk innan desse datoane, og einskilde av desse truleg før heile lova kan tre i kraft.

Det er også behov for å gje overgangsreglar, jf. framlegget om å innføre forbod mot halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale, sjå omtale under punkt 7.2.5.1. I kva grad det er behov for fleire forskriftsreglar vil departementet kome attende til i samband med fastsetting av ny våpenforskrift.

## 16 Økonomiske og administrative følgjer

Lovframlegget vidarefører i stor grad gjeldande reglar i våpenlov og forskrift, og endrar ikkje politiet si våpenforvaltning i vesentleg grad.

I lovframlegget er det likevel gjeve reglar som vil få økonomiske og administrative følgjer:

- Innføring av forbod mot halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon eller for militære eller politiet.
- Innføring av krav til løyve for lån av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.
- Innføring av krav til løyve for børsemakarar som vil drive med handel, reparasjon, deaktivering eller tilverking av skytevåpen eller våpendelar.
- Innføring av krav til løyve for andre næringsverksemdar med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon enn handel, tilverking og reparasjon
- Innføring av krav til løyve for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen.
- Innføring av krav til etterkontroll av deaktiverte skytevåpen.
- Innføring av krav til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen.
- Innføring av krav til regelmessig kontroll med våpenløyve for skytevåpen med stor magasin-kapasitet.

Lovframlegget innfører, med særskilte unnatak, eit forbod mot å erverve og ha halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon, eller for militæret eller politiet. Dette forbodet skal også gjelde for allereie tildelte våpenløyve. Lovframlegget utløyser ikkje erstatningsplikt for staten. Departementet tilrår å innføre overgangsordningar som tryggjer at dei som vert omfatta av forbodet enten kan avhende våpenet til land som framleis tillatar slike våpentypar, deaktivere eller innlevere våpenet for destruksjon, sjå nærare omtale under punkt 7.2.5.1. Vidare vert det gjeve nærare reglar om gjennomføring av ordninga i forskrift, slik at ein i samband med forskriftsarbeidet vil få betre oversyn over kor mange våpen som må innleverast eller deaktiverast. Departementet vil eventuelt kome attende til dei økonomiske og

administrative følgjene i samband med fastsetting av ny våpenforskrift.

Framlegget om å innføre løyvekrav for lån av skytevåpen, for børsemakarar med meisterbrev som skal drive næringsverksemd, og for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen, vil gje politidistrikta ein større saksmengde. Sidan det per i dag ikkje er krav til løyve for desse saksområda, er det vanskeleg å berekne kor stor denne auken vil verte.

Departementet tek uansett sikte på å dekkje inn dei meirkostnader som er knytt til denne ordninga gjennom gebyr.

I det reviderte våpendirektivet artikkel 10b er det innført krav om å innføre ei kontrollordning som skal tryggje at skytevåpen deaktiverast på lovleg måte. Det er usikkert kor stort omfanget med godkjenning av deaktiverte våpen vil verte. Det vert gjeve forskriftsreglar om korleis ordninga skal gjennomførast, sjå nærare omtale under punkt 11.3.5.1. Departementet vil eventuelt kome attende til dei økonomiske og administrative følgje av dette lovframlegget i samband med fastsetting av ny våpenforskrift. Departementet tek uansett sikte på å dekkje inn dei meirkostnader som er knytt til denne ordninga gjennom gebyr.

I lovframlegget vert det også gjeve forskriftsreglar om å innføre krav til registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen som er unnateke frå løyveplikta. Denne forskriftsheimelen skal gjennomføre dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 8 set for registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen. Meirkostnader knytt til registrering av deaktiverte skytevåpen dekkjast innafor Justis- og beredskapsdepartementet si gjeldande budsjettramme.

Ei gjennomføring av kravet i EU sitt våpendirektiv artikkel 6 nr. 7 om kontroll med tildelte våpenløyve for skytevåpen i kategori A vil truleg medføre kostnader til auka våpenkontroll. Det vert gjeve forskriftsreglar om korleis denne kontrollen skal gjennomførast, sjå nærare omtale i punkt 12.1.5 og punkt 13.5. Departementet vil gjennom forskriftsarbeidet få betre oversyn over korleis denne våpenkontrollen skal gjennomførast

på ein hensiktsmessig måte. Departementet vil difor kome attende til dei økonomiske og administrative følgjene av dette lovframlegget i samband med fastsetting av ny våpenforskrift. Departemen-

tet tek uansett sikte på å dekkje inn dei meirkostnader som er knytt til denne ordninga gjennom gebyr.

## 17 Merknader til paragrafane i lovframlegget

### Til § 1 Føremål

Denne føreseigna er ny i høve gjeldande våpenlov, og hensikta er å klargjere dei hovudomsyn som lova skal fremje.

Føremålet skal presisere at lova skal tryggje ein effektiv kontroll med gjenstandar som er omfatta av lova sitt verkeområde, samstundes som den skal gje føreseielege vilkår for dei som skal erverve eller ha slike gjenstandar. Med uønskte hendingar meinast både vilje- og vådehandlingar som får negative følgjer for omgjevnadane. Dei negative følgjene kan omfatte både skade, fare for skade og sakleg grunna frykt for at slik skade skal skje.

Føremålet vil vere eit moment ved tolkinga av dei einskilde lovføresegnene. Dette gjeld særleg for dei meir skjønnsprega føresegnene. Ved at føremålet er avgrensa til tryggleiksmessige forhold, gjerast det klart at omsynet til samfunnsstryggleiken ved motstrid vil vege tyngre enn den einskilde sitt behov for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

### Til § 2 Definisjonar

Definisjonen av *våpen* i nr. 1 er ny i høve gjeldande våpenlov. Med omgrepet *våpen* reknast alle typar gjenstandar som er laga for å brukast i kamp eller til jakt. Dette omgrepet er ikkje meint å avgrense mot gjenstanden sin form eller innhald og omfattar såleis både faste gjenstandar, gass, og væsker. Definisjonen omfattar også gjenstandar som er laga for å likne på våpen. Hensikta med dette er at lova også skal omfatte gjenstandar som er eigna til å true omgjevnadane.

Definisjonen av *skytevåpen* i nr. 2 er gjort vidare enn i gjeldande våpenlov § 1. Definisjonen set ikkje krav om at prosjektilet eller substansen må kunne skytast eller sendast ut med eit nærare bestemt drivmiddel. Dette for å gjere definisjonen mest mogeleg teknologinøytral, og på den måte å kunne fange opp eventuelle nye skytevåpenkonstruksjonar. Av same årsak er oppramsinga av type substans som skal kunne skytast eller sendast ut, gjort noko vidare. Definisjonen inneber

også at bogar og armbrøst vert rekna som skytevåpen, noko som er ei endring frå gjeldande retts-tilstand. Vidare er skytevåpen som er laga for å skyte ammunisjon utan prosjektil teke med i definisjonen av skytevåpen, som noko nytt. Denne definisjonen vil gjere at skytevåpen som vert omgjort til å skyte såkalla lausammunisjon vil reknast for skytevåpen. Bakgrunnen for denne utvidinga er behovet for å tilpasse definisjonen til EU sitt våpendirektiv, slik at det kan innførast krav om løyve- eller registreringsplikt for slike skytevåpen. *Andre punktum* vidarefører gjeldande våpenlov § 1 bokstav c, men slik at den også omfattar gjenstandar som kan skyte eller sende ut andre type substansar enn det som etter naturleg språkbruk reknast for skarp ammunisjon. Omgrepet «forholdsvis» i våpenlova § 1 bokstav c er teken bort, utan at det er meint å gje regelen eit anna innhald. Deaktiverte skytevåpen vert også som noko nytt teke med i definisjonen av skytevåpen etter andre punktum. Bakgrunnen for denne endringa er behovet for å tilpasse definisjonen til EU sitt våpendirektiv artikkel 8 jf. vedlegg I, slik at det kan innførast krav om registreringsplikt for slike skytevåpen.

Definisjonen av *våpendel* i nr. 3 er gjort vidare enn i gjeldande våpenlov § 2 og omfattar for det første alle typar gjenstandar som er laga til bruk i skytevåpen, som til dømes pipe, låskasse, slutts-tykke, avtrekkarmekanisme, våpenmagasin, flam-medempar, lyddempar, kikkertsikte og skjefte. For det andre omfattar den andre typar gjenstandar som opphavleg er laga for anna type bruk, men som seinare er tilpassa til bruk i skytevåpen. Dette for å unngå eventuelle omgåingar av regelverket.

Definisjonen av *ammunisjon* i nr. 4 er i hovudsak lik gjeldande våpenlova § 3, men er gjort noko vidare. Definisjonen av patroner er gjort generell slik at den omfattar alle gjenstandar som kan brukast i skytevåpen, slik at den omfattar patronar utan ei tradisjonell hylse og patroner som er laga for å skyte lausammunisjon. Vidare er også tennmiddel og drivladning utan at desse er montert i ei patronhylse, omfatta av definisjonen. Dette vil i hovudsak vere tennhetter og krut, men ordlyden



er gjort generell, slik at den skal fange opp eventuelle tekniske nyvinningar. Hensikta med å ta med desse gjenstandane i definisjonen er å styrke kontrollen med ladekomponentar til patroner. Definisjonen av ammunisjon som ikkje er berekna for bruk i skytevåpen er gjort noko kortare enn etter gjeldande våpenlov § 3. Hensikta med denne endringa er å knyte definisjonen til gjenstanden sine eigenskapar og ikkje til utforminga, slik at den vert meir teknologinøytral. Lovutkastet vil omfatte alle dei gjenstandar som er nemnt i gjeldande våpenlov § 3 bokstav d, e og f, men vil i tillegg fange opp andre former for eksplosive stoff.

#### *Til § 3 Sakleg verkeområde*

Lova sitt saklege verkeområde omfattar alle dei gjenstandar som etter lovframlegget § 2 vert definert som våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. *Andre ledd* vidarefører i hovudsak gjeldande våpenlov § 4 sine unnatak frå lova sitt saklege verkeområde, men presiserer som noko nytt at unnataket frå lova sitt saklege verkeområdet berre gjeld for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som brukast innafør Forsvaret og politiet si verksemd. Denne avgrensinga betyr at lova skal gjelde for privat bruk av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som tilhøyrar politiet eller Forsvaret når bruken ikkje har nokon sakleg samanheng med vedkomande sin funksjon i vedkomande etat. Bruk av utlevert tenestevåpen i konkurransar eller trening der vedkomande representerer politiet eller Forsvaret, vil difor framleis vere unnateke frå lova sitt verkeområde. Lova skal også gjelde for tilfelle der Forsvaret eller politiet avhendar skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til andre etatar eller privatpersonar. Dei nærare føresegner om å avgrense lova sitt verkeområde mot gjenstandar som høyrer inn under Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap vert fastsett i forskrift, jf. § 41 nr. 2.

#### *Til § 4 Stadleg verkeområde*

Det stadlege verkeområdet omfattar heile det norske fastlandet, samt dei andre områda, skip, luftfartøy med meir, som nemnt i straffelova § 4. Grunna dei særskilte forhold som gjeld for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, vert lova sitt verkeområde avgrensa i den utstrekning dei stadlege forhold gjer det naudsynt. Den nærare reglane om lova sitt verkeområde for desse områda vert fastsett i forskrift. Vidare så kan det vere tilsvarende behov for særskilt forskriftsregulering om bord på norske boreplattformer, norske

skip, fly med vidare, til dømes for trygging mot åtak eller liknande.

#### *Til § 5 Løyve med vidare for skytevåpen*

Denne føresegna regulerer både kva skytevåpen som skal vere løyve- eller registreringspliktige og kva skytevåpen som skal vere forbodne.

*Første ledd* vidarefører løyvekravet for alle skytevåpen etter gjeldande våpenlov § 7 og § 8, men må sjåast i samanheng med unnataksreglane etter tredje ledd. Eit løyve etter første ledd kan både vere eit særskilt løyve til å erverve og ha eit nærare bestemt våpen, samt at næringsdrivande kan erverve og ha skytevåpen i samsvar med løyve etter lovframlegget § 23, utan at dei treng ha eit særskilt løyve for det einskilde våpen. Første punktum vidarefører såleis også regelen i gjeldande våpenlov § 19 om at næringsdrivande kan erverve og ha skytevåpen i medhald av løyvet til å drive næringsverksemd. I tillegg lovfestast regelen i gjeldande våpenforskrift § 28 og § 29 om at avhendar må tryggje at mottakaren har løyve til å erverve og ha skytevåpenet. Lån eller overlating av skytevåpen er regulert i lovframlegget § 18. Reglane om unnatak frå løyveplikta etter gjeldande våpenlov § 5 er ikkje vidareført, men det er i staden gjeve ein bunden forskriftsheimel i fjerde ledd til å kunne gjere unnatak frå løyveplikta. Føremålet med endringa er å samle alle unnatak frå løyveplikta i ei forskrift, slik at det vert enklare å finne eit samla oversyn over dei skytevåpen som ikkje er løyvepliktige.

*Andre ledd* regulerer kva skytevåpen som det berre unnataksvis skal gjevast løyve til å kunne erverve og ha. Regelen bygger i stor grad på gjeldande våpenforskrift § 5, men med nokre vesentlege endringar i høve til kva halvautomatiske rifler som skal vere forbodne.

*Andre ledd nr. 1* vidarefører forbodet i gjeldande våpenforskrift § 5 første ledd bokstav b mot heilautomatiske skytevåpen. Heilautomatiske skytevåpen er skytevåpen som kan skyte meir enn eitt skot utan å ta nytt avtrekk.

*Andre ledd nr. 2* vidarefører forbodet i gjeldande våpenforskrift § 5 første ledd bokstav c mot skytevåpen som er kamuflert som annan gjenstand. Dette kan til dømes vere skytevåpen som er innebygd i ein paraply eller liknande.

*Andre ledd nr. 3* innfører eit forbod mot halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for militæret eller politiet. Denne regelen skil seg frå gjeldande våpenforskrift § 5 bokstav a ved at den også omfattar sivilproduserte halvautomatiske rifler som er produsert med ein militær eller

polisier grunnkonstruksjon. Føremålet med regelen er å innskrenke tilkomsten til skytevåpen med stor eldkraft og tilhørende stort skadepotensiale. Dei halvautomatiske riflene med kapasitet til å halde ei høg skottakt er i hovudsak utvikla til bruk for militære eller politiet, men er i mange høve bygd om eller vidareutvikla til bruk for sportsskyting eller jakt. Slike våpenmodellar kan ofte enkelt gjerast om til sitt opphavlege bruksområde. Dette fordi dei som regel er tilpassa bruk av militære standardmagasin med stor patronkapasitet og bruk av skjefte som sluttar om delar av pipa, slik at våpenet kan halde ei høg skottakt trass i stor varmeutvikling.

Halvautomatiske rifler som er sivilproduserte versjonar av opphavlege militære eller polisier konstruksjonar vil difor vere omfatta av forbodet, sjølv om dei sivilproduserte versjonane frå fabrikk berre vert produsert med halvautomatisk funksjon.

Nokre halvautomatiske jaktvåpen har ein-skilde konstruksjonsdetaljar som er kopiert frå militære våpenmodellar, som til dømes bruk av låserullar for låsing av sluttstykket. Slike mindre likskapar vil normalt ikkje vere tilstrekkeleg for å rekne våpenet som ein opphavleg militær eller polisier grunnkonstruksjon. Det sentrale momentet i vurderinga av om det aktuelle våpenet bygger på ein militær eller polisier grunnkonstruksjon, er om konstruksjonslikskapen gjer det enkelt å modifisere våpenet til eit stridsvåpen.

Andre ledd *nr. 3* lovfestar også forbodet i gjeldande forskrift 9. september 2011 nr. 930 § 4 og § 5 mot halvautomatiske rifler som er bygd om frå heilautomatisk til halvautomatisk funksjon. Det vert vidare lovfest som noko nytt eit forbod også mot andre halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon. Dette forbodet er meint å skulle femne om eventuelle våpenkonstruksjonar med tilsvarende skadepotensiale som skytevåpen konstruert for militære eller politiet, men som er konstruert for sivilt bruk.

Andre ledd *nr. 4* vidarefører forbodet etter gjeldande våpenforskrift § 5 første ledd bokstav a mot skytevåpen som vanlegvis brukast som krigsvåpen. Etter lovframlegget vil dette forbodet gjelde for skytevåpen som ikkje er nemnt i nr. 1 til 3 og vil i hovudsak omfatte våpentypar som til dømes bombekastar, panservernkanon og andre militær-våpen som ikkje har noko sivilt bruksområde.

Andre ledd *nr. 5* vidarefører heimelen i gjeldande våpenlov § 6 a til å forskriftsfeste forbod mot andre våpentypar, men slik at det i ordlyden vert presisert at heimelen skal gjelde for skytevå-

pen som enten saknar ein lovleg bruk eller som har særskilt farlege eigenskapar. Kva eigenskapar som gjev skytevåpen slike farlege eigenskapar må vurderast konkret, men forhold som kva kaliber våpenet er kamra i, pipelengde, total lengde og liknande vil vere relevant i samsvar med gjeldande reglar fastsett i forskrift 9. september 2011 nr. 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen. Kva våpen som vert omfatta av forbodet vert fastsett i forskrift.

*Tredje ledd* gjev ein bunden forskriftsheimel til å fastsette unnatak frå løyveplikta etter første ledd, og vil mellom anna kunne omfatte skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt etter gjeldande våpenlov § 5. Samstundes gjevast det ein bunden forskriftsheimel til å gje reglar om registreringsplikt i staden for løyveplikt. Denne endringa er gjort for å gjennomføre dei krav som EU sitt våpendirektiv set om registreringsplikt for deaktiverte skytevåpen, samt alarm- og signalvåpen. Ei registreringsplikt betyr at den som ervervar og har slike gjenstandar må registrere ervervet hjå politiet. Vedkomande treng ikkje å søke politiet om særskilt løyve til å erverve og ha registreringspliktige skytevåpen. Politiet kan likevel gje forbod mot at personar som ikkje oppfyller dei personlege vilkåra for våpeninnhav skal kunne erverve og ha registreringspliktige skytevåpen, sjå nærare om dette under omtalen av § 31.

#### *Til § 6 Løyve med vidare for våpendelar*

*Første ledd* vidarefører regelen i gjeldande våpenlov § 7 om løyveplikt for nærare bestemte våpendelar, men slik at det no uttrykkeleg kjem fram at løyvekravet også gjeld for innhav og ikkje berre for erverv av våpendelar. Dei nærare reglane om kva våpendelar som er løyvepliktige er lagt til forskrift.

I tillegg lovfestast regelen i gjeldande våpenforskrift § 28 og § 29 om at avhendar må tryggje at mottakaren har løyve til å erverve og ha våpendelen. Kravet til løyve vil vere oppfylt når det enten er gjeve våpenløyve etter § 5 eller løyve som næringsdrivande etter § 23. Kravet til løyve for lån er regulert i § 18.

*Andre ledd* er ny i høve til gjeldande rett ved at politiet ikkje kan gje løyve for nærare bestemte våpendelar utanom for løyve etter §§ 10, 12 tredje ledd og § 13 andre ledd. Bakgrunnen for denne endringa er at det har kome til våpendelar som kan endre bruksområde til skytevåpen, slik som til dømes skjefte til pistolar som gjer dei om til tohandsskytevåpen. Vidare gjennomfører føresegna forbodet i EU sitt våpendirektiv mot lause

magasin med stor patronkapasitet, sjå nærare omtale under punkt 7.2.

*Til § 7 Løyve med vidare for ammunisjon*

*Første ledd* vidareførar regelen i gjeldande våpenlov §§ 13, 14 og § 19. Eit løyve etter første ledd kan både være særskilt løyve til å erverve og ha eit nærare bestemt våpen, eller eit generelt løyve til å kunne drive næringsverksemd etter lovframlegget § 23.

*Andre punktum* vidareførar regelen i gjeldande våpenlov § 13 andre ledd. Det er likevel presisert at kravet til tidsavgrensing ikkje gjeld for løyve til erverv av ammunisjon til patronsamling, noko som er ei vidareføring av regelen i gjeldande våpenforskrift § 31 andre ledd om at patronsamlarar kan erverve ammunisjon i medhald av samleløyvet, og at det kan gjerast unnatak frå dette kravet i forskrift.

*Andre ledd* vidareførar det tilsvarande forbodet i gjeldande våpenlov § 14 andre ledd mot å avhende eller overlate ammunisjon til personar som ikkje har løyve til å ha denne ammunisjonen. Andre ledd vidareførar også gjeldande krav om berre å avhende ammunisjon i rimelege mengder. Kva som reknast for rimelege mengder må vurderast opp mot føremålet. Sidan det ikkje er praksis for å kontrollere kva føremål ammunisjonen skal brukast til, vil forbodet berre omfatte erverv i så store mengder at det er openbert at mengda overskridar vanleg bruk.

*Tredje ledd nr. 1 og 2* lovfestar forboda i gjeldande våpenforskrift § 8 mot nærare bestemte ammunisjonstypar utan materielle endringar. *Nr. 3* fastset som noko nytt eit forbod mot andre ammunisjonstypar enn dei som er særskilt nemnt i tredje ledd nr. 1 og 2. Det gjevast ein forskriftsheimel til å fastsette nærare reglar om kva ammunisjonstypar som vert omfatta av forbodet, sjå § 41 nr. 6.

*Til § 8 Våpen som ikkje er skytevåpen*

*Denne føresegna* vidareførar gjeldande våpenlov § 6 a til å gje forbod mot våpen som ikkje reknast som skytevåpen, men presiserer samstundes kva eigenskapar som kan grunnkje eit forbod.

*Til § 9 Ombygging av skytevåpen*

Denne føresegna vidareførar forbodet i gjeldande våpenlov § 8 tredje ledd mot å gjere vesentlege endringar i skytevåpenet utan løyve frå politiet.

*Til § 10 Fritak i særskilte tilfelle*

Denne føresegna gjev politiet heimel til å kunne gje fritak frå forboda mot nærare bestemte skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Lovframlegget har ikkje noko direkte motstykke i gjeldande våpenregelverk, men i rundskriv RPOD 2009-9 punkt 2.5 og 3.6.5 er reglane i gjeldande våpenforskrift § 53 og § 54 om fritak frå forboda mot nærare bestemte skytevåpen og ammunisjon ved import tolka som ein generell fritaksheimel til å kunne erverve forbodne skytevåpen og ammunisjon. Hensikta bak denne fritaksheimelen er å gje ein tryggingssventil for dei høve der lova sine ålmenne reglar får urimelege følgjer. Døme på forhold som kan gje grunnlag for fritak vil vere museum som ønskjer å bevare sjeldne våpen, erverv av skytevåpen for å verne norskregistrerte skip mot terrorhandlingar eller piratåtak og ammunisjonsprodusentar som treng skytevåpen for å kunne teste ammunisjon. Dei nærare vilkåra for fritak vert fastsett i forskrift.

*Til § 11 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til jakt*

Denne føresegna er i hovudsak ei lovfesting av gjeldande våpenforskrift § 12 om erverv av skytevåpen til jakt. *Første ledd første punktum* vidareførar kravet i våpenforskrifta § 12 første ledd til innføring i Jegerregisteret og ordninga med jaktvåpengarderober. Avgrensinga til seks skytevåpen gjeld berre for komplette skytevåpen, slik at til dømes ekstra piper til slike våpen ikkje reknast med i talet på skytevåpen. Første ledd *andre punktum* vidareførar unnataket frå grensa på seks skytevåpen, men vilkåra for å gjere unnatak er endra, slik at søkar må dokumentere eit «særskilt behov» i staden for eit «meget kvalifisert behov». Hensikta med denne endringa er å lempe noko på vilkåra for fritak. Søkar må likevel dokumentere eit behov for fleire skytevåpen som må grunnast i våpentekniske eller jaktfaglege omsyn. Døme på omsyn som kan grunnkje eit løyve til å erverve meir enn seks våpen vil vere behov for spesialvåpen for ettersøk av skada vilt eller ein omfattande eller spesialisert jaktaktivitet som krev bruk av jaktvåpen med særskilte eigenskapar.

*Andre ledd første punktum* fastset som noko nytt kva skytevåpen som kan ervervast til jakt og lovfestar dei våpentypar som etter gjeldande rett kan brukast til jakt i Noreg. Føresegna vidareførar gjeldande ordning etter forskrift 9. september 2011 nr. 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen med at det kan ervervast

hagler og rifler med enkeltskot- eller manuell omlading og halvautomatiske hagler med unnatak for våpentypar som er særskilt forbodne, samt halvautomatiske rifler som er godkjent i forskrift. Andre ledd *andre punktum* lovfestar kravet i gjeldande våpenforskrift § 12 tredje ledd utan endringar.

*Tredje ledd* vidareførar fritaksheimelen i gjeldande våpenforskrift § 12 fjerde ledd med den endring at politiet ikkje kan gje fritak frå kravet til våpentype etter andre ledd, første og andre punktum. Det synast elles til omtalen under punkt 8.3.4.3. Dei nærare vilkåra for fritak vert fastsett i forskrift.

*Til § 12 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til sportsskyting*

Denne føresegna lovfestar reglane i gjeldande våpenforskrift § 13 om øvings- og konkurranseskyting som grunnlag for erverv av løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon med nokre vesentlege endringar. I føresegna vert nemninga «*sportsskyting*» nytta som ein fellesnemnar for øvings- og konkurranseskyting. Hensikta med denne endringa er å klargjere at politiet også kan gje løyve til erverv av skytevåpen til bruk for øvingsskyting i godkjent skyttarorganisasjon utan at vedkomande må ta del i konkurransar.

*Første ledd* vidareførar kravet i gjeldande våpenforskrift § 13 første ledd og fastset som noko nytt eit krav til opplæring. Hensikta med denne endringa er å styrke krava til våpendugleik og å regelfeste dei krav som mange skyttarorganisasjonar allereie set for å stadfeste medlemsskap i godkjent skyttarforeining. Dei nærare krav til aktivitet og opplæring er tilrådd lagt til forskrift, slik at reglane kan utformast slik at dei står i høve til skadepotensialet og brukarterskelen til dei ulike våpentypar, sjå nærare omtale under punkt 8.4.4.1.

Første ledd *andre punktum* lovfestar regelen i våpenforskrift § 13 tredje ledd første punktum og gjev ein forskriftsheimel til å gje reglar om kor mange skytevåpen som kan ervervast til sportsskyting.

*Andre ledd første punktum* lovfestar kva våpentypar som kan ervervast til sportsskyting.

Andre ledd *andre punktum* lovfestar gjeldande ordning etter våpenforskrift § 7 med at det berre kan ervervast halvautomatiske rifler som er godkjent i forskrift. Ei godkjenning etter andre ledd føreset at våpenet ikkje er produsert med ein konstruksjon som nemnt i § 5 andre ledd nr. 3, noko som betyr at det i hovudsak vil kunne godkjennast halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert som jaktvåpen.

*Tredje ledd* er meint å gje sportsskyttarar som oppfyller nærare bestemte krav til medlemsskap, opplæring og aktivitet høve til å kunne drive sportsskyting som krev bruk av halvautomatiske rifler med tilsvarende eigenskapar som stridsvåpen, samt å gjennomføre dei krav som EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 6 set for å kunne erverve og ha skytevåpen og våpenmagasin i kategori A til sportsskyting, sjå nærare omtale under punkt 7.2.

*Til § 13 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til samling*

Denne føresegna lovfestar i hovudsak reglane i gjeldande våpenforskrift § 16 om erverv av skytevåpen og ammunisjon til samling.

*Første ledd første punktum* lovfestar i hovudsak reglane i gjeldande våpenforskrift § 16 andre ledd, men slik at dei nærare krava til våpendugleik vert fastsett i forskrift.

Første ledd *andre punktum* lovfestar kravet til godkjent samleområde etter gjeldande våpenforskrift § 16 første ledd. Dei nærare vilkåra for godkjenning av samleområde vert fastsett i forskrift.

*Andre ledd* regulerer kva for skytevåpen som kan ervervast til samling. Andre ledd *første punktum* vidareførar gjeldande ordning med at våpensamlarar kan erverve alle våpentypar som ikkje er forbodne. Andre ledd *andre punktum* vidareførar heimelen i gjeldande våpenforskrift § 16 fjerde ledd til å kunne erverve og å ha forbodne skytevåpen, men slik at fritaksheimelen også vil omfatte våpendelar som vert forbodne i medhald av lovframlegget § 6. Vilråda for erverv er noko omarbeidd slik at det framhevast at det ikkje vert sett krav om at det aktuelle våpenet må ha vore bruka i hendingar av særskilt historisk betydning. Hensikta med denne endringa er å tilpasse ordlyden til kva som er gjeldande praksis.

*Tredje ledd* vidarefører gjeldande ordning med patronsamling, men slik at dei nærare vilkår vert fastsett i forskrift.

*Fjerde ledd* lovfester gjeldande ordning at skytevåpen som er erverva til samling ikkje kan brukast til andre føremål utan etter særskilt godkjenning.

*Til § 14 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til andre føremål*

Denne paragrafen er ein samleføresegn for dei ervervsgrunnlag som ikkje er særskilt regulert, og vidareførar gjeldande regel i våpenlova § 7 tredje ledd om krav til behov eller annan rimeleg

grunn for å ha skytevåpen. *Andre punktum* reknar opp aktuelle ervervsgrunnlag, men er ikkje uttømmende. Denne føresegna vil også omfatte erverv av skytevåpen med vidare på vegne av mindreårige arvingar.

#### *Til § 15 Krav til alder*

*Første ledd* vidareførar reglane i gjeldande våpenlov § 7 fjerde ledd om krav til minstealder for å kunne erverve og inneha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon utan materielle endringar. Aldersgrensa gjeld også for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som ikkje er løyvepliktige etter lovframlegget §§ 5, 6 eller § 7, noko som er ei vidareføring av alderskravet i gjeldande våpenlov § 29 fjerde ledd, og ei lovfesting av reglane om aldersgrense erverv av luft- og fjørvåpen i gjeldande våpenforskrift § 23 første ledd.

*Andre ledd* vidareførar heimelen i gjeldande våpenlov § 7 fjerde ledd til å kunne gje personar over 16 år fritak frå alderskravet for å kunne erverve og ha rifler og hagler, men slik at det er presisert at mindreårige ikkje sjølv kan kjøpe skytevåpen. Denne presiseringa er ein følge av EU sitt våpendirektiv artikkel 5, som ikkje tidlegare har kome til uttrykk i våpenlovgevinga. Vilåret «*særskilte tilfeller*» i gjeldande våpenlov § 7 fjerde ledd er teken bort utan at det er meint nokon realitetsskilnad, då dette kvalifikasjonskravet vidareførast gjennom forskriftsreglar fastsett i medhald av § 41 nr. 14.

*Tredje ledd* innførar ein heimel for politiet til å kunne gje personar over 18 og under 21 år fritak frå alderskravet for erverv av pistol, revolver og løyvepliktige deler til slike våpen. Bakgrunnen for denne fritaksheimelen er at det er tyngjande for aktive skyttarar å måtte få andre til å transportere pistol eller revolver til og frå trening og konkurransar. Av kontrollomsyn kan politiet berre gje fritak for eitt år av gangen. Dei nærare vilkåra for fritak vert fastsett i forskrift.

#### *Til § 16 Krav til vandel og personlege eigenskapar*

*Første ledd* vidareførar krava til personlege eigenskapar i gjeldande våpenlov § 7 tredje ledd med nokre endringar. Føremålet med føresegna er å førebygge at ueigna personar får tilgang til skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Kravet til edruskap er ein vidareføring av gjeldande rett, og omfattar både lovleg og ulovleg rusbruk. Kravet til edruskap gjeld både i høve til sjølv omfanget av rusbruken og til vedkomande si framferd i rusa tilstand. Personar som til dømes handterer skyte-

våpen eller syner annan farleg åtferd i ruspåverka tilstand vil normalt ikkje oppfylle kravet til edruskap, sjølv om rusbruken isolert sett er moderat.

Kravet til at vedkomande må vere påliteleg er teken bort då det kan vere vanskeleg å fastlegge det nærare innhaldet i dette vilkåret, og er erstatta med eit krav til at søkar må oppfylle nærare bestemte krav til vandel. Kva strafflagde forhold som det kan leggjast vekt på i vandelskontrollen vert fastsett i forskrift.

Kravet til at vedkomande elles ikkje må vere uskikka er ført vidare, men slik at det ikkje lenger kravst «særlege grunner» for å rekne vedkomande som uskikka. Føremålet med denne endringa er at framheve at det ikkje er strengare krav for å tilbakekalle løyvet på dette grunnlaget enn for tilbakekall grunna brot på kravet til vandel og edruskap. I første ledd *andre punktum* nemnast at helse og tilknytning til kriminelle miljø er relevante moment i skikkavurderinga. Opprekninga i andre punktum er likevel ikkje uttømmende, og vil omfatte alle andre forhold som kan seie noko om vedkomande si evne eller vilje til å oppfylle dei krav som våpenlova set for erverv og innehav av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Til dømes vil omgrepet «andre forhold» kunne omfatte brot på straffelova som ikkje er knytt til valdshandlingar, bortlagde saker eller opplysingar frå PST om at vedkomande kan vere ein tryggingssisiko, sjå også omtalen under punkt 9.3.

*Andre ledd* er ny i høve til gjeldande rett, og gjev politiet høve til å nekte løyve i samsvar med føresegnene om butid som vil verte fastsett i medhald av *tredje ledd*.

#### *Til § 17 Krav til juridiske personar*

Denne føresegna lovfestar reglane i gjeldande våpenforskrift § 11 andre ledd, men fastset at også juridiske personar må oppfylle krav til vandel for å kunne erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Føremålet med denne føresegna er å gje politiet eit betre grunnlag for å kunne føre kontroll med kva organisasjonar som skal kunne erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Dei nærare krava til vandel er tilrådd lagt til forskrift.

#### *Til § 18 Lån eller overlating av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

*Første ledd* vidareførar gjeldande regel om utlån av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til personar som har løyve til å ha tilsvarande gjenstand. Vilåret i gjeldande våpenlov § 11 femte ledd om at utlånet berre kan skje for inntil fire veker er

ikkje ført vidare i lovframlegget. Dette betyr at det ikkje gjeld nokon tidsgrense for utlånet.

*Andre ledd* fastset som noko nytt at personar som ikkje har løyve til å ha tilsvarande gjenstand må ha særskilt løyve frå politiet for å kunne låne løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Vilkåra for løyve til lån er dei same som for erverv av tilsvarande gjenstand.

*Tredje ledd* vidarefører gjeldande våpenlov § 29 fjerde ledd og femte ledd utan materielle endringar.

*Fjerde ledd* vidarefører ordninga etter gjeldande våpenlov § 11 fjerde ledd og § 29 andre ledd. Med løyvehavar meinast den som har løyve til å ha skytevåpen, eller nokon som handlar på vegne av ein juridisk person som har løyve til å ha skytevåpen. Sistnemnte er særleg aktuelt for overlating av skytevåpen til medlemmer i godkjente skyttarorganisasjonar under organiserte skyteaktivitetar eller opplæring. Kravet om samtykke frå foreldra til mindreårige personar er ikkje ført vidare, då departementet meiner det ikkje er grunn til å fråvike reglane i barnelova §§ 30 til 33 om når foreldra skal samtykke til borna sine handlingar. *Femte ledd* gjev ein bunden forskriftshemmel til å fastsette nærare reglar for korleis overlating i medhald av fjerde ledd skal skje.

*Til § 19* Krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

*Første ledd* lovfestar regelen i gjeldande våpenforskrift § 78 første ledd andre punktum.

*Andre ledd* fastset som noko nytt at politiet kan samtykke til at løyvehavar oppbevarer skytevåpen med vidare på annan adresse enn sin faste bustad. Bakgrunnen for denne endringa er behovet for å fastsette ordningar som gjev studentar, pendlarar eller andre høve til å kunne oppbevare løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på si mellombelse adresse. Hensikta med tidsavgrensinga på eitt år er å tryggje kontrollen med kvar gjenstandane vert oppbevart. Ein føresetnad for at politiet skal kunne samtykke til mellombels oppbevaring er at den elles oppfyller krava for oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

*Tredje ledd* lovfestar regelen i gjeldande våpenforskrift § 79 første og fjerde ledd om at løyvepliktige skytevåpen eller nærare bestemte våpendelar skal oppbevarast i godkjent tryggingsskap eller våpenrom. Dei nærare krava for godkjenning av tryggingsskap og våpenrom er lagt til forskrift, slik at reglane enklare kan tilpassast eventuelle endringar i den tekniske standarden. *Fjerde ledd* fastset forskriftshemmel til å gje utfyllande reglar om oppbevaring.

*Til § 20* Krav til mellombels oppbevaring, transport og sending av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

*Første ledd* vidarefører regelen i gjeldande våpenlov § 9 første og andre punktum.

*Andre ledd første og andre punktum* set krav til korleis løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon skal mellombels oppbevarast eller transporterast. Lovframlegget vidarefører i hovudsak gjeldande krav til transport etter våpenlova § 27 b, med den endring at det er lagt til ei presisering av at gjenstandane skal vere forsvarleg trygga. Bakgrunnen for endringa er å klargjere at tryggingstiltaka må stå i høve til risikoen for at gjenstanden skal kome i urette hender.

Med «transport» meinast til dømes reiser med skytevåpen mellom løyvehavar sin bustad og der våpenet skal brukast. Når skytevåpen takast med til fots på veg inn i jaktterreng og liknande reknast dette som bruk og ikkje transport, slik at krava til at skytevåpenet må vere pakka ned ikkje gjeld ved slike høve.

Kva som ligg i omgrepet «forsvarleg trygga» må vurderast ut frå dei stadlege forholda og risikoen for at uvedkomande kan få tilkomst til gjenstandane. Skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal som hovudregel oppbevarast eller transporterast innelåst i bil, hytte eller liknande om dei ikkje er under forsvarleg tilsyn.

*Andre ledd* lovfestar også krava til mellombels oppbevaring, som i dag er regulert i våpenforskrifta § 81. Krava til mellombels oppbevaring er gjort meir overordna enn etter gjeldande rett slik at dei enklare skal kunne tilpassast dei stadlege forholda. Med omgrepet «mellombels oppbevaring» meinast oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon på annan stad enn der vedkomande skal oppbevare gjenstandane etter § 19 andre ledd og vil normalt vere aktuelt i samband med jakt, skytekonkurransar og liknande.

*Andre ledd tredje punktum* fastset som noko nytt at løyvepliktige skytevåpen og ammunisjon skal vere fråskilt under transport og oppbevaring, noko som gjennomfører det tilsvarande kravet etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 5a. Kravet til at skytevåpen og ammunisjon skal vere fråskilt betyr at skytevåpen og ammunisjon må mellombels oppbevarast eller transporterast som to ulike kolli, til dømes ved at skytevåpenet pakkast i eit futteral og ammunisjonen pakkast i ein sekk. Etter andre ledd *fjerde punktum* kan skytevåpen og ammunisjon oppbevarast saman om dei vert mellombels oppbevart i godkjent tryggingsskap eller våpenrom.

*Til § 21 Innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Denne føresegna vidareførar gjeldande krav til løyve etter våpenlova § 23 første ledd, men fastset som noko nytt at kravet til løyve også gjeld for deaktiverte skytevåpen. Bakgrunnen for denne endringa er behovet for å styrke kontrollen med at slike skytevåpen er deaktiverte på lovleg måte, og for å gjennomføre artikkel 10b i EU sitt reviderte våpendirektiv. *Andre ledd* gjev ein bunden forskriftsheimel til å fastsette nærare reglar om innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

*Til § 22 Utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

*Første ledd* vidareførar kravet til løyve for utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i gjeldande våpenlov § 23 første ledd, men det er lagt til som noko nytt at løyvekravet også skal gjelde for deaktiverte skytevåpen. Hensikta med endringa er å tryggje at det ikkje vert utført deaktiverte skytevåpen som enkelt kan gjerast om til funksjonelle skytevåpen. Kravet til løyve for utførsel av deaktiverte skytevåpen skal også gjennomføre kravet til løyve etter EU sitt våpendirektiv artikkel 11 nr. 2, som etter det reviderte våpendirektivet også gjeld for deaktiverte skytevåpen, jf. vedlegg I, avsnitt II, punkt IV nr. 6. Dei nærare vilkåra for utførsel vert fastsette i forskrift.

*Andre ledd* vidareførar gjeldande krav om løyve frå politiet for ikkje-ervervsmessig utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Det vert også her innført som noko nytt at reglane for utførsel også gjeld for skytevåpen som er deaktiverte, med same grunngeving som etter første ledd.

*Til § 23 Næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

*Første ledd* vidareførar kravet i gjeldande våpenlov §§ 16 og 20. Gjeldande unnatak frå løyveplikta for børsemakar med meisterbrev etter våpenlova § 20 første ledd andre punktum først ikkje vidare, sjå omtale i punkt 11.1.5. Unnataksregelen i gjeldande våpenlova § 16 fjerde ledd om sal av ammunisjon er heller ikkje ført vidare då den berre gjeld for Svalbard og det etter lovframlegget § 4 skal gjevast særskilte forskriftsreglar for lova sitt verkeområde på Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda. Det vert fastset som noko nytt at det også kan gjevast løyve til å drive andre former for næringsverksemd, slik som til dømes utleige av

eller mekling med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Opprekninga i § 23 første ledd er ikkje uttømmende, slik at det også kan gjevast løyve til å drive andre typar næringsverksemd enn dei som er særskilt nemnt.

*Andre ledd* fastset dei personlege krava til dei som skal drive næringsverksemd. *Andre ledd første punktum* set krav om at den som skal drive næringsverksemd må oppfylle dei ålmenne krav til personlege eigenskapar etter lovframlegget § 16. Denne regelen er ei vidareføring og presisering av kravet i våpenlova § 17 første ledd om at personar som skal ha løyve til å drive handel må vere skikka, samt ei lovfesting av dei krav som gjeldande våpenforskrift § 45 set for løyve til å drive med tilverking eller reparaasjon av skytevåpen eller våpendelar for sal, men slik at krava også gjeld for andre former for næringsverksemd enn handel, tilverking og reparaasjon. *Andre ledd andre punktum* er ei vidareføring av krava til fagkunnskap etter gjeldande våpenlov § 17 og våpenforskrifta § 35 for løyve til å kunne drive handel, tilverking eller reparaasjon, men slik at det også stilt krav for andre former for næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Dei nærare krava til alder og fagdugleik vert fastsett i forskrift slik at dei kan tilpassast dei ulike formene for næringsverksemd.

*Tredje ledd* fastset krava til personlege eigenskapar for juridiske personar. *Første punktum*, fastset som noko nytt eit krav til vandel for juridiske personar som skal drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. *Andre punktum* vidareførar reglane i gjeldande våpenlov § 17 andre og tredje ledd.

*Fjerde ledd* gjev ein bunden forskriftsheimel, der nr. 2 også gjennomfører artikkel 4. nr. 4 punkt ii i EU sitt våpendirektiv om rapportering av omsetnaden med skytevåpen våpendelar og ammunisjon.

*Til § 24 Overføring av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til døds- eller konkursbu*

Denne føresegna vidareførar gjeldande våpenlov § 18.

*Til § 25 Tilverking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til eige bruk*

Denne føresegna vidareførar regelen i gjeldande våpenlov § 21 og lovfestar reglane i gjeldande våpenforskrift § 51. I lovframlegget er det presisert at kravet til alder følgjer dei reglar som gjeld for erverv av den våpentypen som tilverkinga gjeld.

*Til § 26 Merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

*Første ledd* lovfestar kravet til merking i gjeldande våpenforskrift § 93, men fastset som noko nytt at kravet til å merke skytevåpen og nærare bestemte våpendelar også skal gjelde for personar som omset skytevåpen. Hensikta med denne endringa er å hindre at det vert omsett skytevåpen eller våpendelar som ikkje er lovleg merka. I tillegg vert det lovfest som noko nytt at kravet til merking også skal gjelde for skytevåpen og våpendelar som er registreringspliktige i medhald av lovframlegget § 5 fjerde ledd nr. 3 og § 6 tredje ledd nr. 2. Denne regelen skal trygge gjennomføring av kravet til registreringsplikt for nærare bestemte skytevåpen og våpendelar i EU sitt reviderte våpendirektiv, sjå nærare omtale under punkt 11.2.

*Andre ledd* fastset som noko nytt eit krav til merking av ammunisjon, som skal tryggje gjennomføring av dei krav til merking som EU sitt våpendirektiv og FN sin våpenprotokoll set for merking av ammunisjon. Andre ledd *andre punktum* gjer unntak for tilverking av patroner til eige bruk (såkalla heimelading), då slik tilverking ikkje er omfatta av internasjonale krav til merking.

*Til § 27 Deaktivering og destruksjon av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Denne føresegna lovfestar reglane i gjeldande våpenforskrift § 1 tredje ledd, men fastset som noko nytt i *første ledd* at berre personar som har løyve etter lovframlegget § 23 til å drive ervervs-messig ombygging, reparasjon eller tilverking av skytevåpen kan deaktivere skytevåpen.

*Andre ledd* lovfestar gjeldande ordning med at skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan leverast til politiet for destruksjon. Slik destruksjon vil vere gratis for publikum, sjå merknadane til § 37 andre ledd.

*Til § 28 Godkjenning av skyttar- og våpensamlar-organisasjonar og teknisk program*

Denne føresegna lovfestar reglane i gjeldande våpenforskrift § 24 og § 25.

*Til § 29 Godkjenning av skytebaner*

Denne føresegna vidarefører gjeldande våpenlov § 28 og lovfestar samstundes kravet i forskrift av 1. juli 1988 nr. 548 om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner § 3, jf. § 1 om

krav til godkjenning av skytebaner og skytefelt. Dei nærare reglar vert fastsett i forskrift.

*Til § 30 Politiet sin kontroll*

*Første ledd* lovfestar at politiet skal føre kontroll med om personar som har løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon framleis oppfyller krava til personlege eigenskapar etter § 16 og § 17. Kravet til kontroll skal gjelde for alle våpenløyve, medrekna løyve til å drive næringsverksemd etter § 23. Føresegna er en lovfesting av kva som har vore politiet sin praksis. Kontrollen skal skje på grunnlag av den totale kjennskap som politiet har til vedkomande, noko som føreset at våpenforvaltinga får tilgang til relevant informasjon frå politiet si verksemd. Det vil verte gjeve nærare føresegner i forskrift om kva kontrollen skal omfatte, mellom anna for tryggje gjennomføring av dei krav til kontroll som er gjeve i EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 5 nr. 2, artikkel 6 nr. 7 og artikkel 7, sjå nærare omtale under punkt 13.5.

*Andre ledd* lovfestar heimelen til å føre kontroll av næringsdrivande i våpenforskrifta § 104. Dei nærare reglane om kontroll vert fastsett i forskrift.

*Andre ledd siste punktum* fastset som noko nytt at politiet kan krevje å få utlevert ein kopi av medlemslistene til godkjente skyttar- og våpensamleforeiningar. Hensikta med denne endringa er i hovudsak å betre politiet sin kontroll med om personar som har skytevåpen til sportsskyting oppfyller kravet til medlemsskap i godkjent skyttarforeining.

*Tredje ledd* vidarefører regelen i våpenlova § 9 utan materielle endringar, medan *fjerde ledd* vidarefører regelen i våpenlova § 29 fjerde ledd med den endring at politiet kan destruere gjenstandar som ikkje er kravd utlevert innan 12 månader.

*Femte ledd* vidarefører gjeldande heimel i gjeldande våpenlov § 27 a. Dei nærare vilkåra for å kunne krevje tilkomst til privat bustad vert fastsette i forskrift.

*Til § 31 Tilbakekall av løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

*Første ledd første punktum* vidarefører regelen i gjeldande i våpenlova § 10 første ledd om at politiet *skal* tilbakekalle våpenløyve til personar som ikkje lenger oppfyller krava til personlege eigenskapar, men slik at det kjem klart fram at slikt tilbakekall også kan gjelde løyve til å ha våpendelar. *Første ledd andre punktum* vidarefører gjeldande regel i våpenlova § 10 andre ledd om at politiet



kan tilbakekalle løyvet til personar som ikkje lenger har behov eller annan rimeleg grunn til å ha skytevåpen med vidare. I lovframlegget § 41 nr. 29 er det gjeve ein forskriftsheimel til å kunne gje utfyllande reglar for korleis reglane om tilbakekall etter første ledd andre punktum skal praktiserast.

*Andre ledd* vidareførar regelen i gjeldande våpenlov § 10 sjuande ledd om at politiet kan gje forbod mot at personar som ikkje oppfyller krava til personlege eigenskapar skal kunne erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ikkje er løyvepliktige. I lovframlegget § 41 nr. 28 er det gjeve ein forskriftsheimel til å fastsette nærare reglar om politiet sin kontroll med våpenløyve etter første og andre ledd.

*Tredje ledd første punktum* vidareførar gjeldande våpenlov § 10 fjerde ledd, men slik at gjenstandane skal overlatast til politiet og ikkje innleverast. Denne endringa inneber at politiet kan bestemme korleis dei skal få tilkomst til gjenstandane. Kravet om at innehavar skal overlata gjenstandar til politiet kan også omfatte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som det ikkje kravst løyve for å kunne erverve eller å ha. *Tredje ledd andre punktum* vidareførar heimelen i våpenlova § 10 femte ledd om at politiet kan krevje at skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon vert mellombels overlatast til politiet når det er sendt førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve.

*Fjerde ledd* fastset som noko nytt ein heimel for politiet til å kunne krevje overlatast skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon utan å sende førehandsvarsel, når det er mistanke om brot på dei personlege vilkåra i lovframlegget § 16 og utan å samstundes måtte sende førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve. Bakgrunnen for dette lovframlegget er behovet for å kunne gripe raskt inn i situasjonar som tilseier at løyvehavar ikkje bør ha tilkomst til skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon fordi ein er uroa for at vedkomande vil misbruke våpenet til dømes til å true eller skade.

*Femte ledd* innførar som noko nytt at politiet ikkje lenger har plikt til å avhende overlatast gjenstandar og dei kan destruere overlatast gjenstandar som ikkje er avhenda av eigaren innan 12 månader frå gjenstanden vart overlatast til politiet. Femte ledd *tredje punktum* vidareførar regelen i våpenlova § 10 fjerde ledd tredje punktum om at overlatast gjenstandar som tilhøyrar nokon andre skal overlatast til eigaren. Dette vil særleg vere aktuelt ved tilbakekall av løyve til å låne skytevåpen etter lovframlegget § 18.

#### *Til § 32 Tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Denne føresegna vidareførar gjeldande våpenlov § 35 med nokre endringar. *Første ledd* fastset som noko nytt at politiet *skal* gjere vedtak om tilbakekall når innehavar eller den ansvarlege for drifta ikkje oppfyller krava til personleg dugleik. For andre brot på vilkår eller føresetnader for løyvet må politiet gjer ei konkret vurdering av kva reaksjon som vil vere høvande. Følgjene av å tilbakekalle løyve til å drive næringsverksemd vil normalt vere større enn for tilbakekall av andre våpenløyve. Politiet må difor vurdere om eit mellombels tilbakekall vil vere tilstrekkeleg, slik at organisasjonen kan rette opp dei feil som grunnjev vedtaket.

*Andre ledd* fastset som noko nytt at reglane i § 31 andre til femte ledd skal gjelde tilsvarende for tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd. Eit tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd kan omfatte store mengder skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, og det er difor av stor betydning at politiet har dei naudsynte heimlar til å få kontroll over gjenstandane ved tilbakekall av løyvet.

#### *Til § 33 Tilbakekall av godkjenning som skyttar- eller våpensamlarorganisasjon*

Denne føresegna er ny i høve til gjeldande våpenlov og gjev politiet ein særskilt heimel til å kunne tilbakekalle godkjenning som skyttar- eller samlarorganisasjon. Bakgrunnen for framlegget er at ei godkjenning utløyser mange rettar for organisasjonen, som til dømes retten til å kunne dokumentere grunnlag for erverv av skytevåpen til sportskyting. Politiet bør difor ha ein klar heimel til å kunne tilbakekalle godkjenninga om den brukast i strid med føresetnadane.

#### *Til § 34 Konkursbu*

Denne føresegna er ny i høve til gjeldande våpenlov. *Første ledd* gjev bustyrar ein plikt til å varsle politiet om funn av løyve- eller registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Føremålet med føresegna er å gje betre tryggleik for at politiet får kontroll over slike gjenstandar ved konkurs og skal vere eit tillegg til politiet sin ålmenne kontroll med tildelte våpenløyve. Med omgrepet «utan ugrunna opphald» meinast at bustyrar skal varsle om funnet så snart det er praktisk mogeleg. Bustyrar skal likevel ha rimeleg tid til å kunne områ seg på, og eit opphald på ein dag eller to skal

normalt ikkje innebere brot på denne plikta. Ein føresetnad for samtykke til oppbevaring i *andre punktum* er at politimeisteren tryggjer at bustyrar kan overhalde våpenlova sine krav til oppbevaring. Politimeisteren skal ikkje gje samtykke til slik mellombels oppbevaring om det er grunn til å tru at gjenstandane kan verte bruka i strid med føresetnadane for samtykket.

*Andre ledd* presiserer at dei krav som § 19 set til oppbevaring av skytevåpen med vidare også gjeld for oppbevaring i konkursbu.

#### Til § 35 Dødsbu

Denne føresegna er i hovudsak ei lovfesting av våpenforskrifta § 82, men fastset som noko nytt at politiet må samtykke til at arvingane oppbevarer gjenstandane. Kravet til samtykke skal tryggje at arvingane kan oppfylle våpenlova sine krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, samt å gje politiet oversyn over kven som får tilgang til arvelatar sine skytevåpen. Politiet skal ikkje samtykke til slik mellombels oppbevaring om det er grunn til å tru at gjenstandane kan verte bruka i strid med føresetnadane for samtykket. Denne vurderinga må skje på grunnlag av den kjennskap som politiet har til den som skal oppbevare gjenstandane på vegne av buet, slik at opplysingar om at vedkomande ikkje oppfyller krava til personlege eigenskapar etter § 16 gjer at politiet ikkje skal samtykke til at vedkomande får tilkomst til skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. *Andre punktum* presiserer at dei krav som § 19 set til oppbevaring av skytevåpen med vidare også gjeld for oppbevaring i dødsbu.

#### Til § 36 Våpenregister

Denne føresegna vidarefører delvis gjeldande våpenlov § 31 fjerde ledd og lovfestar regelen i våpenforskrifta § 98. Nytt er at det skiljast i *første ledd* mellom løyvepliktige våpen med vidare og registreringspliktige våpen med vidare i høvesvis *første* og *andre punktum*. Skilnaden er at registreringspliktige våpen med vidare ikkje krev løyve. Det sentrale våpenregisteret skal med andre ord innehalde opplysingar om løyve- eller registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, samt opplysingar om personar som enten har registreringspliktige gjenstandar eller som har løyve til å erverve, ha, samle på, inn- eller utføre slike gjenstandar. Vidare skal det førast opplysingar om personar som har løyve til å drive næringsverksemd med og deaktivering av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, samt opplysingar om godkjente

skyttar- og våpensamlarorganisasjonar. Føresegna omfattar også juridiske personar.

*Andre ledd* lovfestar som noko nytt kva som er føremålet med registeret. Hensikta med registeret er først og fremst å trygge politiet si evne til å kunne syte for at lova sine reglar vert følgt til ei kvar tid. I tillegg skal registeret trygge at styresmaktene mellom anna har oversyn over kva våpentypar, talet våpen med vidare som finst.

*Tredje ledd* gjev ein bunden forskriftsheimel til å fastsette reglar knytt til handsaming av opplysningar i registeret. I forskrifta vert det gjeve nærare regler om de forhold som er lista opp i føresegna, noko som mellom anna vil gjera reglane meir føreseieleg. Reglane om utlevering vil også gjennomføre dei krav som EU sitt våpendirektiv artikkel 13 set for utlevering av opplysingar mellom medlemsland.

*Fjerde ledd* vidarefører reglane om innsyn i gjeldande våpenlov § 31 fjerde ledd, *andre punktum*, men avgrensar politiet sin heimel til å nekte innsyn i registeret til situasjonar der det er grunn til å tru at opplysingane vil kunne brukast til strafflagde handlingar. Utanom desse tilfella skal krav om innsyn handsamast i samsvar med reglane i offentleglova.

#### Til § 37 Gebyr og utgifter

Føresegna vidarefører gjeldande gebyrheimel i våpenlova § 31 *andre ledd*, men fastset som noko nytt at det kan krevjas gebyr for utferding av alle typar løyve eller godkjenningar i medhald av lova. Gebyrheimelen gjeld likevel ikkje for destruksjon av skytevåpen eller registrering av registreringspliktige skytevåpen med vidare. Gebyret skal brukast til å dekke våpenforvaltninga sine utgifter til å utferde løyve og kan også omfatte utgifter til sakkunnig bistand. Sistnemnte er særleg aktuelt ved utferding av løyve i medhald av § 13 (våpensamling), som kan krevje særskilt sakkunnskap.

#### Til § 38 Tilhøvet til forvaltningsloven

*Første punktum* presiserer at forvaltningslova gjeld for saker som vert handsama etter våpenlova. *Andre punktum* fastset som noko nytt at politiet kan kalle søkar inn til intervju for å avklare om søkar oppfyller dei personlege vilkåra etter § 16. Føremålet med denne heimelen er å gje politiet eit rettsgrunnlag for å kunne innkalle søkarar til intervju, for på denne måten å få eit betre grunnlag til å vurdere om vedkomande oppfyller dei krav som våpenlova set til søkar sin personlege eigenskapar. Om vedkomande ikkje stiller til

intervju vil dette gje grunnlag for å nekte løyve sidan då politiet ikkje får et tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere søknaden.

*Til § 39 Straff*

Denne føresegna vidarefører straffebodet i gjeldande våpenlov § 33, men slik at føresegna presiserer kva for brot på våpenlova som er strafflagde.

*Til § 40 Tidsavgrensa våpenamnesti*

Denne føresegna vidarefører gjeldande våpenlov § 34 med den endring at føresegna også gjeld for registreringspliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som ikkje krev løyve.

*Til § 41 Forskrifter*

Denne føresegna vidarefører gjeldande forskriftsheimel i våpenlova § 31 første ledd. Nytt er at dei bundne forskriftsheimlane står i dei einskilde føresegnene, medan dei valfrie står i § 41, sjå nærare omtale i punkt 15.1.4.

*Til § 43 Overgangsreglar*

*Første ledd* fastset ein særskilt frist for når forbodet mot halvautomatiske rifler etter § 5 andre ledd nr 3 skal setjast i kraft, sjå nærare omtale under punkt 7.2.5.1. Personar som har løyve til å ha slike våpen i medhald av gjeldande våpenlov må enten ha eit nytt løyve etter unnataksreglane i §§ 10, 12, 13, eller avhende, innlevere eller deaktivere våpenet innan tre år frå det tidpunktet lova trer i kraft.

*Andre ledd* gjeve ein forskriftsheimel i til å kunne gje forskrift om andre overgangsordningar som er naudsynte, sjå også § 41 nr. 33.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert beden om å gjere vedtak til lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova)

### Kapittel 1 Lova sitt føremål og definisjonar

#### § 1 Føremål

Føremålet med lova er å trygge samfunnet mot uønskete hendingar med våpen, og å fremje ein trygg våpenbruk.

#### § 2 Definisjonar

I denne lova meinast med:

1. Våpen: reiskap eller innretning som er laga for bruk i kamp eller jakt, eller som er laga for å likne på slike gjenstandar.
2. Skytevåpen: våpen eller andre innretningar som kan skyte ut, eller på annan måte sende ut prosjektil, gass, signallys, stråling, rakettar, eld eller liknande, samt våpen som kan skyte ammunisjon utan prosjektil. Skytevåpen som er deaktiverte etter § 27 og gjenstandar som enkelt kan gjerast om til å skyte ut eller på annan måte sende ut prosjektil eller substansar som nemnt i første punktum, reknast også for skytevåpen.
3. Våpendelar: gjenstandar som er laga for eller særskilt tilpassa for bruk i skytevåpen.
4. Ammunisjon:
  - a) patroner eller andre gjenstandar som er laga for å verte skote i skytevåpen,
  - b) drivmiddel, tennmiddel og prosjektil til gjenstandar som nemnt i bokstav a,
  - c) handgranat, bomber, rakettar, miner eller liknande gjenstandar, som er laga for å detonere, deflagrere eller sende ut lys, gass, gift, røyk eller liknande.

### Kapittel 2 Sakleg og stadleg verkeområde

#### § 3 Sakleg verkeområde

Lova gjeld for våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Lova gjeld likevel ikkje for våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er bestemt for eller som vert bruka i Forsvaret eller politiet si verksemd.

#### § 4 Stadleg verkeområde

Lova gjeld for Noreg.

Lova gjeld for Svalbard, Jan Mayen og i dei norske bilanda, jf. lov 27. februar 1930 nr. 3, med dei avgrensingar som Kongen fastset som følge av dei stadlege forhold.

### Kapittel 3 Skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

#### § 5 Løyve med vidare for skytevåpen

Den som vil erverve eller ha skytevåpen, må ha løyve frå politiet. Den som vil avhende skytevåpen, må trygge at den som ervervar skytevåpenet har løyve frå politiet til å kunne erverve gjenstanden.

Utanom dei tilfelle som nemnt i §§ 10, 12 eller § 13, kan ikkje politiet gje løyve til å erverve, ha, tilverke, importere eller omsette følgjande skytevåpen:

1. heilautomatiske skytevåpen,
2. skytevåpen som er kamuflert som annan gjenstand,
3. halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for heilautomatisk funksjon eller for militæret eller politiet,
4. skytevåpen som vanlegvis brukast som krigsvåpen,
5. andre skytevåpen enn dei som nemnt i nummer 1 til 4, som saknar ein lovleg bruk eller som har særskilt farlege eigenskapar.

Kongen gjev forskrift om kva skytevåpen som ikkje er tillatne etter andre ledd nr. 5, unnatak frå løyveplikta etter første ledd samt registreringsplikt for skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt.

#### § 6 Løyve med vidare for våpendelar

Den som vil erverve eller ha våpendelar som fastsett i medhald av tredje ledd, må ha løyve frå politiet. Den som vil avhende løyvepliktige våpendelar, må trygge at den som ervervar gjenstanden har løyve frå politiet til å kunne erverve gjenstanden. Politiet kan berre gje løyve til erverv etter første punktum når vedkomande har løyve til å ha skytevåpen, som våpendelen kan brukast i.

Utanom dei tilfelle som nemnt i §§ 10, 12 eller § 13, kan ikkje politiet gje løyve til å erverve, ha, tilverke, importere eller omsette nærare bestemte

våpendeler som saknar ein lovleg bruk eller som gjev skytevåpen særskilt farlege eigenskapar.

Kongen gjev forskrift om kva våpendelar som er løyvepliktige etter første ledd, registreringsplikt for våpendelar som ikkje er løyvepliktige, samt kva våpendelar som ikkje er tillatne etter andre ledd.

#### § 7 Løyve med vidare for ammunisjon

Den som vil erverve eller ha ammunisjon må enten ha løyve til å ha og bruke skytevåpen som ammunisjonen passar i, eller ha særskilt løyve frå politiet. Eit særskilt løyve til å erverve ammunisjon etter første punktum skal, utanom dei tilfelle som nemnt i § 13, vere avgrensa til ei nærare bestemt mengde og kan ikkje gjevast for lengre tid enn tre månader, med mindre noko anna er fastsett i forskrift.

Den som vil avhende eller overlata ammunisjon må tryggje at ervervar enten har løyve til å ha og bruke skytevåpen som ammunisjonen passar i, eller har særskilt løyve til erverv frå politiet. Første punktum gjeld ikkje for overlating til bruk i medhald av § 18 fjerde ledd. Det kan berre avhendast eller overlatast ammunisjon i mengder som står i rimeleg forhold til det føremålet som grunngev ervervet.

Utanom dei tilfelle som nemnt i § 10 eller § 13, kan ikkje politiet gje løyve til å erverve, ha, tilverke, importere eller omsette følgjande ammunisjonstypar:

1. panserbrytande, brannstiftande og eksplosiv ammunisjon,
2. ammunisjon til pistol eller revolver med sentertenning som har prosjektil med ekspanderande effekt, med unnatak for ammunisjon som brukast til sportsskyting,
3. andre ammunisjonstypar enn dei som nemnt i nr. 1 og 2, når ammunisjonen enten saknar ein lovleg bruk eller gjev skytevåpen særskilt farlege eigenskapar.

#### § 8 Våpen som ikkje er skytevåpen

Utanom dei tilfelle som nemnt i § 10, er det ikkje tillate å erverve, ha, importere, tilverke eller omsette nærare bestemte våpen som ikkje reknast for skytevåpen, som har eit stort skadepotensiale eller som saknar ein lovleg bruk.

#### § 9 Ombygging av skytevåpen

Den som har løyvepliktige skytevåpen kan ikkje gjere vesentlege endringar i skytevåpenet, utan etter løyve frå politiet.

#### § 10 Fritak i særskilte tilfelle

Politiet kan gje løyve til å erverve, ha, importere, tilverke eller omsette gjenstandar som nemnt i eller i medhald av § 5 andre og tredje ledd, § 6 andre og tredje ledd, § 7 tredje ledd eller § 8 når det ligg føre eit særskilt behov, og når omsynet til samfunnstryggleiken ikkje talar mot det.

### Kapittel 4 Grunnlag for å kunne erverve og å ha av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

#### § 11 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til jakt

Personar som er innført i Jegerregisteret, kan få løyve til å erverve og ha inntil seks komplette skytevåpen som er løyvepliktige etter § 5, samt løyvepliktige våpendelar og ammunisjon etter § 6 og § 7 til jakt. Personar som kan dokumentere eit særskilt behov, kan likevel få løyve til å erverve og ha meir enn seks skytevåpen.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til å erverve og ha rifler og hagler med enkeltskot eller manuell omlading og halvautomatiske hagler som er tillatne i eller i medhald av § 5 andre og tredje ledd. Politiet kan også gje løyve etter første ledd til erverv av halvautomatiske rifler som oppfyller krava til konstruksjon og utforming som er fastsett i medhald av fjerde ledd. Dei skytevåpna som nemnt i første og andre punktum må i tillegg oppfylle krava til jaktvåpen som er gjeve i eller i medhald av viltloven § 20.

Politiet kan i særskilte tilfelle gje fritak frå kravet om innføring i Jegerregisteret og kravet til våpentype etter andre ledd tredje punktum.

Kongen gjev forskrift om godkjenning av halvautomatiske rifler til jakt.

#### § 12 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til sportsskyting

Personar som er medlem i godkjent skyttarorganisasjon og som oppfyller krava til aktivitet og opplæring som er gjeve i medhald av fjerde ledd nr 1, kan få løyve til å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 og § 7 til sportsskyting. Løyvet gjeld berre for skytevåpen og våpendelar som kan brukast i skyttarorganisasjonen sine godkjente skyteprogram, og i det tal som vert fastsett i medhald av fjerde ledd nr. 2.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til å erverve og ha rifler eller hagler med enkeltskot eller manuell omlading, halvautomatiske hagler, pistolar og revolverar som er tillatne i eller i medhald av § 5 andre og tredje ledd. Politiet kan også

gje løyve til erverv av halvautomatiske rifler som oppfyller krava til konstruksjon og utforming som er fastsette i medhald av fjerde ledd nr. 4.

Eit løyve etter andre ledd kan på vilkår som er fastsett i medhald av fjerde ledd nr. 1 også omfatte halvautomatiske rifler som nemnt i § 5 andre ledd nr. 3 og nærare bestemte våpendelar som er forbodne i medhald av § 6 tredje ledd.

Kongen gjev forskrift om:

1. krav til aktivitet og opplæring for erverv av løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 og § 7, medrekna særskilte krav for erverv av skytevåpen og våpendelar etter tredje ledd,
2. talet på løyvepliktige skytevåpen som kan ervervast til sportsskyting,
3. kva våpendelar som kan ervervast i medhald av tredje ledd,
4. godkjenning av halvautomatiske rifler til sportsskyting, medrekna godkjenning av halvautomatiske rifler som nemnt i § 5 andre ledd nr. 3.

#### § 13 *Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til samling*

Personar som er medlemmer i godkjent våpensamlarorganisasjon, og som oppfyller krava til våpendugleik som er fastsette i medhald av femte ledd nr. 2, kan få løyve til å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 og § 7 til samling. Eit løyve som nemnt i første punktum skal vere sakleg avgrensa til eitt eller fleire våpenhistorisk grunngevrne samleområde.

Politiet kan likevel berre gje løyve til å erverve og ha skytevåpen som nemnt § 5 andre ledd, eller som er forbodne i medhald av § 5 tredje ledd, og våpendelar som er forbodne i medhald av § 6 tredje ledd, når skytevåpenet eller våpendelen enten er særskilt sjeldan eller når gjenstanden dokumenterer forhold av særskilt historisk betydning.

Politiet kan i samsvar med forskrift fastsett i medhald av femte ledd nr. 4 gje løyve til å erverve og ha ammunisjon som nemnt i § 7 tredje ledd eller i medhald av § 41 nr. 6.

Den som har erverva løyvepliktige gjenstandar som nemnt i §§ 5, 6 eller § 7 etter reglane i denne paragrafen, kan ikkje bruke gjenstandane til andre føremål enn samling.

Kongen gjev forskrift om:

1. vilkår for å rekne samleområde som våpenhistorisk grunngevrne,
2. krav til våpendugleik for erverv til samling,

3. talet på løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar etter § 5 og § 6 som kan ervervast til samling,
4. erverv av løyvepliktig ammunisjon til samling, medrekna ammunisjon som nemnt i § 7 tredje ledd,
5. test- og demonstrasjonsskyting med løyvepliktige skytevåpen som er erverva til samling.

#### § 14 *Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til andre føremål*

Personar som kan dokumentere eit behov eller annan rimeleg grunn for å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 og § 7 til andre føremål enn dei som nemnt i §§ 11 til 13, kan få løyve til å erverve og ha slike gjenstandar. Behov eller annan rimeleg grunn som nemnt i første punktum kan til dømes vere minneverde, museumsføremål eller næringsverksemd.

### **Kapittel 5 Kven som kan erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon**

#### § 15 *Krav til alder*

Aldersgrensa for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon er 18 år. For erverv av pistol og revolver som krev løyve etter § 5 første ledd, eller våpendelar til pistol eller revolver som er løyvepliktige i medhald av § 6 tredje ledd, er aldersgrensa likevel 21 år.

Politiet kan gje personar som har fylt 16 år fritak frå alderskravet for hagler og rifler når verje samtykker til ervervet og når skytevåpenet eller våpendelen kan oppbevarast av verje eller annan person som oppfyller vilkåra for erverv etter første ledd og § 16. Politiet kan likevel ikkje gje personar under 18 år løyve til å kjøpe skytevåpen.

Politiet kan gje personar over 18 år fritak frå alderskravet for erverv av pistol, revolver og våpendelar til slike våpen. Eit vedtak om fritak etter første punktum skal gjerast tidsavgrensa for inntil eitt år.

#### § 16 *Krav til vandel og personlege eigenskapar*

Politiet kan berre gje løyve til å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 til personar som oppfyller krav til vandel og edruskap, og som ikkje av andre grunnar er uskikka. Med uskikka etter første punktum meinast helsemessige forhold, tilknytning til kriminelle miljø eller andre forhold, som påverkar evna eller tilliten til at vedkomande vil bruke gjenstanden i samsvar med vilkår eller føresetnader for løyvet.

Politiet kan i samsvar med forskrift fastsett i medhald av tredje ledd bestemme at personar som ikkje kan dokumentere kravet til vandel etter første ledd må oppfylle krav til butid før det kan gjevast løyve til å erverve og ha løyvepliktige gjenstandar etter §§ 5, 6 eller § 7.

Kongen gjev forskrift om kravet til vandel etter første ledd og kravet til butid etter politiregisterloven § 36 andre ledd.

#### § 17 *Krav til juridiske personar*

Politiet kan berre gje løyve til å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 til juridiske personar som oppfyller krav til vandel. Dei fysiske personane i organisasjonen som er ansvarlege for å levere ut, bruke og oppbevare gjenstandane på vegne av organisasjonen må i tillegg oppfylle vilkåra for erverv etter § 15 og § 16.

### **Kapittel 6 Utlån, oppbevaring, transport og inn- og utføring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon**

#### § 18 *Lån eller overlating av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som har løyve til å ha løyvepliktige skytevåpen og våpendelar etter § 5 eller § 6 kan låne tilsvarende gjenstand. Utlånar må tryggje at låntakar har løyve før han låner den ut, og skal gje ei skriftleg fråsegn om utlånet.

Den som ikkje har løyve, må ha løyve frå politiet for å kunne låne løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar. Kapittel 4 og 5 i denne lova gjeld tilsvarende for løyve til lån av skytevåpen eller våpendelar.

Den som har skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er friteke frå løyveplikt etter §§ 5, 6 eller § 7 kan ikkje låne ut eller overlate gjenstanden til personar under 18 år, med mindre vedkomande har særskilt løyve etter § 15 andre ledd. Dette gjeld også for gjenstandar som er underlagt særskilt aldersgrense i medhald av § 41 nr. 14.

Første, andre og tredje ledd gjeld ikkje for kortvarig overlating av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon under forsvarleg tilsyn av eigar eller løyvehavar, eller av nokon som handlar på vegne av eigar eller løyvehavar. Skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon kan likevel ikkje overlatast til personar som enten har fått tilbakekalla løyvet etter § 31 første ledd første punktum, som er gjeve forbod mot å erverve eller ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter § 31 andre ledd, eller når det elles er

grunn til å tru at vedkomande ikkje oppfyller vilkåra etter § 16.

#### § 19 *Krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som oppbevarer skytevåpen skal syte for at det er tømt for ammunisjon.

Den som har løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 skal oppbevare desse i sin faste bustad. Politiet kan likevel for ei periode på inntil eitt år av gangen gjere unnatak frå dette kravet om ikkje tryggleiksmessige forhold talar mot det.

Løyvepliktige skytevåpen, eller nærare bestemte delar til skytevåpenet, skal oppbevarast nedlåste i godkjent tryggingsskap eller i godkjent våpenrom. Ammunisjon skal oppbevarast nedlåst.

Kongen gjev forskrift om:

1. kva våpendelar som kan oppbevarast nedlåste i staden for komplette skytevåpen,
2. krav til oppbevaring av ammunisjon,
3. krav til godkjenning av tryggingsskap eller våpenrom,
4. særskilte krav til oppbevaring for personar som har løyve til å ha eit nærare fastsett tal løyvepliktige skytevåpen,
5. særskilte krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for personar som driv næringsverksemd etter § 23,
6. særskilte krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for andre juridiske personar enn næringsdrivande etter § 23.

#### § 20 *Krav til mellombels oppbevaring, transport og sending av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som har, brukar, mellombels oppbevarer eller transporterar løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 skal ha med dokumentasjon på lovleg tilkomst til gjenstandane og skal syne fram dokumentasjonen på førespurnad frå politiet.

Den som mellombels oppbevarer eller transporterar skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, som nemnt i første ledd, skal syte for at gjenstandane er forsvarleg tryggja mot at uvedkomande får tak i dei. Under transport eller mellombels oppbevaring skal gjenstandane vere pakka slik at dei ikkje er synleg eller lett tilgjengeleg. Skytevåpen og ammunisjon, som nemnt i første ledd, skal vere fråskilt under transport og mellombels oppbevaring, med mindre skytevåpen og ammunisjon vert oppbevart i tryggingsskap eller våpenrom etter § 19.

### § 21 *Innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som skal innføre løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 inn i eller gjennom norsk tollområde må ha løyve frå politiet. Første punktum gjeld også for gjenstandar som er deaktiverte i samsvar med reglane etter § 27. Politiet kan gje løyve etter første punktum når søkar kan dokumentere at innførselen oppfyller dei vilkår som er fastsette i medhald av andre ledd.

Kongen gjev forskrift om:

1. vilkår for innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i medhald av løyve etter § 23,
2. vilkår for innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til eige bruk,
3. mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

### § 22 *Utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som i medhald av løyve etter § 23 skal føre løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller § 7 ut av norsk tollområde, må ha løyve frå Utenriksdepartementet. Første punktum gjeld også for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er deaktiverte i samsvar med reglane etter § 27. Utenriksdepartementet kan gje løyve etter første punktum når søkar kan dokumentere at utførselen oppfyller dei vilkår som er fastsette i lov eller forskrift gjeve i medhald av lov.

Den som skal utføre løyvepliktige gjenstandar etter §§ 5, 6 eller § 7 i eigenskap av privatperson, må ha løyve frå politiet. Første punktum gjeld også for gjenstandar som er deaktiverte i samsvar med reglane etter § 27. Politiet kan gje løyve etter første punktum til personar som kan dokumentere at utførselen oppfyller dei vilkår som er fastsette i medhald av tredje ledd.

Kongen gjev forskrift om vilkår for utførsel etter andre ledd og mellombels utførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

## **Kapittel 7 Næringsverksemd, tilverking, merking, deaktivering, samt godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar og skytebaner**

### § 23 *Næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som skal drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon må ha løyve frå politiet. Med næringsverksemd etter før-

ste punktum meinast mellom anna handel, tilverking for sal, reparasjon eller ombygging, utleige eller mekling.

Det kan berre gjevast løyve etter første ledd til personar som oppfyller krava til personlege eigenskapar etter § 16, og krava til alder og fagkunnskap som gjevast i medhald av fjerde ledd.

Gjeld søknaden om løyve etter første ledd ein juridisk person, må føretaket oppfylle krava til vandel etter § 17. Dagleg leiar i organisasjonen, og andre som er ansvarleg for den daglege drifta, må i tillegg oppfylle krava til personlege eigenskapar etter § 16 og krava til alder og fagkunnskap som gjevast i medhald av fjerde ledd.

Kongen gjev forskrift om:

1. krav til alder og fagkunnskap for å kunne få løyve etter første ledd,
2. krav til opningstid, næringslokale, innreiing, utstyr, dokumentasjon, registrering og rapportering av drift i medhald av løyve etter første ledd.

### § 24 *Overføring av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til døds- eller konkursbu*

Om den som har løyve til å drive næringsverksemd etter § 23 døyr eller går konkurs, kan dødsbuet, rettsetterfølgjarane eller konkursbuet drive verksemda i medhald av løyvet for inntil eitt år.

Den som vil drive i medhald av første ledd, må sende melding om framhalden drift og namn på dagleg leiar, og andre som er ansvarleg for den daglege drifta, til den mynda som gav løyvet.

Drift i medhald av første ledd kan berre skje når dagleg leiar, og andre som er ansvarleg for den daglege drifta, oppfyller vilkåra etter § 23 andre ledd.

### § 25 *Tilverking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til eige bruk*

Den som vil tilverke skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller § 7 til eige bruk må ha løyve frå politiet.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til personar som oppfyller vilkåra for erverv etter kapittel 4 og 5.

Personar som har løyve til å ha og bruke skytevåpen kan til eige bruk likevel tilverke ammunisjon for desse skytevåpna utan særskilt løyve frå politiet.

### § 26 *Merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Den som tilverkar, varig innfører eller omsetter skytevåpen eller våpendelar som er løyve- eller



registreringspliktige etter § 5 eller § 6 skal tryggje at gjenstandane har eit unikt merke.

Den som tilverkar, varig innfører eller omset ammunisjon som er løyvepliktig etter § 7 skal tryggje at ammunisjonen oppfyller krava til merking som er fastsett i medhald av lova her. Første punktum gjeld ikkje for tilverking av ammunisjon til eige bruk.

#### § 27 Deaktivering og destruksjon av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Den som har løyve til å drive ombygging, reparasjon eller tilverking av skytevåpen kan også deaktivere skytevåpen. Deaktivering av skytevåpen skal skje i samsvar med reglar fastsette i forskrift i medhald av denne lova.

Skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan destruerast ved å overlate gjenstandane til politiet.

#### § 28 Godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar og teknisk program

Skyttar- eller våpensamlarorganisasjonar må vere godkjent av politiet for at dokumentert medlemskap skal kunne gje grunnlag for løyve til erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter § 12.

Politiet kan godkjenne skyttar- og våpensamlarorganisasjonar når dei:

1. har eit føremål, som har sakleg samanheng med skyteaktiviteten,
2. organiserer faste skyte- eller samlaraktivitetar, og
3. har ein fast organisasjonsstruktur, medrekna eit sentralt medlemsregister.

Politiet kan etter søknad frå godkjente skyttarorganisasjonar godkjenne skyttarforbunda sine tekniske reglement i samsvar med krava som er fastsette i medhald av denne lova.

#### § 29 Godkjenning av skytebaner

Organisert skyting kan berre skje på skytebane eller anna område som er godkjent av politiet.

Kongen gjev forskrift om krav til tryggleik og miljø for skytebaner og skytefelt.

### Kapittel 8 Kontroll med tildelte løyve

#### § 30 Politiet sin kontroll

Politiet skal føre kontroll med at dei som har løyve etter denne lova framleis oppfyller krava til personlege eigenskapar som er gjeve i eller i medhald av § 16 eller § 17.

Politiet kan føre kontroll med om andre vilkår eller føresetnader for løyve etter denne lova er oppfylte. Politiet kan som ein del av denne kontrollen krevje å få overlevert kopi av medlemslis-

ter frå godkjente skyttar- og våpensamleorganisasjonar.

Politiet skal ta hand om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller § 7 når vedkomande ikkje kan dokumentere lovleg tilkomst og når det ikkje ut frå omstenda synast klart at vedkomande likevel har løyve til å ha gjenstanden.

Politiet kan ta hand om våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ikkje er løyvepliktige når den som har, oppbevarer eller transporterar gjenstanden ikkje oppfyller kravet til alder etter § 15, og ikkje er under forsvarleg tilsyn av myndig person. Gjenstandar som vert tekne hand om etter første punktum skal på førespurnad overlatast til eigar eller verja når eigaren er under 18 år. Politiet kan destruere gjenstandar som ikkje er kravd utlevert innan 12 månader.

For å gjennomføre kontroll med om krava for oppbevaring etter § 19 andre ledd er oppfylte, kan politiet krevje tilgang til innehavar sin private bustad i samsvar med dei vilkår som er fastsette i medhald av § 41 nr. 28.

#### § 31 Tilbakekall av løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Politiet skal tilbakekalle løyve til å ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 og § 7 når vedkomande ikkje lenger oppfyller vilkåra i eller i medhald av § 16 eller § 17. Politiet kan også tilbakekalle løyve til å ha gjenstandar som nemnt i første punktum når vedkomande ikkje lenger har behov for eller annan rimeleg grunn til å ha den løyvepliktige gjenstanden.

På dei vilkår som følgjer av første ledd første punktum kan politiet gjere vedtak om at vedkomande ikkje kan erverve eller ha skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt etter § 5 tredje ledd, samt våpendelar og ammunisjon til slike skytevåpen.

Når politiet har gjort vedtak etter første eller andre ledd, skal den vedtaket gjeld overlate gjenstandane til politiet i samsvar med pålegg frå politiet. Politiet kan også gje pålegg om at personar som har fått førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve mellombels skal overlate skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til politiet.

Når politiet har ein grunna mistanke om brot på vilkåra i eller i medhald av § 16, og det er grunn til å tru at våpenet kan misbrukast, kan politiet gje pålegg om at vedkomande skal overlate skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til politiet i inn-til to veker før førehandsvarsel er sendt.

Den som har fått inndrege løyvet etter første eller andre ledd skal avhende gjenstandane innan

12 månader frå det tidspunkt løyvet vart inndrege. Politiet kan destruere gjenstandar som ikkje er avhenda innan dette tidspunkt utan nokon skyldnader til eigar. Politiet skal overlata gjenstandar som tilhøyrar andre enn den som har fått inndrege løyvet til eigar.

### § 32 *Tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon*

Politiet skal tilbakekalle løyve til å drive næringsverksemd etter § 23 første ledd, når den som har løyvet eller den ansvarlege for drifta ikkje lenger oppfyller vilkåra fastsett i eller i medhald av § 23 andre og tredje ledd. Politiet kan også tilbakekalle løyve til å drive næringsverksemd etter § 23 første ledd når den som har løyvet ikkje oppfyller andre krav for løyvet, som er fastsett i lova her eller i forskrift gjeve i medhald av denne lova.

Reglane i § 31 andre til femte ledd gjeld tilsvarende for tilbakekall av løyve til å drive næringsverksemd.

### § 33 *Tilbakekall av godkjenning som skyttar- eller våpensamlarorganisasjon*

Politiet kan tilbakekalle godkjenning som skyttar- eller våpensamlarorganisasjon når organisasjonen ikkje lenger oppfyller dei vilkår og krav som er fastsett i medhald av denne lova.

### § 34 *Konkursbu*

Om bustyrar finn skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er løyve- eller registreringspliktige etter §§ 5, 6 eller § 7, skal han varsle politiet utan ugrunna opphald. Bustyrar kan etter samtykke frå politiet mellombels oppbevare gjenstandar som nemnt i første punktum inntil buet er ferdig handsama.

Reglane om oppbevaring i eller i medhald av § 19 gjeld tilsvarende for oppbevaring i samband med skifte av konkursbu.

### § 35 *Dødsbu*

Om ein person som har skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er løyve- eller registreringspliktige etter §§ 5, 6 eller § 7 døyr, kan arvingane etter politiet sitt samtykke, mellombels oppbevare gjenstandane til skiftet er gjennomført. Reglane om oppbevaring i eller i medhald av § 19 gjeld tilsvarende for oppbevaring i samband med skifte av dødsbu.

## Kapittel 9 Forvaltning, gebyr og straff

### § 36 *Våpenregister*

Politiet skal føre eit sentralt våpenregister over skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er

løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller § 7 og over personar som har løyve eller godkjenningar etter denne lova. Registeret skal også innehalde opplysningar over skytevåpen og våpendelar som er registreringspliktige etter § 5 tredje ledd eller § 6 tredje ledd og over personar som ervervar eller har slike gjenstandar.

Føremålet med registeret er å handsame opplysningar for å gjennomføre kontroll med at reglane i våpenlov og forskrift vert følgt samt å trygge ei forsvarleg våpenforvaltning.

Kongen gjev forskrift om:

1. kven som er behandlingsansvarleg,
2. kva for opplysningskategoriar som kan registrerast,
3. kven som har tilgang til opplysningane,
4. innsyn, retting, sperring og sletting av opplysningar,
5. informasjonstryggleik og internkontroll,
6. utlevering av opplysningar,
7. klagehandsaming.

Alle opplysningar frå sentralt våpenregister kan unnatakas frå offentlegheit når det er grunn til å tru at opplysningane vil kunne brukast til strafflagde handlingar.

### § 37 *Gebyr og utgifter*

Politiet kan krevje gebyr for å dekke våpenforvaltninga sine utgifter til å utferde løyve eller godkjenningar som er gjeve i eller i medhald av denne lova. Gebyret kan også omfatte naudsynte utgifter til sakkunnig bistand når sakshandsaminga krev særskilt fagdugleik.

### § 38 *Tilhøvet til forvaltingsloven*

Forvaltingsloven gjeld for saker etter denne lova. Politiet kan likevel krevje at personar stiller til intervju for å vurdere om vilkåra etter § 16 er oppfylte.

### § 39 *Straff*

Forsettleg eller aktaust brot på føresegner som er fastsett i eller i medhald av §§ 5, 6, 7, 8, 9, 18, 19, 20, 21, 22, 25, 26, 27, 28, 29, 34 eller § 35, vert straffa med bøter eller fengsel inntil tre månader, om forholdet ikkje kjem inn under strengare straffebod.

### § 40 *Tidsavgrensa våpenamnesti*

Kongen kan bestemme at det ikkje skal gjevast påtale for brot på kravet til løyve- eller registreringsplikt etter §§ 5, 6 eller § 7 for personar som innan eit tidsrom som Kongen bestemmer melder frå til politiet om at vedkomande har slike gjenstandar.

§ 41 *Forskrifter*

Kongen kan gje forskrift om mellom anna:

1. definisjon av våpen og gjenstandar som nemnt i denne lova,
2. lova sitt saklege verkeområde, medrekna reglar om når lova skal gjelde for ammunisjon som høyrer inn under Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap,
3. unnatak frå våpenlova for skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som skal brukast på boreplattformer, norske skip med vidare, jf. § 4,
4. krav til kontroll av ervervar sin identitet og våpenløyve ved distansehandel med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, jf. §§ 5, 6 og § 7,
5. sakshandsamingsreglar for søknad om løyve etter §§ 5, 6 og § 7, medrekna utferding av våpenkort og EU sitt våpenpass, kor lenge eit løyve til erverv etter §§ 5 og 6 gjeld for, samt unnatak frå løyveplikt etter § 7 første ledd,
6. kva ammunisjon som ikkje er tillaten etter § 7 tredje ledd nr. 3,
7. kor lenge eit løyve for erverv av ammunisjon kan gjelde for, jf. § 7 første ledd andre punktum,
8. kva våpen som ikkje er tillatne etter § 8,
9. kva endringar som nemnt i § 9 som krev løyve frå politiet,
10. vilkår for fritak etter § 10,
11. kva som reknast for særskilt behov for erverv av meir enn seks løyvepliktige skytevåpen til jakt, jf. § 11 første ledd, samt vilkår for fritak etter § 11 tredje ledd.
12. Vilkår for godkjenning av samleområde, jf. § 13 første ledd, samt vilkår for erverv av skytevåpen eller våpendelar etter § 13 andre ledd, medrekna krav til historisk eller våpenteknisk grunnlag,
13. ervervsgrunnlag etter § 14, samt krav til opplæring, kva våpentypar som kan ervervast og det tal løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar etter § 5 og § 6 som kan ervervast etter § 14.
14. Vilkår for fritak frå alderskravet i § 15 andre og tredje ledd, og om aldersgrense for å kunne erverve og ha nærare bestemte våpen som ikkje reknast for skytevåpen etter § 2,
15. kravet til at søkar må vere skikka etter § 16,
16. erverv av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til juridiske personar, medrekna krav til våpendugleik, jf. § 17,
17. kravet til vandel for juridiske personar, jf. § 17,
18. krav til overlating av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 18 fjerde ledd,
19. krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ikkje er løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller § 7, jf. § 19,
20. krav til mellombels oppbevaring, transport og sending av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 20,
21. krav til merking og registrering ved mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 21,
22. løyveplikt for inn- eller utførsel av våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ikkje er løyve- eller registreringspliktige etter §§ 5, 6 eller § 7, jf. § 21 og § 22,
23. sakshandsamingsreglar for søknad om løyve til inn- eller utførsel av våpen, skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 21 og § 22,
24. gjennomføring av § 23, medrekna kravet til løyve for næringsverksemd med gjenstandar som ikkje er løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller § 7, fritak frå kravet til løyve for godkjente skyttarorganisasjonar sitt sal av ammunisjon, reglar for bytte av dagleg leiar, reglar for overlating av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon mellom personar som har løyve etter § 23 og sakshandsamingsreglar for søknad om løyve,
25. merking etter § 26,
26. tekniske krav for deaktivering, samt reglar for kontroll med og dokumentasjon for at skytevåpen er deaktivert på lovleg måte, jf. § 27,
27. krav for godkjenning av skyttar- eller våpensamleforeiningar, samt vilkår for godkjenning av tekniske reglement og skyteprogram, jf. § 28,
28. politiet sin kontroll med tildelte løyve samt vilkår for å krevje tilkomst til privat bustad, jf. § 30,
29. vilkår for tilbakekall av løyve etter §§ 31 til 33 og pålegg om overlating av skytevåpen etter § 31 og § 32,
30. fastsetting av gebyr, jf. § 37,
31. tilhøvet til forvaltningslova, medrekna sakshandsamingsregler og reglar knytt til intervju, jf. § 38,
32. våpenamnesti, jf. § 40,
33. overgangsreglar etter § 43, medrekna krav ved avhending av skytevåpen som er lovleg deaktiverte før ikraftsetjing av lova her og reglar for gjennomføring av forboda mot skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som vert forbodne i medhald av § 5 andre ledd nr. 5, § 6 tredje ledd og § 41 nr. 6.

*§ 42 Ikraftsetjing*


Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Kongen kan setje i kraft dei ulike reglane til ulik tid. Frå same tid vert lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon mv. oppheva.

*§ 43 Overgangsreglar*

Forbodet mot halvautomatiske rifler etter § 5 andre ledd nr. 3 trer i kraft tre år etter ikraftsetjinga av denne lova.

Kongen kan gje nærare overgangsreglar.



Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Xpress AS – 09/2017

